

LENIN

UTVALGTE VERKER I 12 BIND



**Gjennom-
føringa av
Oktober-
revolusjonen**

**Oktober**

9

November (oktober) 1917 – April 1918

LENIN
Utvalgte verker i 12 bind
Band 9

Arbeidarar i alle land, gå saman!

LENIN
Utvalgte verker
i 12 bind
Band 9

Gjennomføringa av den
sosialistiske Oktoberrevolusjonen
25. oktober 1917—april 1918



FORLAGET OKTOBER A/S
OSLO 1978

LENIN: UTVALGTE VERKER I 12 BIND

Utgjeve i samsvar med 4. russiske utgåva
frå Marx-Engels-Lenin-instituttet
Moskva 1946

Band 9:

Gjennomføringa av den sosialistiske Oktoberrevolusjonen
25. oktober 1917 — april 1918

© Forlaget Oktober, Oslo 1978

1. opplag, juni 1978, 5 000
Prenta hjå A/S Duplotrykk, Oslo 1978

ISBN 82-7094-977-9

Lenins skrifter i dette bandet er omsette
etter den engelske teksten i Lenin:
Collected Works, Volumes 26 og 27
Moskva 1972 og 1974

INNHALD

FØREORD FRÅ FORLAGET	s.	9
DEN ANDRE ALLRUSSISKE KONGRESSEN TIL SOVJETA AV ARBEIDAR- OG SOL- DATREPRESENTANTAR		
25.—26. oktober (7.—8. november) 1917....	s.	10
1. Til arbeidarane, soldatane og bøndene!...	s.	10
2. Melding om fred 26. oktober (8. november).....	s.	12
Dekret om fred	s.	12.
3. Avslutningstale etter diskusjonen om meldinga om fred, 26. oktober (8. november).....	s.	17
4. Melding om jorda 26. oktober (8. november).....	s.	20
Dekret om jorda	s.	21
UTKAST TIL FØRESEGNER OM ARBEI- DARKONTROLL	s.	27
FRÅ SENTRALEKOMITEEN I RUSSLANDS SOSIALDEMOKRATISKE ARBEIDER- PARTI (BOLSJEVIKANE)		
<i>Til alle partimedlemmer og alle dei arbeidande klassane i Russland.....</i>		
	s.	29
ALLIANSEN MELLOM ARBEIDARANE OG DEI ARBEIDANDE OG UTBYTTA BØNDE- NE		
Eit brev til Pravda	s.	35

TESAR OM DEN GRUNNLOVGJEVANDE FORSAMLINGA.....	s. 38
UTKAST TIL DEKRET OM NASJONALISE- RING AV BANKANE OG OM NAUDSYNTE TILTAK FOR Å GJENNOMFØRA DET	s. 44
SPØRSMÅL TIL DELEGATANE PÅ HÆR- KONGRESSEN OM DEMOBILISERING AV HÆREN.....	s. 48
KORLEIS SKAL KONKURRANSEN ORGA- NISERAST?.....	s. 50
FRÅSEGN OM RETTANE TIL DET ARBEI- DANDE OG UTBYTTA FOLKET	s. 62
UTKAST TIL DEKRET OM OPPLØYSING AV DEN GRUNNLOVGJEVANDE FORSAM- LINGA.....	s. 66
TESAR OM SPØRSMÅLET OM Å GÅ INN I EIN SEPARAT ANNEKSJONISTISK FRED STRAKS.....	s. 69
DET SOSIALISTISKE FEDRELANDET ER I FARE!	s. 79
UNDERLEG OG UHYRLEG	s. 82
PÅ EIT SAKLEG GRUNNLAG	s. 92
EIN ALVORLEG LÆRDOM OG EIT ALVORLEG ANSVAR	s. 95
DEN EKSTRAORDINÆRE SJUANDE KON- GRESSEN I RKP(b) 6.—8. MARS 1918.....	102
Politisk melding frå sentralkomiteen 7.mars. . .	s. 102
HOVUDOPPGÅVA I VÅRE DAGAR	s. 128
DEI NÆRASTE OPPGÅVENE FOR SOVJET- MAKTA.....	s. 134
Den internasjonale stillinga til Den russiske	

sovjetrepublikken og dei grunnleggjande

oppgåvene for den sosialistiske

revolusjonen s. 133

Den allmenne parolen nett no s. 138

Den nye fasen i kampen mot borgarskapet . s. 140

Kva kampen for landsomfattande

rekneskapsførsel og kontroll tyder s. 150

Å auka arbeidsproduktiviteten s. 154

Organiseringa av konkurransen s. 157

«Harmonisk organisering» og diktatur. . . . s. 161

Utviklinga av sovjetorganiseringa. s. 172

Konklusjon s. 176

NOTAR s. 181

PERSONREGISTER s. 196

FØREORD FRÅ FORLAGET

Denne boka er eit band i Lenin-serien *Utvalgte verker i 12 bind* frå Forlaget Oktober.

Dette bandet går inn som nummer 9 i serien. Saman med banda 7 og 8 tek det for seg perioden frå april 1917 til april 1918, dvs. tida for førebuinga til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen og gjennomføringa av han.

Dette bandet inneheld talar og artiklar av Lenin frå 25. oktober 1917 då den sosialistiske revolusjonen tok til og fram til april 1918.

Utvalet i dette bandet og i serien som heilskap svarar til det som vart laga ved Marx-Engels-Lenin-instituttet under rettleiing av Stalin fyrst i 1930-åra. Den utgåva vi gjev ut no, fylgjer den 4. russiske utgåva frå 1946.

Notane og personregisteret bak i boka står forlaget til svars for. Når det gjeld notane nedst på sidene er Lenins egne ført opp utan signatur medan notane frå forlaget er merkte med. — *Red.*

DEN ANDRE ALLRUSSISKE KONGRESSEN TIL SOVJETA AV ARBEIDAR- OG SOLDAT- REPRESENTANTAR¹

25.—26. oktober (7.—8. november) 1917

1.

TIL ARBEIDARANE, SOLDATANE OG BØNDENE!

Den andre allrussiske kongressen til sovjeta av arbeidar- og soldatrepresentantar er opna. Eit overveldande fleirtal av sovjeta er representerte på kongressen. Ei rekkje delegatar frå bondesovjeta er og til stades. Fullmaktene til den kompromissvillige sentrale eksekutivkomiteen² har gått ut. Med stønad i viljen til det store fleirtalet av arbeidarane, soldatane og bøndene, med stønad i den sigerrike oppstanden som arbeidarane og garnisonen i Petrograd har gjennomført, tek kongressen no makta i sine eigne hender.

Den provisoriske regjeringa er styrta. Fleirtalet av medlemene i den provisoriske regjeringa er alt arresterte.

Sovjetregjeringa vil koma med framlegg om ein demokratisk fred straks til alle nasjonar, og om våpenkvile straks på alle frontar. Ho vil sikra at jorda til godseigarane, krona og klostra vert overførte til bondekomiteane utan vederlag. Ho vil verna rettane til soldatane med å innføra fullstendig demokrati i hæren. Ho vil innføra arbeidarkontroll over produksjonen. Ho vil sikra at Den grunnlovgjevande forsamlinga vert kalla saman til fastsett tid. Ho vil syta for at byane får forsyningar av brød, og at landsbyane får forsyningar av det

mest naudsynte. Ho vil garantera at alle nasjonane som bur i Russland får verkeleg sjølvråderett.

Kongressen kunngjer: All makt lokalt skal gå over til sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar, som må garantera ekte revolusjonær orden.

Kongressen oppmodar soldatane i skyttargravene om å vera på vakt og stå fast. Sovjetkongressen er overtydd om at den revolusjonære hæren vil vera i stand til å verja revolusjonen imot alle åtak frå imperialismen inntil den tida då den nye regjeringa lykkast i å få i stand ein demokratisk fred, som ho vil gjera beinveges framlegg om til alle folk. Den nye regjeringa vil gjera alt for å syta for fulle tilførselar til den revolusjonære hæren med hjelp av ein fast politikk med rekvireringar og skattlegging av eigarklassane. Ho vil og forbetra vilkåra for soldatfamiliane.

Kornilov-folka* — Kerenski, Kaledin og andre — freistar å senda troppar mot Petrograd. Fleire avdelingar som Kerenski hadde sett i rørsle ved å føra dei bak lyset, har gått over på sida til folket i oppreist.

Soldatar, gjer aktiv motstand mot Kornilov-tilhengjaren Kerenski! Ver på vakt!

Jarnbanearbeidarar, stans alle troppetog som Kerenski sender mot Petrograd!

Soldatar, arbeidarar i fabrikk og kontor, lagnaden til revolusjonen og lagnaden til den demokratiske freden ligg i dykkar hender!

Lenge leve revolusjonen!

*Den allrussiske kongressen til sovjeta av
arbeidar- og soldatrepresentantar
Delegatane frå bondesovjeta*

Prenta i avisa *Rabotsji i soldat* nr. 9
26. oktober (8. november) 1917

Prenta i samsvar
med avisteksten

* *Kornilov-folka* — tilhengjarar av den mislykka reaksjonære oppstanden mot revolusjonen i august 1917 under leiding av general Kornilov. — *Red.*

2.

MELDING OM FRED, 26. OKTOBER (8. NOVEMBER).

Spørsmålet om fred er eit brennande spørsmål, det er det pinefulle spørsmålet i dag. Mykje er sagt og skrive om dette emnet, og de har alle utan tvil diskutert det ein god del. Lat meg difor få lov til å gå over til å lesa ei kunngjering som den regjeringa de vel bør senda ut.

Dekret om fred

Arbeidar- og bonderegjeringa som vart skapt med revolusjonen 24.—25. oktober og grunnar seg på sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar, oppmodar alle dei krigførande folka og regjeringane deira om å starta tingingar straks om ein rettferdig, demokratisk fred.

Det overveldande fleirtal av arbeidarklassen og det arbeidande folket elles i alle dei krigførande landa³ er utslitne, plaga og pinte av krigen, og dei lengtar etter ein rettferdig og demokratisk fred — ein fred som dei russiske arbeidarane og bøndene har kravd på det klåraste og mest innstendige heilt sidan tsarmonarkiet vart styrta. Med ein slik fred meiner regjeringa fred straks utan anneksjonar (dvs. utan å eigna til seg framande land, utan å innlema framande nasjonar med makt), og utan skadebøter.

Russlands regjering gjer framlegg om at alle dei krigførande nasjonane skal slutta ein slik fred straks, og ho seier frå om at ho er klår til å ta alle dei resolute tiltaka no, utan den minste utsetjing, inntil dei ansvarlege forsamlingane av folkerepresentantane i alle land og alle nasjonar endeleg ratifiserer* alle vilkåra for ein slik fred.

* *Ratifisera* — lat., stadfesta, samtykkja, godkjenna. — *Red.*

Med å annektera eller eigna til seg framand land meiner regjeringa — i samsvar med rettferdskjensla mellom demokratar allment og i dei arbeidande klassane særskilt — all innleming av ein liten eller svak nasjon i ein stor eller mektig stat utan at denne nasjonen tydeleg, klårt og frivillig har uttrykt samtykke og ynskje om det, utan omsyn til kva tid ei slik tvungen innleming gjekk føre seg, utan omsyn til kor langt utvikla eller tilbakeliggjande den nasjonen er som med tvang vart innlema i ein annan stat eller vert halden innanfor grensene til ein annan stat med tvang og — endeleg — utan omsyn til om denne nasjonen er i Europa eller i fjerne oversjøiske land.

Dersom nokon nasjon i det heile vert halden innan grensene til ein annan stat med makt, dersom han trass i det uttrykte ynsket sitt — same om det kjem til uttrykk i pressa, på offentlege møte, i vedtak frå parti eller i protestar og oppstandar mot nasjonal undertrykking — ikkje får rett til å avgjera kva former han skal eksistera i som stat gjennom ei fri røysting som vert halden etter at troppane frå den nasjonen som vil innlema den andre, eller allment sagt er sterkare, er dregne heilt attende og det ikkje er nytta det minste press, då er ei slik innleming anneksjon, dvs. landevinning med makt og valdsferd.

Regjeringa ser det som det største brotsverket mot menneskeætta å halda fram med denne krigen over spørsmålet om korleis dei sterke og rike nasjonane skal dela mellom seg dei svake nasjonalitetane dei har hærteke, og ho kunngjer høgtideleg at ho er fast meint på straks å skriva under på fredsvilkår som stansar denne krigen på dei vilkåra som er nemnde, og som er like rettferdige for alle nasjonalitetar utan unntak.

Til same tid kunngjer regjeringa at ho ikkje ser dei nemnde fredsvilkåra som noko ultimatum. Ho er med andre ord budd på å vurdera kva fredsvilkår som helst, og held berre fast på at dei må leggjast fram av eit av dei krigførande landa så snøgt som råd, og at freds-

framlegga skal vera fullstendig klåre og frie for alt tve-tydig og løynt.

Regjeringa avskaffar løynleg diplomati og vil for sin del kunngjera at ho er fast meint på å føra alle tingingar heilt ope og slik at heile folket kan fylgja dei. Ho vil straks gå i gang med å offentleggjera fullstendig dei løynlege traktatane som godseigar- og kapitalist-regjeringa skreiv under på eller slutta frå februar til 25. oktober 1917. Regjeringa kunngjer at ho utan vil-kår og straks annullerar alt som står i desse løynlege traktatane, i den mon dei tek sikte på — slik dei for det meste gjer — å tryggja føremoner og privilegiar for dei russiske godseigarane og kapitalistane og halda på eller utvida dei anneksjonane storrussarane har gjort.

Idet regjeringa gjer framlegg til regjeringane og folka i alle land om å ta til med opne fredstingingar straks, vil ho for sin del gje uttrykk for at ho er klår til å føra desse tingingane skriftleg, over telegraf og gjennom tingingar mellom representantar frå dei ulike landa eller på ein konferanse av slike representantar. For å gjera slike tingingar lettare nemner regjeringa opp ein representant med uavgrensa fullmakter til nøytrale land.

Regjeringa gjer framlegg om våpenstillstand straks til regjeringane og folka i alle dei krigførande landa, og ser det for sin del ynskjeleg at dette våpenstillstandet skal gjelda for ein periode på minst tre månader, dvs. ein periode som er lang nok til å tillata at fredstingingane vert førte til endes med deltaking frå representantar for alle folk eller nasjonar utan unntak som har vore blanda inn i eller vorte tvinga til å ta del i krigen, og lang nok til å kalla saman ansvarlege forsamlingar av representantar for folka i alle land for å ratifisera freds-vilkåra endeleg.

Medan den provisoriske arbeidar- og bonderegjerin-ga i Russland sender dette fredsframlegget til regjerin-gane og folka i alle dei krigførande landa, vil ho òg ap-pellera særskilt til dei klassemedvitne arbeidarane i dei tre mest framskridne nasjonane i menneskeætta og dei

største statane som tek del i den noverande krigen, nemleg Storbritannia, Frankrike og Tyskland. Arbeidarane i desse landa har gjeve svært store tilskot til framgangen og sosialismen si sak. Dei har gjeve dei store føredøma frå chartistrørsla i England⁴, fleire historisk viktige revolusjonar som det franske proletariatet har sett i verk og til sist den heltemodige kampen mot anti-sosialistlova⁵ i Tyskland og det langvarige, uthaldande og disiplinerte arbeidet med å skipa proletariske masseorganisasjonar i Tyskland, eit arbeid som tener som føredøme for arbeidarane i heile verda. Alle desse døma på proletarisk heltemot og historisk skapande arbeid står som eit pant for at arbeidarane i dei nemnde landa vil forstå den plikta dei no står andsynes for å berga menneskeætta frå redslene i krigen og fylgjene av han. Dei står som eit pant for at desse arbeidarane med vidfemnande, målretta og overlag kraftig handling vil hjelpa oss å slutta fred med godt resultat, og på same tid frigjera dei arbeidande og utbytta massane i folkesetnaden vår frå alle former for slaveri og alle former for utbytting.

Arbeidar- og bonderegjeringa som vart skapt gjennom revolusjonen 24.—25. oktober og som grunnar seg på stønaden frå sovjeta av arbeidar- soldat- og bonde-representantar, må straks ta til med fredstingingar. Oppropet vårt må rettast både til regjeringane og til folka. Vi kan ikkje oversjå regjeringane, for det vil utsetja ein mogleg fred, og folkeregjeringa vågar ikkje gjera det. Men vi har ingen rett til ikkje å venda oss til folka samstundes. Det er skilnader mellom regjeringane og folka overalt, og difor må vi hjelpa folka å gripa inn i spørsmåla om krig og fred. Vi vil sjølv sagt stå hardt på heile programmet vårt om ein fred utan anneksjonar og skadebøter. Vi skal ikkje gå bort ifrå det. Men vi må ikkje gje fiendane våre eit høve til å seia at vilkåra deira er andre enn våre, og at det difor er nyttelaust å ta til å tinnga med oss. Nei, vi må hindra at dei får eit utgangs-

punkt som gjev dei slike føremoner, og ikkje leggja fram vilkåra våre i ultimatus form. Difor er det punktet teke med at vi er villige til å vurdera alle fredsvilkår og alle framlegg. Vi skal vurdera dei, men det treng ikkje naudsynleg tyda at vi skal godta dei. Vi skal leggja dei fram til vurdering i Den grunnlovgevande forsamlinga, som vil ha makt til å avgjera kva for vedgåingar vi kan gjera og kva vi ikkje kan gå med på. Vi strir imot den svikeyfulle framferda til regjeringar som talar vakkert om fred og rettferd, men i praksis fører anneksons- og røvarkrigar. Inga regjering vil seia alt ho tenkjer. Men vi går imot alt løynleg diplomati og vil handla ope framfor alt folket. Vi let ikkje att augo for vanskane og har aldri gjort det. Krigen kan ikkje ta slutt med at nokon nektar å vera med. Han kan ikkje stansast frå ei side. Vi gjer framlegg om våpenstillstand i tre månader, men vi skal ikkje avvise eit kortare tidsrom slik at den utslitne hæren får pusta fritt om det berre er for ei lita stund. Dessutan må nasjonalforsamlingane i alle dei siviliserte landa kallast saman for å diskutera vilkåra.

Når vi gjer framlegg om våpenstillstand straks, vender vi oss til dei klassemedvitne arbeidarane i dei landa som har gjort så mykje for å utvikla den proletariske rørsle. Vi vender oss til arbeidarane i Storbritannia der chartistrørsle stod fram, til arbeidarane i Frankrike som har synt styrken i klassemedvitet sitt gjennom fleire oppstandar, og til arbeidarane i Tyskland som førte kampen mot anti-sosialistlova og har skapt sterke organisasjonar.

I fråsegna vår 14. mars⁶ oppmoda vi om å styrta bankierane, men langt ifrå å styrta våre eigne bankierar gjekk vi i allianse med dei. No har vi styrta regjeringa til bankierane.

Regjeringane og borgarskapet vil gjera kva dei kan for å sameina kreftene sine og drukna revolusjonen til arbeidarane og bøndene i blod. Men dei tre krigsåra har gjeve massane god lærdom: sovjetrørsle i andre land og mytteriet i den tyske flåten, som vart knust av

offiserskadettane til bøddelen Wilhelm⁷. Til sist må vi hugsa at vi ikkje lever i det indre av Afrika, men i Europa, der nyhende vert fort kjende.

Arbeidarrørsla vil sigra, og ho vil bana vegen for fred og sosialisme. (*Lang applaus.*)

Izvestia nr. 208

27.oktober (9.november) 1917

og i *Pravda* nr. 171

28. oktober (10. november) 1917

Meldinga prenta i

samsvar med

Pravda-teksten,

Dekretet prenta i

samsvar med

Izvestia-teksten

3.

AVSLUTNINGSTALE ETTER DISKUSJONEN OM MELDINGA OM FRED 26. OKTOBER (8. NOVEMBER)

Eg skal ikkje koma inn på den allmenne karakteren fråsegna har. Regjeringa som kongressen dykkar set ned, vil kanhende forbedra nokre uvesentlege punkt.

Eg vil gå hardt imot å gje fredskravet vårt ultimatus form. Eit ultimatum kan syna seg å verta drepan- de for heile saka vår. Vi kan ikkje stilla eit slikt krav, si- dan eit eller anna uvesentleg avvik frå krava våre frå dei imperialistiske regjeringane si side, ville gje dei høve til å seia at det var umogleg å gå inn i fredstingingar fordi vi var så uforsonlege.

Vi skal senda ut appellen vår overalt, og han skal gje- rast kjend for alle. Det vil verta umogleg å halda løynt dei vilkåra arbeidar- og bonderegjeringa vår har gjort framlegg om.

Det vil verta uråd å teia i hel arbeidar- og bonde- revolusjonen vår, som har styrta regjeringa til bankie- rane og godseigarane.

Regjeringane vil kanhende ikkje svara på eit ultima- tum. Men dei må svara på teksten slik vi har forma han ut. Lat alle få vita kva regjeringane deira meiner. Vi yn-

skjer ingen løyndomar. Vi ynskjer at ei regjering alltid skal liggja under tilsyn av folkemeininga i landet.

Kva vil bonden i ein eller annan avsidesliggjande provins seia dersom han, av di vi har gått hardt inn for eit ultimatum, ikkje får vita kva ei anna regjering ynskjer? Han vil seia: Kameratar, kvifor let de ikkje framlegg om kva fredsvilkår som helst koma i vurdering? Eg ville ha diskutert dei, eg ville ha gått igjennom dei, og så ville eg ha gjeve instruksar til representantane mine i Den grunnlovgevande forsamlinga om korleis dei skulle gå fram. Eg er budd på å kjempa med revolusjonære metodar for rettferdige vilkår dersom regjeringane ikkje er samde, men det kan stillast slike vilkår for sume land at eg ville vera budd på å rå regjeringane der til å halda fram å kjempa for seg sjølve. Å gjera ideane våre til røyndom fullt ut, avheng einast av at heile det kapitalistiske systemet vert feia over ende. Dette er det bonden kan koma til å seia til oss, og han vil skulda oss for å syna altfor liten kompromissvilje om småting, når hovudsaka for oss er å få synt fram all låkskapen og falskleiken til borgarskapet og deira kronte og ukronte bødlar i brodden for regjeringa.

Vi skal ikkje og må ikkje gje regjeringane høve til å søkja livd bak ei kompromisslaus haldning frå oss og løyna for folka årsakene til at dei vert sende til slaktehuset. Dette er ein liten drope, men vi skal ikkje og må ikkje gje avkall på denne dropen, som vil hola ut steinen av borgarleg erobringspolitikk. Eit ultimatum ville gjera stillinga lettare for motmennene våre. Men vi skal gjera alle vilkåra kjende for folket. Vi skal stilla alle regjeringane andsynes vilkåra våre, og la dei gje svar til folket sitt. Vi skal senda alle fredsframlegga over til avgjerd i Den grunnlovgevande forsamlinga.

Det er og eit anna spørsmål, kameratar, som de må vera særskild merksame på. Dei løynelege traktatane må offentleggjerast. Dei paragrafane som gjeld anneksonar og skadebøter må opphevast. Her finst det ulike paragrafar, kameratar, for røvarregjeringane, veit de,

gjorde ikkje berre avtalar med kvarandre om plyndring, men og økonomiske avtalar og ymse andre paragrafar som gjeld gode grannetilhøve.

Vi skal ikkje la oss binda av traktatar. Vi skal ikkje la oss verta vikla inn i traktatar. Vi avviser alle paragrafar om plyndring og vald, men vi vil helsa velkomen alle paragrafar som inneheld vilkåra for gode grannetilhøve og alle økonomiske avtalar, vi kan ikkje avvisa dei. Vi gjer framlegg om våpenstillstand i tre månader. Vi vel ein lengre periode av di folka er utslitne og lengtar mot ein stans i denne blodige nedslaktinga som har vart i over tre år. Vi må innsjå at folka må få eit høve til å diskutera fredsvilkåra og uttrykkja viljen sin, med deltaking frå parlamenta, og slikt tek tid. Vi krev eit lengre våpenstillstand, slik at soldatane i skyttargravene kan få gle seg over ein stans i dette marerittet av stendig nedslakting. Men vi vil ikkje avvisa framlegg om eit kortare våpenstillstand. Vi vil gå igjennom dei, og det er vår plikt å godta dei, jamvel om det er eit våpenstillstand på ein eller ein og ein halv månad vi vert bydde. Heller ikkje framlegget vårt om våpenstillstand må ha ultimatus form, for vi skal ikkje gje fiendane våre høve til å løyna heile sanninga for folka og nytta det at vi er uforsonlege som orsaking for seg. Det må ikkje få ultimatus form, for ei regjering som ikkje ynskjer våpenstillstand er kriminell. Dersom vi ikkje legg framlegget vårt om våpenstillstand fram i ultimatus form, vil vi såleis syna folka at regjeringane er kriminelle, og folka vil ikkje vera nådige med slike kriminelle. Det vert innvendt at vi legg for dagen veikskap dersom vi ikkje nyttar ultimatus form. Men tida er no inne til å leggja alt borgarleg tullpreik om styrken til folket til side. Slik borgarskapet ser det, er det styrke når folket lyder dei imperialistiske regjeringane og går blindt til slaktebenken. Borgarskapet går berre med på at ein stat er sterk når han — med hjelp av makta til regjeringsapparatet — kan senda folket kvar som helst dei borgarlege herskarane ynskjer å senda dei. Vi har andre idear om

styrke. Vi tenkjer oss at staten er sterk når folket er politisk medvite. Han er sterk når folket veit alt, kan gjera seg opp ei meining om alt og gjera alt medvite. Vi treng ikkje vera redde for å seia sanninga om trøytteleiken, for kva for stat er ikkje utsliten i dag, og kva for nasjon er det som ikkje talar ope om det? Berre ta Italia, der det på grunn av denne trøytteleiken kom ei langvarig revolusjonær rørsle som kravde ein slutt på slaktinga. Demonstrerer ikkje arbeidarar i Tyskland i mengder for kravet om å få slutt på krigen? Var det ikkje trøytteleiken som valda mytteriet i den tyske flåten som vart så omsynsløst slege ned av boddelen Wilhelm og leigesveinane hans? Dersom noko slikt er mogleg i eit så disiplinert land som Tyskland, der dei tek til å tala om trøytteleik og om å få ein ende på krigen, då treng ikkje vi vera redde for å seia det same ope. For dette er sanninga. Det er like sant både i landet vårt og i alle dei krigførande landa, og jamvel i dei landa som ikkje er med i krigføringa.

Pravda nr. 171

28. oktober (10. november) 1917

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten

4.

MELDING OM JORDA

26. OKTOBER (8. NOVEMBER)

Vi står fast på at revolusjonen har prova og synt kor viktig det er å stilla jordspørsmålet klårt. Når den væpna oppstanden, den andre revolusjonen, Oktober-revolusjonen, braut ut, provar det klårt at jorda må gjevast over til bøndene. Regjeringa som er styrta og kompromisspartia, mensjevikaner⁸ og dei sosialrevolusjonære⁹, gjorde eit brotsverk då dei stendig nytta ymse slag orsakingar for å utsetja å løysa jordspørsmålet, og med det førte landet opp i økonomisk kaos og bondeopprør. Snakket deira om oppløp og anarki på landsbygda lyder falskt, feigt og sveikefullt. Når og kvar har

kloke tiltak provosert fram opplau og anarki? Dersom regjeringa hadde handla klokt, og dersom dei hadde sett i verk dei tiltaka dei fattige bøndene trong, ville det då ha vore uro mellom bondemassane? Men alle tiltaka frå regjeringa, som sovjeta til Avksentjev og Dan godkjende, gjekk imot interessene til bøndene og tvinga dei til opprør.

Etter at regjeringa hadde provosert fram opprøret, skreik dei ende over seg om opplau og anarki, som dei sjølve hadde ansvaret for. Dei skulle til å knusa opprøret med blod og jarn, men vart sjølve feia til sides av den væpna oppstanden til dei revolusjonære soldatane, matrosane og arbeidarane. Fremste plikta for regjeringa til arbeidar- og bonderevolusjonen må vera å løysa jordspørsmålet, slik at dei store massane av fattige bønder kan falla til ro og verta tilfredse. Eg skal lesa opp for dykk paragrafane i eit dekret sovjet-regjeringa dykkar må senda ut. Ein av desse paragrafane inneheld mandatet til jordkomiteane. Det er forma ut på grunnlag av 242 mandat frå lokale sovjet av bonderepresentantar.

Dekret om jorda

1) Eigedom retten godseigarane har til jorda er frå no av avskaffa utan noka godtgjersle.

2) Godseigedomane, så vel som krongodsa, kloster- og kyrkjegodsa, skal med all buskap, alle reiskaper, bygningar og alt som høyrer til, stillast under rådveldet til jordkomiteane i volost'a* og sovjeta av bonderepresentantar i ujest'a*, inntil Den grunnlovgjevande forsamlinga har kome saman.

3) All skade på konfiskert eigedom, som heretter høyrer heile folket til, skal ein sjå som eit alvorleg brotsverk, og det skal straffast av dei revolusjonære

* *Volost, ujest* — Russiske administrative einingar; regionar, kommunar. — *Red.*

domstolane. Sovjeta av bonderepresentantar i ujest'a skal setja i verk alle naudsynnte tiltak for å sikra at den strengaste orden vert fylgd under konfiskeringa av godseigedomane, for å avgjera kor store eigedomar og kva for særskilde eigedomar som skal konfiskerast for å setja opp nøyaktige lister over all konfiskert eigedom og verna på strengaste revolusjonært vis alle landbruksføretak som er overførte til folket, med alle bygningar, reiskaper, buskap, lager av jordbruksvarer osb.

4) Det mandatet frå bøndene som fylgjer nedanfor er sett saman av avisa *Izvestia Vserossiiskogo Sovjeta Krestjanski Deputatov*¹⁰ frå 242 lokale bondemandat, og offentleggjort i nr. 88 av avisa (Petrograd, nr. 88 for 19. august 1917). Det skal tena som rettesnor for gjennomføringa av dei store jordreformene overalt inn-til Den grunnlovgjevande forsamlinga har teke ei endeleg avgjerd om reformene.

Mandat frå bøndene om jorda.

«Jordspørsmålet kan berre løysast i si fulle breidde av den folkevalde grunnlovgjevande forsamlinga.

Den mest rettvise løysinga på jordspørsmålet vil vera den følgjande:

1) *Den private eigedomsretten til jorda skal opphevast for alltid.* Jord kan ikkje seljast, kjøpast, bygslast, pantsetjast eller avhendast på annan måte.

All jord, om ho er ått av stat, krone, kloster, kyrkje, fabrikkar, om ho er arveleg gods, privat, offentleg, bondejord osb., skal konfiskerast utan vederlag. Ho skal verta eigedomen til heile folket og gå over i bruken til alle dei som dyrkar henne.

Folk som lid skade av denne revolusjonen i eigedomstilhøva, skal ha rett til offentleg stønad berre i den tida dei treng for å tilpassa seg til dei nye livsvilkåra.

2) Alle mineralrikdomar — malm, olje, kol, salt

osb., til liks med alle skogar og vassdrag av nasjonal verdi, skal gå over til staten som aleine skal ha bruksretten. Alle mindre elvar, innsjøar, skogar osb. skal gå over til bruk for kommunane og administrerast av dei lokale sjølvstyreorganane.

3) Jord der det vert drive *høgt utvikla vitskapleg* jordbruk — frukthagar, plantasjar, frøgardar, planteskular, drivhus osb. — *skal ikkje delast opp, men gjerast om til mønsterbruk*. Bruksretten over dei skal eine og aleine gå over til staten eller kommunane, alt etter kor store og viktige eigedomane er.

Jord til hushaldningsbruk i byar og landsbyar, med frukthagar og grønsakhagar, skal reserverast til bruk for dei som no eig ho. Storleiken på eigedomane og kor mykje skatt som skal leggjast på bruken av dei, skal fastsetjast med lov.

4) Hestealsgardar, statlege og private fealsgardar og hønseri osb., skal konfiskerast og verta eigedomen til heile folket. Bruksretten over dei skal eine og aleine gå over til staten eller ein kommune, alt etter kor store og viktige eigedomane er.

Spørsmålet om godtgjersle skal avgjerast av Den grunnlovgjevande forsamlinga.

5) Bruksretten over buskap og reiskaper på dei konfiskerte eigedomane skal eine og aleine gå over til staten eller ein kommune, alt etter kor store og viktige dei er, og inga godtgjersle skal betaltast for dette.

Reiskapen til bønder med lite jord skal ikkje konfiskerast.

6) Alle innbyggjarar i den russiske staten (utan omsyn til kjønn) som ynskjer å dyrka jorda med sitt eige arbeid, med hjelp av familiane sine eller i felleskap, skal ha rett til å bruka jorda, men berre så lenge dei er i stand til å dyrka henne. Bruk av leigd arbeidskraft er ikkje tillate.

I fall ein medlem av ein landsbykommune er fysisk ute av stand til å arbeida i ei tid på opp til to år, har landsbykommunen plikt på seg til å hjelpa han i denne tida med å dyrka jorda hans i fellesskap inntil han er god for å arbeida att.

Bønder som på grunn av alderdom eller dårleg helse er varig uføre og ute av stand til å dyrka jorda sjølv, skal mista retten til å bruka henne, men skal til gjengjeld få ein pensjon frå staten.

7) Bruken av jorda må ha grunnlaget sitt i likskap, dvs. jorda skal fordelast mellom det arbeidande folket i samsvar med ein arbeidsstandard* eller ein eksistensstandard**, alt etter lokale tilhøve.

Det skal ikkje i det heile setjast nokre grenser for kva for former bruken av jorda kan ta. Det kan vera einskilte hushald, einskilte gardar, kommunal eller kooperativ bruk av jorda — alt etter kva kvar einskild landsby eller grend avgjer.

8) All jord som vert konfiskert, skal gå inn i det nasjonale jordfondet. Dei lokale og sentrale sjølvstyreorgana skal stå for fordelinga av jord mellom bøndene, frå demokratisk organiserte landsby- og bykommunar der det ikkje finst sosiale rangskilje, til sentrale styringsorgan på regionplanet.

Jordfondet skal omfordelast med jamne mellomrom, alt etter veksten i folketalet, auken i produktiviteten og det vitskaplege nivået i jordbruket.

Når parsellgrensene vert endra, skal den opphavelege kjernen i parsellen haldast uendra.

Jorda til medlemmer som forlet kommunen skal gå attende til jordfondet. Nære slektningar til dei

* *Arbeidsstandard* — den jordmengda ein einskild eigar kan driva utan hjelp frå andre. — *Red.*

** *Eksistensstandard* — det minimum av jord som må til for å fø ein familie. — *Red.*

som har drege bort eller folk dei har peika ut, skal ha fyrsteretten til slik jord.

Kostnader til gjødsel og jordforbetring skal godtgjerast i den mon dei ikkje har vorte fullt utnytta innan parsellen vert gjeven attende til jordfondet.

Skulle det jordfondet som er tilgjengeleg i eit visst område ikkje rekkja til for å dekkja det folkesetnaden i området treng, må overskotet av folk busetja seg ein annan stad.

Staten skal stå for å organisera den nye busettinga og skal dekkja kostnadene med henne, så vel som kostnadene med forsyninga av reiskapar m.v.

Omflytting skal skje i fylgjande rekkjefylgje: Jordlause bønder som ynskjer å flytta, så medlemmer av kommunen som har synt uynskt framferd, desertørar osb. og endeleg ved at det vert drege lodd eller gjort avtale.»

Heile innhaldet i dette mandatet som uttrykkjer den absolutte viljen til det overveldande fleirtalet av dei klassemedvitne bøndene i heile Russland, er kunngjort som provisorisk lov, og inntil Den grunnlovgevande forsamlinga er kalla saman skal ho setjast i verk straks så langt det er mogleg. Når det gjeld sume av føresegnene, skal dei setjast i verk steg for steg slik sovjeta av bonderepresentantar i ujest'a fastset.

5) Jorda til vanlege bønder og vanlege kosakkar* skal ikkje konfiskerast.

Det har lyfta seg røyster her om at sjølvde dekrete og mandatet vart forma ut av dei sosialrevolusjonære. Kva så? Har det noko å seia kven som forma det ut? Som ei

* *Kosakkar* — folkeslag i Ukraina og Kaukasus som kjempa mot tsarveldet og alle freistnader på å undertrykkja dei. Dei hadde ikkje faste busetnader, men flakka omkring. — *Red.*

demokratisk regjering kan vi ikkje sjå bort ifrå avgjerdene til folkemassane, jamvel om vi skulle vera usamde i dei. Gjennom røynsle, når bøndene skal nytta dekretet i praksis og setja det ut i livet lokalt, vil dei sjølv skjønna kvar sanninga ligg. Og jamvel om bøndene held fram å fylgja dei sosialrevolusjonære, jamvel om dei gjev dette partiet eit fleirtal i Den grunnlov-gjevande forsamlinga, så skal vi framleis seia: Kva så? Røynsla er den beste læraren, og ho vil syna kven som har rett. Lat bøndene løysa dette problemet frå ein kant, så skal vi løysa det frå den andre. Røynsla vil tvinga oss til å dra saman i den store straumen av revolusjonært skapande arbeid — i utforming av nye statsformer. Vi må la røynsla peika ut retninga, vi må la dei skapande evnene til massane få full fridom. Den gamle regjeringa som vart styrta gjennom væpna oppstand, ynskte å løysa jordproblemet med hjelp av det gamle, uforandra tsarbyråkratiet. Men i staden for å løysa problemet gjorde ikkje byråkratiet anna enn å slåst mot bøndene. Bøndene har lært noko dei åtte månadene revolusjonen vår har vart: Dei ynskjer å løysa alle jordspørsmåla sjølv. Vi går difor imot alle endringar i dette lovutkastet. Vi ynskjer ingen detaljar i det, for vi skriv eit dekret, ikkje eit handlingsprogram. Russland er vidt, og dei lokale tilhøva varierer. Vi lit difor på at bøndene sjølv vil vera i stand til å løysa problemet korrekt og skikkeleg, betre enn vi kunne gjera det. Om dei gjer det i vår ånd eller i ånda til det sosialrevolusjonære programmet er ikkje poenget. Poenget er at bøndene skal vera fullt ut sikre på at det ikkje lenger finst godseigarar på landsbygda, at dei sjølv må avgjera alle spørsmål, og at dei sjølv må ordna sine eigne liv. (*Høglydt applaus.*)

Izvestia nr. 209 og
Pravda nr. 171
 28. oktober
 (10. november) 1917

Meldinga prenta i samsvar
 med *Pravda*-teksten,
 Dekretet prenta i samsvar
 med *Izvestia*-teksten

UTKAST TIL FØRE- SEGNER OM ARBEIDARKONTROLL¹¹

1. *Arbeidarkontroll* over produksjon, lagring, kjøp og sal av alle produkt og råmaterial skal innførast i alle industri-, forretnings-, bank-, landbruks- og andre føretak som sysselset over 5 arbeidarar og funksjonærar (til saman), eller har ei årsomsetning på over 10 000 rublar.

2. Arbeidarkontroll skal utøvast av alle arbeidarar og funksjonærar i eit føretak, anten beinveges, dersom føretaket er så lite at det let seg gjera, eller gjennom valde representantar, som skal veljast *straks* på allmøte. Det skal førast protokoll over valet, og namna på dei som er valde skal sendast over til regjeringa og til dei lokale sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar.

3. Utan at dei valde representantane for arbeidarane og funksjonærane gjev løyve til det, er det strengt forbode å stansa arbeidet i eit føretak eller ei industriverksemd som er viktig for landet (jfr. pkt. 7), eller å leggja om drifta på nokon måte.

4. Dei valde representantane skal ha tilgjenge til *alle* bøker og dokument, og til *alle* lagerbygningar og forråd av materiale, reiskapar og produkt, utan unntak.

5. Avgjerdene til dei valde representantane for arbeidarane og funksjonærane er bindande for eigarane av føretaka, og dei kan berre opphevast av fagforeiningane og kongressane deira.

6. I alle føretak som er viktige for staten skal *alle* eigarar og *alle* representantar som arbeidarane og funksjonærane har valt for å utøva arbeidarkontroll, vera

ansvarlege andsynes staten for å halda den strengaste orden og disiplin, og for å verna eigedomane. Folk som gjer seg skuld i å forsøma plikta si, løyna forråd, rekneskapar osb., skal straffast med konfiskering av alt dei eig, og med fengsel i opp til fem år.

7. Med verksemder som er viktige for staten vert meint alle verksemder som arbeider for forsvaret eller på nokon måte har tilknytning til framstilling av varer som massane av folkesetnaden treng for å eksistera.

8. Meir utførlege reglar for arbeidarkontrollen skal arbeidast ut av dei lokale sovjeta av arbeidarrepresentantar og av konferansar av fabrikkomitear¹² så vel som av komitear av funksjonærar på allmøte for representantane deira.

Skreven 26. eller 27. oktober
(8. eller 9. november) 1917
Prenta fyrste gongen i 1929
i den andre og tredje utgåva av
Lenin: *Samla verk* band XXII

Prenta i samsvar
med manuskriptet

FRÅ SENTRALKOMITEEN I RUSSLANDS SOSIALDEMOKRATISKE ARBEIDARPARTI (BOLSJEVIKANE)

*Til alle partimedlemmer og alle dei
arbeidande klassane i Russland.*

Kameratar.

Som alle veit høyrde fleirtalet av delegatane på Den andre allrussiske kongressen av sovjet av arbeidar- og soldatrepresentantar til bolsjevikpartiet.

Denne kjensgjerninga er grunnleggjande når ein skal forstå den revolusjonen som nett har gått føre seg i Petrograd, Moskva og heile Russland skikkeleg. Like fullt vert dette stendig gløymt og sett bort ifrå av alle dei som stør kapitalistane og deira umedvitne *hjelparar*, og dei undergrev det grunnleggjande prinsippet i den nye revolusjonen, nemleg *all makt til sovjeta*. Det skal ikkje vera noka anna regjering i Russland enn *sovjetregjeringa*. I Russland har sovjetmakta vunne fram, og å føra regjeringa over frå eitt sovjetparti til eit anna kan garanterast utan nokon revolusjon, rett og slett ved ei avgjerd i sovjeta, rett og slett med nyval av representantar til sovjeta. På Den andre allrussiske sovjetkongressen hadde bolsjevikpartiet fleirtalet. Difor er den einaste sovjetregjeringa den som dette partiet har skipa. Og alle veit at fleire timar før den nye regjeringa vart skipa, og før lista over regjeringsmedlemene vart lagd fram for Den andre allrussiske sovjetkongressen, kalla sentralkomiteen i bolsjevikpartiet inn tre av dei fremste medle-

mene i den venstresosialrevolusjonære¹³ gruppa, kameratane Kamkov, Spiro og Karelin, til møte og *baud dei inn* til å verta med i den nye regjeringa. Vi seier oss svært leie for at dei venstresosialrevolusjonære kameratane av-slo, vi reknar avslaget deira for utillateleg for revolusjo-nære og forkjemparar for det arbeidande folket. Vi er klåre til å ta med venstresosialrevolusjonære i regjeringa kva tid som helst, men vi seier klart frå at som fleirtals-parti på Den andre allrussiske sovjetkongressen har vi rett til å skipa regjering, og *det er vår plikt* mot folket å gjera det.

Alle veit at sentralkomiteen i partiet vårt la fram ei rein bolsjevikliste til valet på folkekommissærar* på Den andre allrussiske sovjetkongressen, og at *kongres-sen godkjende denne lista med ei rein bolsjevikregje-ring*.

Utsegnene om at bolsjevikregjeringa *ikkje* er noka sovjetregjering er difor reine lygner, og dei kjem og kan berre koma frå fiendane til folket, frå fiendane til sov-jetmakta. Tvert om. No etter Den andre allrussiske sov-jetkongressen og til den tredje kongressen kjem saman, eller til det vert halde nyval til sovjeta eller inntil den sentrale eksekutivkomiteen har skipa ei ny regjering, kan *berre* ei bolsjevikregjering sjåast som *sovjetregje-ninga*.

* * *

Kameratar. I går, 4. november, gjekk nokre medlemer i sentralkomiteen i partiet vårt og i Rådet av folkekom-missærar — Kamenev, Sinovjev, Nogin, Rykov, Mi-ljutin og nokre få andre — ut av sentralkomiteen i par-tiet vårt. Dei tre siste gjekk og ut av Rådet av folkekom-missærar.

I eit stort parti som vårt måtte det uunngåeleg syna

* *Folkekommissær* — medlem i arbeidar- og bonderegjeringa som vart skipa etter Oktoberrevolusjonen. Det høgste organet i sovjetre-gjeringa var Rådet av folkekommissærar. — *Red.*

seg at einskilde kameratar ikkje var tilstrekkeleg trygge og støe i kampen mot fiendane til folket, trass i den proletariske og revolusjonære lina vi fører i politikken vår. Oppgåvene som partiet vårt no står framfor er verkeleg uhorvelege, vanskane er kjempesvære og mange medlemer i partiet vårt som tidlegare hadde ansvarsfulle oppgåver har no drege seg unna framfor stormlaupet frå borgarskapet og rømt frå rekkjene våre. Borgarskapet og alle hjelparane deira jublar over dette og frydar seg vondskapsfullt. Dei skrik opp om oppløysing og spår at bolsjevikregjeringa vil falla.

Kameratar, ikkje tru desse lygnene. Kameratane som har trekt seg attende har handla som desertørar, for dei forlet ikkje berre postar som var trudde til dei, men dei braut og det klåre vedtaket i sentralkomiteen i partiet vårt som batt dei til å utsetja avskilen i det minste til det var teke ei avgjerd i partiorganisasjonane i Petrograd og Moskva. Vi fordømer denne deserteringa på det sterkaste. Vi er djupt overtydde om at alle klassemedvitne arbeidarar, soldatar og bønder som er med i eller sympatiserer med partiet vårt, vil fordøma det desertørane har gjort like sterkt.

Men vi seier ifrå at jamvel om nokre få einskildmennene som høyrer til i den leiande gruppa i partiet har desertert, så kan ikkje det eit einaste sekund eller det aller minste rikka einskapen i dei *massane* som fylgjer partiet vårt. Difor vil det heller ikkje rikka partiet vårt.

De må minnast, kameratar, at to av desertørane, Kamenev og Sinovjev, stod fram som desertørar og streikebrytarar jamvel før oppstanden i Petrograd. For dei røysta ikkje berre imot oppstanden på det avgjerande møtet i sentralkomiteen 10. oktober 1917, men jamvel *etter* at avgjerda var teken i sentralkomiteen agiterte dei mellom partiaktivistane mot oppstanden. Alle veit at aviser som er redde for å ta stilling for arbeidarane og hallar meir til den borgarlege sida (t.d. Novaja Zjizn¹⁴), på den tida til liks med heile den borgarlege pressa skreik ende over seg om at partiet vårt «løyste seg opp»,

om at «oppstanden braut saman» og så vidare. Men hendingane sjølve viste snøgt attende lygnene og baktalinga til sume, og tvilen, vinglinga og feigskapen til andre. «Stormen» dei freista piska opp om freistnadene til Kamenev og Sinovjev på å setja seg imot oppstanden i Petrograd, synte seg å verta *ein storm i eit vassglas*, medan den store entusiasmen til folket, det store heltemotet til millionar av arbeidarar, soldatar og bønder i Petrograd, i Moskva, ved fronten, i skyttargravene og i landsbyane skuva desertørane til sides like lett som eit tog på jarnbanen skubar trefliser til sides.

Skam over alle feige, alle som vinglar og tvilar, alle som let seg skremma av borgarskapet, eller har bukka under for alt oppstyret som dei beinveges og omveges hjelparane til borgarskapet lagar! Mellom *massen* av arbeidarar og soldatar i Petrograd, Moskva og andre stader *er det ikkje det minste* vingling. Partiet vårt står støtt og fast som *ein mann* i forsvar av sovjetmakta, i forsvar av interessene til arbeidarane og dei fattige bøndene.

Borgarlege bladsmørarar og dei som har late seg skremma av borgarskapet skuldar oss i kor for å vera kompromisslause, for å vera uforsonlege, for å nekta å dela makta med noko anna parti. Det er ikkje sant, kameratar. *Vi har bode inn* og held fram å by inn dei venstresosialrevolusjonære til å dela makta med oss. Det er ikkje vår feil at *dei har avslege*. Vi opna forhandlingar, og etter at delegatane til Den andre sovjetkongressen hadde skiltest, kom vi med alle slags konsesjonar i desse forhandlingane. Vi gjekk så langt at vi mellombels sa oss villige til å ta med representantar for ein del av bydumaen* i Petrograd, dette reiret av Kornilov-folk som vert det fyrste folket feiar vekk dersom Kornilov-kjeltringane, dersom yndlingssønene til kapitalistane og gods-eigarane, offiserskadettane, endå ein gong fristar setja seg imot folkeviljen slik dei gjorde sist sundag i Petrograd, og slik dei ville lika å gjera igjen (slik

* *Duma* — russisk parlamentarisk organ. — *Red.*

det er prova ved at samansverjinga til Purisjkevits** og dei dokumenta som vart funne på han i går, 3.november, er gjort kjent). Men dei herrane som står bak dei venstresosialrevolusjonære og handlar gjennom dei i interessene til borgarskapet, tolkar det at vi er klåre til å gje konsesjonar som veikskap, og dei greip dette høvet til å leggja fram nye ultimatum for oss. På konferansen 3. november dukka hr. Abramovitsj og hr. Martov opp og la fram eit ultimatum: Ingen tingingar før regjeringa vår stansar arrestasjonane og undertrykkinga av dei borgarlege avisene.

Både partiet vårt og den sentrale eksekutiv-komiteen i sovjetkongressen *nekta* å godta dette ultimatumet, som utan tvil har utspring hjå dei som stør Kaledin, borgarskapet, Kerenski og Kornilov. Samansverjinga til Purisjkevitsj og det at det dukka opp ein delegasjon i Petrograd 5. november frå ei eining i 17. armékorps som truga oss med å marsjera mot Petrograd (eit latterleg trugsmål, for dei fremste avdelingane til desse Kornilov-folka er alt slegne og jaga på flukt ved Gatsjina, medan dei fleste av dei har nekta å slåss mot sovjeta) — alle desse hendingane har prova kven som *verkeleg* forfatta ultimatumet til hr. Abramovitsj og hr. Martov, og kven desse folka *verkeleg* tente.

Lat det arbeidande folket difor vera roleg og fast! Partiet vårt vil aldri gje etter for ultimatum frå mindretalet i sovjeta, det mindretalet som har late seg skremma av borgarskapet, og som trass i den «gode viljen» sin i røynda opptrer som sprellemenn i hendene på Kornilov-banden.

Vi står fast på prinsippet for sovjetmakta, dvs. makta til det *fleirtalet* som vart oppnådd på siste sovjetkongressen. Vi gjekk med på, og *går framleis med på*, å de-

** *Samansverjinga til Purisjkevitsj* — i den fyrste tida etter Oktober-revolusjonen freista dei kontrarevolusjonære ved fleire høve å senda troppar mot Petrograd. — *Red.*

la makta med mindretalet i sovjeta, så lenge dette mindretalet lojalt og ærleg bind seg til å fylgja fleirtalet og gjennomføra det programmet som *heile* Den andre all-russiske sovjetkongressen *godkjende* for å gå gradvis, men fast og utan å vika til sides, fram mot sosialismen. Men vi skal ikkje gje etter for noko ultimatum frå grupper av intellektuelle som ikkje har stønad i folket, og som *i røynda* berre har stønad frå Kornilov-folka, Savinkov-folka, offiserskadettane osb.

Lat det arbeidande folket difor vera roleg og fast! Partiet vårt, partiet til sovjetfleirtalet, står stødig og samla i forsvar for interessene deira. Og liksom før står millionane av arbeidarar i byane, soldatar i skyttargravene og bønder i landsbyane bak partiet vårt, og dei er budde på å nå siger for freden og siger for sosialismen for kvar pris!

Skreven 5 - 6 (18—19)
november 1917
Prenta i *Pravda* nr. 182
7. (20.) november 1917

Prenta i samsvar
med avisteksten

ALLIANSEN MELLOM ARBEIDARANE OG DEI ARBEIDANDE OG UT- BYTTA BØNDENE

Eit brev til Pravda

I dag, laurdag 18. november, medan eg heldt ein tale på bondekongressen, fekk eg offentleg eit spørsmål som eg straks svara på. Det er svært viktig at dette spørsmålet og svaret mitt straks vert gjort kjent for heile den lesande ålmenta. For sjølv om eg formelt berre tala i mitt eige namn, tala eg i røynda i namnet til heile bolsjevikpartiet.

Det det galdt var dette:

Eg kom inn på spørsmålet om ein allianse mellom dei bolsjevikiske arbeidarane og dei venstresosialrevolusjonære, som mange bønder no har tillit til, og eg heldt i talen min fram at denne alliansen *kan* vera ein «ærleg koalisjon», ein ærleg allianse, for det er *ingen* grunnleggjande ulike interesser mellom lønnsarbeidarane og dei arbeidande og utbytta bøndene. Sosialismen er *fullt* i stand til å tilfredsstilla interessene til dei baa. *Berre* sosialismen kan tilfredsstilla interessene deira. Ut frå dette er det mogleg og naudsynt med ein «ærleg koalisjon» mellom proletarane og dei arbeidande og utbytta bøndene. Til gjengjeld kan ein «koalisjon» (ein allianse) mellom dei arbeidande og utbytta klassane på eine sida og borgarskapet på den andre, *ikkje* verta ein «ærleg koalisjon», på grunn av dei grunnleggjande ulike interessene desse klassane har.

Tenk dykk, sa eg, at bolsjevikane har eit fleirtal i regjeringa og dei venstresosialrevolusjonære eit mindre-

tal, eller lat oss jamvel tenkja oss at det er berre éin venstresosialrevolusjonær i regjeringa, kommissæren for jordbruket. Kunne bolsjevikane gjennomføra ein ærleg koalisjon under slike tilhøve?

Det kunne dei. For samstundes som bolsjevikane er uforsonlege i kampen sin mot dei kontrarevolusjonære elementa (medrekna dei høgresosialrevolusjonære og fedrelandsforsvararane), ville dei vera forplikta til å *la vera* å røysta i spørsmål som gjeld reine sosialrevolusjonære punkt i det jordprogrammet Den andre allrussiske sovjetkongressen vedtok. Det vil t.d. gjelda punktet om lik bruk av jorda og punktet om omfordeling av jorda mellom dei små brukarane.

Bolsjevikane ville ikkje forandra programmet sitt det minste om dei let vera å røysta over eit slikt punkt. For under vilkår av at sosialismen sigra (arbeidarkontroll over fabrikkane og deretter konfiskering av dei, nasjonalisering av bankane og skiping av eit øvste økonomisk råd for å regulera heile det økonomiske livet i landet), under dette vilkåret ville arbeidarane *vera forplikta* til å gå med på dei overgangstiltaka dei små arbeidande og utbytta bøndene har gjort framlegg om, så sant desse tiltaka *ikkje var til skade* for den sosialistiske saka. Og eg sa at jamvel Kautsky, medan han enno var marxist (1899—1909), ofte gjekk med på at tiltaka for overgang til sosialismen ikkje kan vera dei same i land med stordrift og land med smådrift i jordbruket.

Vi bolsjevikar ville vera forplikta til å *la vera* å røysta når eit slikt punkt kom opp til avgjerd i Rådet av folkekommissærar eller i den sentrale eksekutiv-komiteen. For dersom dei venstresosialrevolusjonære (liksom bøndene som stør dei) gjekk med på arbeidarkontroll, på å nasjonalisera bankane osb., ville lik bruk av jorda berre vera eitt av *overgangstiltaka* fram til full sosialisme. For proletariatet ville det vera meiningslaust å *tvinga igjennom* slike overgangstiltak. Men for å fremja sigeren for sosialismen er proletariatet forplikta til å *gjetter* for dei små arbeidande og utbytta bøndene når dei

går inn for desse overgangstiltaka. For dei kan *ikkje skada* saka til sosialismen.

Deretter stilte ein venstresosialrevolusjonær (dersom eg ikkje tek heilt feil, var det kamerat Feofilaktov) meg fylgjande spørsmål:

«Kva ville bolsjevikane gjera dersom bøndene ynskte å vedta ei lov i Den grunnlovgevande forsamlinga om lik bruk av jorda, når borgarskapet var imot bøndene og avgjerda stod på bolsjevikane?»

Eg svara: Under slike omstende, når saka til sosialismen var tryggja ved at arbeidarkontroll var innført, bankane nasjonaliserte osb., ville alliansen mellom arbeidarane og dei arbeidande og utbytta bøndene forplikta proletariatets parti til å røysta for bøndene og mot borgarskapet. Etter mi meining måtte bolsjevikane ha rett til å seia frå under røystinga at dei var usamde, å protokollføra dette, osb.

Men å la vera å røysta under slike omstende ville vera å svika sine allierte *i kampen for sosialismen* på grunn av ulikt syn i eit delspørsmål. Bolsjevikane ville aldri svika bøndene i ei slik stode. Lik bruk av jorda og liknande tiltak kan *ikkje* skada sosialismen dersom makta ligg i hendene på ei arbeidar- og bonderегjering, dersom det er innført arbeidarkontroll, bankane er nasjonaliserte, det er skipa eit øvste økonomisk arbeidar- og bondeorgan som skal leia (regulera) *heile* det økonomiske livet i landet, og så frametter.

Slik var svaret mitt.

Skreven 18. november
(1. desember) 1917

Prenta i *Pravda* nr. 194

19. november (2. desember) 1917

Prenta i samsvar
med avisteksten

TESAR OM DEN GRUNNLOVGJEVANDE FORSAMLINGA

1. Kravet om å kalla inn til ei grunnlovgjevande forsamling var ein heilt legitim del av programmet til det revolusjonære sosialdemokratiet fordi Den grunnlovgjevande forsamlinga står for den høgste forma for demokrati i ein borgarleg republikk, og fordi den imperialistiske republikken med Kerenski i brodden budde seg — med å skipa eit førparlament — på å fuska med vala og gjera vald på demokratiet på mange måtar.

2. Samstundes som det revolusjonære sosialdemokratiet har kravd at ei grunnlovgjevande forsamling skal kallast inn, har det heilt frå revolusjonen i 1917 tok til, gong på gong streka under at ein sovjetrepublikk er ei høgare form for demokrati enn den vanlege borgarlege republikken med ei grunnlovgjevande forsamling.

3. For overgangen frå det borgarlege til det sosialistiske systemet, for proletariatets diktatur, er sovjetrepublikken (av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar) ikkje berre eit høgare slag demokratisk institusjon (jamført med den vanlege borgarlege republikken med ei grunnlovgjevande forsamling på toppen), men den einaste forma som er i stand til å tryggja den mest smertefri overgangen til sosialismen.

4. Innkalling til Den grunnlovgjevande forsamlinga i revolusjonen vår på grunnlag av lister som vart lagde fram midt i oktober 1917, går føre seg under vilkår som gjer det umogleg at vala til denne grunnlovgjevande forsamlinga kan gje eit pålitande uttrykk for folkevil-

jen allment, og viljen til det arbeidande folket særskilt.

5. For det fyrste gjev representasjon etter forholdstal eit pålitande uttrykk for folkeviljen berre når partilistene samsvarar med den verkelege inndelinga av folket etter dei partigrupperingane som kjem til uttrykk i desse listene. I vårt tilfelle er det slik at det partiet som frå mai til oktober hadde flest tilhengjarar mellom folket og særleg mellom bøndene — dei sosialrevolusjonære — la fram samla lister til valet på grunnlovgevande forsamling midt i oktober 1917, men i november 1917, etter valet og før forsamlinga kom saman, vart dei splitta.

Av denne grunnen er det ikkje, og kan heller ikkje vera, eingong eit formelt samsvar mellom viljen til massane av veljarar og samansetjinga av den valde grunnlovgevande forsamlinga.

6. For det andre er det eit endå viktigare opphav til mishøvet mellom folkeviljen — og særleg viljen til dei arbeidande klassane — på eine sida og samansetjinga av Den grunnlovgevande forsamlinga på den andre. Det er ikkje noko formelt eller juridisk opphav, men eit samfunnsøkonomisk klasseopphav. Det er at vala til Den grunnlovgevande forsamlinga skjedde på ei tid då det overveldande fleirtalet av folket enno ikkje kunne kjenna den fulle rekkjevidda av og meininga med Oktoberrevolusjonen, av sovjetrevolusjonen, revolusjonen av proletarar og bønder, som tok til 25. oktober 1917, dvs. etter at lista over kandidatar til Den grunnlovgevande forsamlinga var lagd fram.

7. Oktoberrevolusjonen går gjennom fleire utviklingsstadium rett framfor augo våre. Han vinn makta for sovjeta, tek med makt det politiske herredømmet frå borgarskapet og overfører det til proletariatet og dei fattige bøndene.

8. Det tok til med sigeren 24.—25. oktober i hovudstaden, då Den andre allrussiske kongressen av sovjet av arbeidar- og soldatrepresentantar, fortroppen for proletarane og den politisk mest aktive delen av

bøndene, gav bolsjevikpartiet fleirtalet og let det få makta.

9. Så, i november og desember, spreidde revolusjonen seg til heile hæren og til bøndene. Dette kom framfor alt til uttrykk ved at dei gamle leiande organa (hærkomitear, bondekomitear i guvernementa*, den sentrale eksekutivkomiteen i det allrussiske sovjetet av bonde-representantar osv.) vart sette til sides, og det vart valt nye leiande organ i deira stad. Dei gamle leiarorgana stod for den tilbakeliggjande kompromissfasen i revolusjonen, for den borgarlege og ikkje den proletariske fasen, og var difor uunngåeleg dømde til å forsvinna under presset frå dei djupare og breiare massane av folket.

10. Denne mektige rørsla i det utbytta folket for å byggja opp dei leiande organa i organisasjonane sine på nytt, er ikkje ferdig enno midt i desember 1917, og jarnbanearbeidarkongressen som framleis er i gang, står for eitt av stega i denne rørsla.

11. Den måten klassekreftene i Russland vert grupperte på gjennom klassekampen tek altså, i november og desember 1917, ei form som i prinsippet skil seg frå den som kunne speglast att av partilistene som var sette saman midt i oktober 1917 over kandidatar til Den grunnlovgjevande forsamlinga.

12. Hendingar nyleg i Ukraina (delvis og i Finland og Kviterussland, så vel som i Kaukasus) peikar på same måten på ei omgruppering av klassekrefter som går føre seg i kampen mellom den borgarlege nasjonalismen til den ukrainske radaen¹⁵, den finske riksdagen osv. på eine sida og sovjetmakta, revolusjonen av proletarar og bønder i kvar av desse nasjonale republikkane på den andre.

13. Til sist. Den borgarkrigen som tok til med det kontrarevolusjonære opprøret til kadettane¹⁶ og Kale-din mot sovjetstyresmaktene, mot regjeringa til arbei-

* *Guvernement* — russisk forvaltningseining, eit fylke. — *Red.*

darane og bøndene, har til sist ført klassekampen til eit høgdepunkt, og har øydelagt alle sjansar for å løysa på ein formelt demokratisk måte dei yttarst akutte problema som historia har stilt folka i Russland, og i fyrste rekkje arbeidarklassen og bøndene, overfor.

14. Berre full siger for arbeidarane og bøndene over opprøret til borgarskapet og godseigarane (slik det kjem til uttrykk i kadett-Kaledin-rørsla), berre nådelaus militær undertrykking av dette slaveeigar-opprøret, kan gje verkeleg trygd til revolusjonen av proletarar og bønder. Hendingsgangen og utviklinga av klassekampen i revolusjonen har gjeve opphav til slagordet «All makt til Den grunnlovgjevande forsamlinga!». Men det ser bort ifrå det arbeidar- og bonderevolusjonen har vunne, det ser bort ifrå sovjetmakta, det ser bort ifrå avgjerdene til Den andre allrussiske kongressen av sovjet av arbeidar- og soldatrepresentantar, til Den andre allrussiske kongressen av bonderepresentantar osv., og det vert *i røynda* slagordet til kadettane og Kaledin-folka og deira hjelparar. Heile folket er no fullt klår over at Den grunnlovgjevande forsamlinga uunngåeleg er dømd til politisk utsletting dersom ho skulle skilja lag med sovjetmakta.

15. Eit av dei særleg akutte spørsmåla i livet til nasjonen er spørsmålet om fred. Ein verkeleg revolusjonær kamp for fred tok fyrst til i Russland etter at revolusjonen sigra 25. oktober, og fyrste fruktene av denne sigeren var at dei løynelege traktatane vart offentleggjorde, at våpenstillstand vart slutta og at det kom i gang opne forhandlingar om ein allmenn fred utan anneksjonar og skadebøter.

Fyrst no får dei breie lag av folket verkeleg høve til å fylgja politikken med revolusjonær kamp for fred fullt og ope, og til å studera resultata av han.

På den tida Den grunnlovgjevande forsamlinga vart vald, hadde folkemassane ingen slik sjanse.

Det er klårt at mishøvet mellom den samansetjinga Den grunnlovgjevande forsamlinga fekk og den verke-

lege folkeviljen i spørsmålet om å få slutt på krigen, er uunngåeleg frå denne synsstaden og.

16. Av alle omstenda som er nemnde ovanfor fylgjer at Den grunnlovgevande forsamlinga som er kalla inn på grunnlag av vallister frå dei partia som fanst under herredømmet til borgarskapet, før revolusjonen av proletarar og bønder, uunngåeleg vil koma til å støyta saman med viljen og interessene til dei arbeidande og utbytta klassane som den 25. oktober tok til med den sosialistiske revolusjonen mot borgarskapet. Sjølv sagt står interessene til denne revolusjonen over dei formelle rettane til Den grunnlovgevande forsamlinga, endå til om ikkje desse formelle rettane hadde vore undergravne ved at det ikkje finst nokon regel i lova om Den grunnlovgevande forsamlinga som gjev folket rett til å kalla tilbake representantane sine og halda nyval kva tid som helst.

17. Alle beinveges og omveges freistnader på å sjå på spørsmålet om Den grunnlovgevande forsamlinga frå ein formell, juridisk synsstad, innanfor rammene til det vanlege borgarlege demokratiet og utan å ta omsyn til klassekampen og borgarkrigen, ville vera å svika den proletariske saka og leggja seg på det borgarlege standpunktet. Dei revolusjonære sosialdemokratane har plikt på seg til å átvara kvar og ein mot dette mistaket, som er gjort av nokre få bolsjevikleiarar som ikkje var i stand til å gripa kva oktoberoppstanden eigentleg tydde og kva oppgåver som fylgjer med proletariatets diktatur.

18. Einaste høvet til å tryggja ei smertefri løysing på krisa som har kome på grunn av mishøvet mellom vala til Den grunnlovgevande forsamlinga på den eine sida og folkeviljen og interessene til dei arbeidande og utbytta klassane på den andre, er at folket så vidt og snøgt som råd nyttar retten sin til å velja medlemer av Den grunnlovgevande forsamlinga på ny, og at Den grunnlovgevande forsamlinga godtek lova frå den sentrale eksekutivkomiteen om desse nyvala og kunngjer at ho

utan atterhald godkjenner sovjetmakta, sovjetrevolusjonen og den politikken han fører i spørsmåla om fred, jord og arbeidarkontroll, og fastrådd tek plass i lægret til fiendane av kadettane og Kaledin sin kontrarevolusjon.

19. Utan at desse vilkåra vert oppfylte, kan krisa omkring Den grunnlovgjevande forsamlinga berre løysast på ein revolusjonær måte, med at sovjetmakta set i verk dei mest energiske, raske, faste og målretta revolusjonære tiltaka mot kontrarevolusjonen til kadettane og Kaledin, utan omsyn til kva slagord og institusjonar (jamvel å ta del i Den grunnlovgjevande forsamlinga) denne kontrarevolusjonen kan løyna seg bak. Ein kvar freistnad på å binda hendene til sovjetmakta i denne kampen vil vera jamgodt med å hjelpa kontrarevolusjonen.

Skreven 11. eller 12. (24. eller 25.)
desember 1917

Prenta i *Pravda* nr. 213
13. (26.) desember 1917

Prenta i samsvar
med manuskript
retta av Lenin

UTKAST TIL DEKRET OM NASJONALISERING AV BANKANE OG OM NAUD- SYNTE TILTAK FOR Å GJENNOMFØRA DET ¹⁷

Den kritiske stoda for matforsyninga og trugsmålet om hungersnaud, som kjem av profitørverksemda og sabotasjen til kapitalistane og embetsmennene så vel som av den allmenne økonomiske oppløysinga, gjer det tvingande naudsynt å setja i verk ekstraordinære revolusjonære tiltak for å kjempa mot desse vonde tilstandane.

For å setja alle innbyggjarane i staten, og i fyrste rekke alle dei arbeidande klassane, i stand til å føra denne kampen under leiinga av sovjeta sine av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar, til straks og på alle område å normalisera det økonomiske livet i landet utan å stogga for noko og gå fram på det mest revolusjonære vis, fastset vi fylgjande føresegner:

UTKAST TIL DEKRET OM NASJONALISERING AV BANKANE OG OM NAUDSYNTE TILTAK FOR Å GJENNOMFØRA DET.

1. Det vert kunngjort at alle aksjeselskap er statseigedom.

2. Styremedlemer og direktørar i aksjeselskap, så vel som alle aksjeeigarar som høyrer til dei velhavande klassane (dvs. dei som har eigedomar til ein verdi på over 5000 rublar eller ei inntekt på over 500 rublar for

månaden), har plikt på seg til å halda fram å stå for drifta av desse føretaka og ha god orden. Dei skal halda seg etter lova om arbeidarkontroll, syna alle aksjane fram for statsbanken og kvar veke leggja fram rapportar om verksemda for dei lokale sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar.

3. Statslån, så vel utanlandske som innanlandske, er annullerte (oppheva).

4. Interessene til små eigarar av obligasjonar og alle slag aksjar dvs. eigarar som høyrer med til dei arbeidande klassane av folkesetnaden, skal garanterast fullt ut.

5. Det vert innført arbeidsplikt for alle. Alle innbyggjarar av baa kjønn mellom seksten og femtifem år har plikt på seg til å utføra det arbeidet som det lokale sovjetet av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar eller andre organ for sovjetmakta pålegg dei.

6. Som eit fyrste steg i retning av å innføra arbeidsplikt for alle, vert det fastsett at dei som høyrer til dei velhavande klassane (sjå § 2) skal ha plikt på seg til å ha og føra skikkeleg ei forbrukar-arbeidarbok, eller ei arbeidarbudsjettbok*. Ho må leggjast fram for dei rette arbeidarorganisasjonane eller for dei lokale sovjeta og deira organ, for å få notert kvar veke kor mykje kvar har gjort av det arbeidet dei har teke på seg.

7. For å få ei skikkeleg bokføring og fordeling av mat og andre naudsynte varer, skal alle innbyggjarar i staten ha plikt på seg til å gå inn i eit forbrukarlag. Matvareråda, forsyningsnemndene og andre tilsvarande organisasjonar, så vel som jarnbane- og transportarbeidarforeiningane, skal under leiing av sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar setja i verk ei tilsynsordning for å tryggja at gjeldande lov vert halden. Særskilt skal medlemmer av dei rike klassane ha

* *Forbrukar-arbeidarbok eller ei arbeidarbudsjettbok* — var delar av tiltak sette i verk for å kontrollera at borgarskapet ikkje fekk sabotera oppbygginga av sovjetmakta. — *Red.*

plikt på seg til å utføra det arbeidet som sovjeta legg på dei når det gjeld å organisera og driva forretningane innan forbrukarlag.

8. Jarnbanearbeidarforeininga og funksjonærforeininga ved jarnbanen har tvingande plikt på seg til å arbeida ut og straks setja i verk krisetiltak for å organisera transporten betre. Særleg gjeld det tilførsel av matvarer, brensele og andre grunnleggjande naudsynte varer. Dei skal i fyrste rekkje ta imot ordrar og instruksar frå sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar, og så frå organ som sovjeta har gjeve fullmakt og frå Det øvste økonomiske rådet.

Like eins skal jarnbaneforeiningane i samarbeid med dei lokale sovjeta ha ansvaret for å kjempa på det hardaste mot all spekulasjon med matvarer og nådelaust undertrykkja all profitørverksemd. Dei må ikkje vika tilbake for å ta i bruk revolusjonære tiltak.

9. Arbeidarorganisasjonar, funksjonærforeiningar og lokale sovjet har plikt på seg til straks å ta til å føra føretak som held på og stengjer eller skal demobiliserast, og dessutan arbeidslause arbeidarar over i nyttig arbeid og produksjon av naudsynte varer. Dei skal arbeida for å skaffa ordrar, råvarer og brensele. Dei skal ikkje under noko omstende utsetja dette arbeidet, og heller ikkje utsetja å ta til å byta landbruksprodukt mot industriprodukt medan dei ventar på å få spesialinstruksar frå høgare organ. Dei lokale foreiningane og sovjeta skal likevel fylgja ordrane og instruksane frå Det øvste økonomiske rådet strengt.

10. Dei som høyrer til dei velhavande klassane skal ha plikt på seg til å setja alt dei eig av pengar i statsbanken og statsbanken sine avdelingar eller i sparebankane. Dei skal ha rett til å ta ut opp til 100—125 rublar kvar veke til leviekostnader (summen vert fastsett av dei lokale sovjeta). Uttak til produksjons- eller handelsformål kan berre gjerast mot skrivne fullmakter frå organa for arbeidarkontroll.

For å sjå etter at denne lova verkeleg vert halden,

skal det gjevast føresegner om at dei pengesetlane som no gjeld skal vekslast inn i nye. All eiegenen til folk som gjer seg skuldig i svindel mot staten og folket, skal konfiskerast.

11. Alle som forbryt seg mot denne lova, sabotørar og embetsmenn som streikar, og like eins profitørar, skal få den same straffa. Dei skal og kunne dømast til fengsel, til å sendast til fronten eller til tvangsarbeid. Det er naudsynt at dei lokale sovjeta og organa som ligg under dei må ta avgjerd om å nytta dei mest revolusjonære tiltaka for å kjempa mot desse verkelege fiendane av folket.

12. Fagforeiningane og andre organisasjonar av det arbeidande folket skal i sameining med dei lokale sovjeta og i samarbeid med dei mest pålitande personane som partiet og andre organisasjonar tilrår, skipa mobile inspeksjonsgrupper som skal sjå etter at denne lova vert gjennomført, stadfesta kvantum og kvalitet på det arbeidet som er utført, og stilla personar som gjer seg skuldige i å bryta eller omgå lova for dei revolusjonære domstolane.

Arbeidarane og funksjonærane i dei nasjonaliserte verksemdene må arbeida alt dei kan og ta i bruk ekstraordinære tiltak for å forbetra organiseringa av arbeidet, styrkja disiplinen og auka produktiviteten i arbeidet. Organa for arbeidarkontrollen skal kvar veke leggja fram rapportar for Det øvste økonomiske rådet om resultata dei har nådd på dette området. Dei som har gjort seg skuldige i forsøming eller vanrøkt, skal stillast for dei revolusjonære domstolane.

Skreven ikkje før 14. (27.)
desember 1917

Prenta i samsvar
med manuskriptet

Prenta i utdrag i november 1918
i magasinet *Narodnoje Khosiaistro* nr. 11

SPØRSMÅL TIL DELEGATANE PÅ HÆRKONGRESSEN OM DEMOBILISERING AV HÆREN¹⁸

1) Er det stor eller liten grunn til å venta at tyskarane går i gang med ein offensiv i nær framtid —

a) utifrå synsvinkelen om ein vinteroffensiv er fysisk og teknisk mogleg.

b) utifrå synsvinkelen om stemninga i dei tyske soldatmassane. Er denne stemninga slik at ho kan hindra ein offensiv, eller i det minste seinka han?

2) Kan vi gå utifrå at tyskarane, dersom vi straks bryt fredstingingane og dersom troppane deira straks går til offensiv, er i stand til å gje oss eit avgjerande nederlag? Er dei i stand til å ta Petrograd?

3) Er det grunn til å vera redd for at meldinga om at fredstingingane er brotne vil føra med seg utbreidde anarkistiske stemningar i hæren og deserteringar ved fronten, eller kan vi lita på at hæren vil halda fronten stødig jamvel etter ei slik melding?

4) Ville hæren vår reint militært sett vera i stand til å stå imot ein tysk offensiv dersom han tok til 1. januar? Dersom ikkje, når ville hæren vår vera i stand til å stå imot ein tysk offensiv?

5) Dersom tyskarane rykkjer fram snøgt, vil hæren vår kunne dra seg attende i god orden og halda artilleriet sitt intakt, og i så fall, kunne ein då i lengre tid hindra at tyskarane rykte fram til det indre av Russland?

6) Allmenn konklusjon: Utifrå synsvinkelen om kva tilstand hæren er i, skal vi freista dra ut fredstingingane, eller ville det på grunn av den tyske anneksejonspoli-

tikken vera betre å bryte dei straks på revolusjonært vis, som eit avgjerande og fast steg som kan leggja grunnlaget for ein mogleg revolusjonær krig?

7) Skal vi straks setja i gang ein intens agitasjon mot den tyske anneksjonspolitikken og for ein revolusjonær krig?

8) Er det mogleg på svært kort frist (t.d. 5—10 dagar) å skipa til ei rundspørjing i breie delar av hæren ved fronten med sikte på å få meir fullstendige svar i ei meir høveleg form på spørsmåla ovanfor?

9) Er det von om at usemja med ukrainarane vil verta mindre eller jamvel vika plassen for ei fast samling av styrkane når dei høyrer dei tyske krava om anneksjonar, eller kan vi venta at ukrainarane vil dra føremon av dei større vanskane til storrussarane til å auka kampen mot dei?

10) Dersom hæren kunne røysta, ville han vera for fred straks på anneksjonsvilkår (tap av dei okkuperte landområda) og vilkår som var svært harde økonomisk for Russland, eller ville han gå så hardt som mogleg inn for ein revolusjonær krig, dvs. motstand mot tyskane?

Skreven 17. (30.) desember 1917

Prenta fyrste gongen i 1927

i band II

Melding frå Lenin-instituttet

Prenta i samsvar
med Meldinga

KORLEIS SKAL KONKURRANSEN ORGANISERAST?

Borgarlege forfattarar har bruka opp store papirhaugar på å lovprisa konkurranse, privat initiativ og alle dei andre storfelte dygdene og velsigningane som fylgjer med kapitalistane og det kapitalistiske systemet. Sosialistane har vorte skulda for at dei nektar skjøna kor viktige desse dygdene er, og for å sjå bort ifrå «den menneskelege naturen». Men i røynda bytta kapitalismen for lenge sidan ut den vesle, sjølvstendige vareproduksjonen der konkurransen kunne utvikla tiltak, energi og djervt initiativ i nokon *monaleg* grad, og sette i staden inn fabrikkdrift i stor og svært stor målestokk, aksjeselskap, syndikat* og andre monopol. Under ein *slik* kapitalisme tyder konkurranse ei utruleg brutal undertrykking av tiltaket, energien og det djerpe initiativet til dei store *massane* av folkesetnaden, til det overveldande fleirtalet av dei, til nittini av hundre av dei som arbeider. Det tyder og at konkurransen er bytta ut med finanssvindel, nepotisme** og smiskande kryping på dei øvste stega på samfunnsstigen.

Sosialismen vil så langt ifrå sløkkja ut konkurransen. Tvert om vil han for fyrste gong gjera det mogleg å ta konkurransen i bruk retteleg *vidt* og i retteleg *masseomfang*, å verkeleg trekkja fleirtalet av det arbeidande folket inn i eit arbeidsfelt der dei kan falda ut evnene sine,

* *Syndikat* — samanslutning av føretak for å kontrollera marknaden. — *Red.*

** *Nepotisme* — lat., å gje særfordelar til slektningar utan omsyn til dugleik. — *Red.*

utvikla det som bur i dei og leggja for dagen dei talenta som finst til slikt overmål mellom dei menneska som kapitalismen knuste, undertrykte og kvelte i tusental og millionar.

No når ei sosialistisk regjering sit med makta, er det oppgåva vår å organisera konkurransen.

Etterhenget og snyltarane på borgarskapet tala om sosialismen som eit einsretta, einstonig, einsformig og keisamt kasernesystem. Lakeiane til pengesekken, spyttisleikarane til utbyttarane, dei borgarlege intellektuelle herrane nytta sosialismen som ein busemann for å «skremma» folket, som under kapitalismen var dømde til straffearbeidet og kasernedisiplinen i eit strevsamt, einsformig slit, til eit liv i djup fattigdom og halvveges sveltihel. Fyrste steget for å frigjera folket frå dette straffearbeidet er å konfiskera godseigarjorda, innføra arbeidarkontroll og nasjonalisera bankane. Neste steget vil vera å nasjonalisera fabrikkane, tvungen organisering av heile folkesetnaden i forbrukarlag som til same tid skal vera lag for sal av produkt, og statsmonopol på handelen med korn og andre ting som er naudsynte.

Fyrst no er det skapt høve for at massane verkeleg kan leggja for dagen tiltak, konkurranse og djervt initiativ. Kvar fabrikk der kapitalistane er kasta ut, eller i det minste haldne i sjakk av verkeleg arbeidarkontroll, kvar einaste landsby der godseigarutbytteren er røykt ut og jorda hans konfiskert, har fyrst no vorte eit felt der det arbeidande mennesket kan syna kva som bur i seg, retta litt på ryggen og stå opp i full høgde og kjen-na at han er eit menneske. For fyrste gong etter hundre-år med arbeid for andre, med tvangsarbeid for utbytta-ren, har det vorte mogleg å *arbeida for seg sjølv*, og i tillegg å ta i bruk alt den moderne teknikken og kultu-ren har skapt i eige arbeid.

Sjølvsagt kan ikkje dette største omskiftet i historia til mennesket frå arbeid under tvang til arbeid for seg sjølv skje utan gnissingar, vanskar, konflikhtar og vald mot dei hardsette snyltarane og deira etterheng. Ingen

arbeidar har nokon illusjonar om det. Arbeidarane og dei fattige bøndene er herda av streng naud og av mange harde år med slavearbeid for utbyttarane, av deira tallause krenkingar og valdshandlingar, og dei skjønar at det vil ta tid å *bryta ned* motstanden frå desse utbyttarane. Arbeidarane og bøndene er ikkje det minste smitta av dei sentimentale illusjonane til dei intellektuelle herrane, til *Novaja Zjizn**-gjengen og andre sytarar, som skreik seg hese med å «fordøma» kapitalistane og «gestikulerte» imot dei, men tok til tårene og oppførte seg som piska bikkjer når det kom til *handling* og til å gjera alvor av trugsmåla, og arbeidet med å *fjern*a kapitalistane skulle utførast i praksis.

Det store omskiftet frå å arbeida under tvang til å arbeida for seg sjølv, til planmessig organisert arbeid i gigantisk landsomfemnande målestokk (og til ei viss mon i internasjonal målestokk, i verdsmålestokk), det krev og — i tillegg til «*militære*» tiltak for å undertrykkja motstanden frå utbyttarane — ein kjempesvær *organisatorisk* og samordnande innsats frå proletariatet og dei fattige bøndene. Den organisatoriske oppgåva er voven ihop til ein einskap med oppgåva å undertrykkja nådelaut, med militære metodar, slaveeigarane (kapitalistane) frå i går og lakeiflokken deira — dei borgarlege intellektuelle herrane. Slaveeigarane frå i går og deira «intellektuelle» klakkørar** seier og tenkjer: «Vi har alltid vore organisatorar og leiarar. Vi har kommandert, og vi ynskjer å halda fram med det. Vi vil nekta å lyda 'vanlege folk', arbeidarane og bøndene. Vi skal ikkje bøya oss for dei. Vi skal gjera kunnskapene om til eit våpen for å forsvara privilegia til pengesekkane og for at kapitalen skal rå over folket.»

Dette er det borgarskapet og dei borgarlege intellektuelle seier, tenkjer og gjer. Sett utifrå *eigeninteressa* er

* *Novaja Zjizn* — sjå note 14 bak i boka. — *Red.*

** *Klakkør* — ein som er betalt for å klappa, oftast ved konsertar, teaterframsyningar o.l.

framferda deira forståeleg. Etterhenget og snyltarane på dei føydale godseigarane, prestane, skrifvarane, byråkratane slik Gogol* skildrar dei, og dei intellektuelle som hata Belinski**, tykte og det var vanskeleg å skiljast frå liveigenskapen. Men utbytтарane og dei intellektuelle ærendssveinane deira fører ei vonlaus sak. Arbeidarane og bøndene tek til å bryta ned motstanden deira — diverre ikkje hardt, målretta og nådeløst nok enno — *og dei kjem for visst til å bryta han ned.*

«Dei» trur at «vanlege folk», dei «vanlege» arbeidarane og dei fattige bøndene, ikkje vil vera i stand til å greia opp med den store organisatoriske oppgåva den sosialistiske revolusjonen har lagt på det arbeidande folket, ei oppgåve som i verdshistorisk tyding verkeleg er heroisk. Dei intellektuelle som er vane med å tena kapitalistane og den kapitalistiske staten, seier for å trøysta seg sjølve: «De kan ikkje greia dykk utan oss.» Men det dei så skamløst går utifrå har inga rot i røyndomen. Folk med utdanning stig alt no fram på folket si side, på same sida som det arbeidande folket, og hjelper til å bryta ned motstanden frå tenarane til kapitalen. Det er ei stor mengd gåverike organisatorar mellom bøndene og arbeidarklassen, og det er ikkje før no dei har teke til å verta merksame på seg sjølve, å vakna, å strekkja seg ut imot stort, levande, skapande arbeid, å løysa oppgåva med å byggja det sosialistiske samfunnet med sine egne krefter.

Ei av dei viktigaste oppgåvene i dag, om ikkje den viktigaste, er å utvikla det sjølvstendige initiativet til arbeidarane og til alle dei arbeidande og utbytta menneska i det heile, å utvikla det så langt som mogleg i skapande *organisatorisk* arbeid. For kvar pris må vi bryta den gamle, *meiningslause*, barbariske, uverdige og av-

* *N. V. Gogol (1809—1852)* — det er her snakk om byråkratfigurane i bøkene hans. — *Red.*

** *V. G. Belinski (1811—1848)* — russisk skribent som kjempa mot liveigenskapen og som fekk svært mykje å seia for den russiske revolusjonære rørsla. — *Red.*

skyelege fordomen at berre den såkalla «overklassen», berre dei rike og dei som har vore igjennom skulane til dei rike, er i stand til å administrera staten og leia den organisatoriske utviklinga av det sosialistiske samfunnet.

Dette er ein fordom som er fostra av roten rutine, forsteina synsmåtar, trælevanar, og endå meir av den lurvete egoismen til kapitalistane, som har interesse av å plyndra samstundes som dei administrerer, å administrera samstundes som dei plyndrar. Arbeidarane vil ikkje gløyma ein einaste augeblink at dei treng den makta som ligg i kunnskapane. Det uvanlege strevet etter kunnskap som arbeidarane særleg no legg for dagen, syner at feil tankar om dette ikkje finst, og heller ikkje kan finnast mellom proletariatet. Men kvar einaste *vanleg* arbeidar og bonde som kan lesa og skriva, som kan vurdere menneske og har praktisk røynsle, er i stand til å driva *organisatorisk* arbeid. Mellom «vanlege folk» som dei borgarlege intellektuelle talar så hovmodig og foraktande om, finst det *mange* slike menn og kvinner. Slike evner mellom arbeidarklassen og bøndene er ei rik kjelde som det enno ikkje er tappa frå.

Arbeidarane og bøndene er framleis «smålatne». Dei har enno ikkje vent seg til tanken at *dei* er den *herskande* klassen no, og er enno ikkje fullrådde nok. Revolusjonen kunne ikkje *med eitt slag* kalla fram desse eigenskapane i millionar og atter millionar av menneske som nauda og svolten heile livet har tvinga til å arbeida under trugsmålet frå pisen. Men revolusjonen i oktober 1917 er sterk, levedyktig og uovervinneleg fordi han *vekkjer* desse eigenskapane, bryt ned dei gamle hindringane, fjernar dei utbrukte lekkjene og fører det arbeidande folket inn på vegen med å skapa eit nytt liv *på ei-ga hand*.

Rekneskapsførsel og kontroll — det er *hovudoppgåva* innan økonomien for kvart sovjet av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar, kvart forbrukarlag, kvart forsyningssamlag eller forsyningskomite, kvar fa-

brikkomite eller organ for arbeidarkontroll i det heile.

Vi må kjempa mot den gamle vanen å sjå på arbeidsmengda og produksjonsmidla frå synsstaden til slaven som ikkje har anna mål enn å letta arbeidsbøra si eller skaffa seg i det minste ein liten småbit *frå borgarskapet*. Dei framskridne, klassemedvitne arbeidarane har alt teke til med denne kampen, og dei byd på fast motstand mot dei nykomarane som har strøymt til fabrikkane i særleg store mengder under krigen, og som no gjerne vil handsama *folkets* fabrikk, fabrikkene som folket har eigna til seg, på den gamle måten, utan anna føremål enn å «skjera seg sjølve så stort stykke som råd av kaka og så forsvinna». Alle klassemedvitne, ærlege og tenkjande bønder og arbeidande menneske vil stå side om side med dei framskridne arbeidarane i denne kampen.

Rekneskapsførsel og kontroll, *dersom* det vert gjennomført av sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar som øvste statsmakta eller etter instruksar, etter fullmakter frå *denne* makta — utbreidd, allmenn, altfemnande rekneskapsførsel og kontroll, rekneskapsførsel og kontroll over kor mykje arbeid som er nytta, og over fordelinga av produkta — dette er *kjernen* i den sosialistiske omforminga så snart det politiske herredømmet til proletariatet er oppretta og tryggja.

Den rekneskapsførselen og kontrollen som er grunnleggjande for overgangen til sosialismen, kan berre setjast i verk av folket. Berre frivillig og samvitsfullt samarbeid mellom *massane* av arbeidarar og bønder i å føra rekneskap med og kontrollera *dei rike, kjeltringane, leddiggjengarane og slampane* — eit samarbeid som må merkjast med revolusjonær eldhug — kan vinna over desse leivningane frå det forbanna kapitalistiske samfunnet, dette avfallet frå menneskeætta, desse vonlaust opprotna og forkrøpla lemene, denne smitten, denne pesta, denne svulsten som sosialismen har arva frå kapitalismen.

Arbeidarar og bønder, arbeidande og utbytta! Jorda,

bankane og fabrikkane har no vorte eigedomen til heile folket! De må *sjølv* setja i gang å arbeida med å føra rekneskap og kontroll over produksjonen og fordelinga av produkta. Dette og *berre* dette er vegen til siger for sosialismen, einaste garantien for at han skal sigra, garantien for siger over all utbytting, over all fattigdom og naud! For det er nok brød, jarn, tømmer, ull, bomull og lin i Russland til å tilfredsstilla trongen til alle, dersom berre arbeidet og produkta av det vert skikkeleg fordelte, dersom det berre vert skipa ein *forretningsmessig, praktisk* kontroll frå heile folket over denne fordelinga, føresett berre at vi kan vinna over fiendane til folket: dei rike og etterslepet deira, og kjeltringane, lediggjengarane og slampane, *ikkje berre* i politikken, men og i *det økonomiske kvardagslivet*.

Ingen nåde for desse fiendane av folket, fiendane av sosialismen, fiendane av det arbeidande folket! Krig til døden mot dei rike og etterslepet deira, dei borgarlege intellektuelle! Krig mot kjeltringane, lediggjengarane og slampane! Dei er alle runne av same rot — avkomet til kapitalismen, produkt av det aristokratiske og borgarlege samfunnet. Det samfunnet der ein handfull menneske rana og krenkte folket. Det samfunnet der fattigdom og naud tvinga tusenvis ut på slampestigen med korrupsjon og kjeltringstrekar, slik at dei mista alle menneskelege drag. Det samfunnet som uunngåeleg dyrka fram i det arbeidande mennesket hugen til å sleppa unna utbyttinga jamvel ved å driva med svik, å vri seg ut or henne, å koma seg unna alt ufyseleg arbeid om det så berre var for ein augeblink, å skaffa seg i det minste ei brødskorpe på eitkvart vis same *kva* det kosta, slik at ein slapp svelta, slik at ein kunne undertrykkja den hungerpina som både ein sjølv og dei som stod ein nærast leid av.

Dei rike og kjeltringane er to sider av same medaljen. Dei er dei to hovudtypane av *parasittar* som kapitalismen har fostra. Dei er hovudfiendane til sosialismen. Desse fiendane må setjast under særøppsyn av heile fol-

ket og må straffast nådelaust for det minste brot på lovene og reglane i det sosialistiske samfunnet. Å leggja for dagen nokon veikskap, vakling eller sentimentalitet når det gjeld dette, vil vera å gjera eit grovt brotsverk mot sosialismen.

For at desse parasittane ikkje skal kunna gjera skade på det sosialistiske samfunnet, må vi skipa det slik til at heile folket, millionar og atter millionar av arbeidarar og bønder tek del i rekneskapsførselen og kontrollen med den arbeidsmengda som er gjort og med produksjonen og fordelinga, og at dei tek del frivillig, energisk og med revolusjonær eldhug. Og for å skipa til denne rekneskapsførselen og kontrollen, noko som kvar einaste ærleg, dugande og arbeidssam arbeidar og bonde *er fullt i stand til*, må vi vekkja opp evnene deira til å organisera, evner som ein finn midt mellom dei. Vi må vekkja *konkurransen* mellom dei når det gjeld organisatoriske resultat, og organisera han over heile landet. Vi må få arbeidarane og bøndene til å sjå klårt skilnaden mellom naudsynthe råd frå folk med utdanning og den naudsynthe kontrollen som den «vanlege» arbeidar og bonde må føra med alt *slurvet* som er så utbreidd mellom dei «velutdanna».

Dette slurvet, denne likesæla, mangelen på orden og presisjon, dette nervøse hastverket, hugen til å diskutera i staden for å handla, prata i staden for å arbeida, denne hugen til å ta til med alt mogleg mellom himmel og jord utan å fullføra noko som helst, det er særmerkt for dei «velutdanna». Og det har ikkje noko å gjera med at dei er vonde frå naturen, og endå mindre med nokon vond vilje. Det kjem av alle livsvanane deira, arbeidsvilkåra, trøytteleik, det unormale skiljet mellom åndsarbeid og kroppsarbeid osv. osv.

Mellom mistaka, manglane og feila i revolusjonen vår har dei mistaka osv. slett ingen liten plass. Dei skriv seg frå desse harmelege — men slik det er no, uunngåelige — særdraga ved dei intellektuelle mellom oss, og frå *mangelen* på tilstrekkeleg ettersyn frå *arbeidarane*

over det *organisatoriske* arbeidet til dei intellektuelle.

Arbeidarane og bøndene er framleis «smålatne». Dei må kvitta seg med dette smålætet, og dei vil *for visst* verta kvitt det. Vi greier oss ikkje utan råd og rettleiing frå folk med utdanning, frå intellektuelle og spesialistar. Kvar einaste fornuftig arbeidar og bonde skjønar dette fullt ut, og dei intellektuelle mellom oss kan ikkje klaga over at arbeidarane og bøndene ikkje har synt dei merksemd og kameratsleg respekt. Men råd og rettleiing er eitt. Å organisera *praktisk* rekneskapsførsel og kontroll er noko anna. Svært ofte gjev dei intellektuelle framifrå råd og rettleiing. Men så syner det seg at dei er låtteleg, *meiningslaust*, skammeleg «trehendte» og ute av stand til å *setja ut i livet* råda og rettleiingane, til å føra *praktisk kontroll* med å setja orda over i handling.

I denne samanhengen er det fullstendig uråd å greia seg utan hjelpa og den *leiande rolla* til dei praktiske organisatorane frå «folket», frå fabrikkarbeidarane og dei arbeidande bøndene. «Det er ikkje gudane som lagar leirkara» — dette er den sanninga arbeidarane og bøndene må få prenta inn i seg. Dei må forstå at det som tel no er *praktisk arbeid*, at den historiske stunda er komen då teorien vert gjort om til praksis, får liv frå praksis, vert retta av praksis, vert prøvd ut av praksis — då orda til Marx: «Kvart steg med verkeleg rørsle er viktigare enn eit dusin program»* vert særleg sanne. Kvart verkeleg steg i praksis for å setja band og stengsel for dei rike og kjeltringane og registrera dei fullt ut og få dei under kontroll, er meir verd enn eit dusin glupe drøftingar om sosialismen. For «teorien, min ven, er grå. Men grønt er det evige livsens tre.»**

Det må skipast til konkurranse mellom dei arbeidarane og bøndene som er praktiske organisatorar. Det må kjempast imot alle freistnader på å oppretta fastfrosne former og føra inn einsretting ovanfrå, slik intellektuel-

* Marx — «Brev til Wilhelm Bracke 5. mai 1875». — *Red.*

** — Sagt av Mefistofeles i *Faust* av Goethe. — *Red.*

le har så lett for å gjera. Fastfrosne former og einsretting innført ovanfrå har ingen ting sams med demokratisk og sosialistisk sentralisme. Einskapen i det vesentlege, det grunnleggjande, i kjernen vert ikkje forstyrra, men tryggja gjennom *mangfald* i detaljane, i lokale særdrag, i *tilnærmingsmåtar*, i *framgangsmåtar* for å driva kontroll, i *måtar* å utrydde og uskadeliggjera parasittane på (dei rike og kjeltringane, slurvute og hystेरiske intellektuelle osv. osv.).

Pariskommunen gav eit stort døme på korleis initiativ, sjølvstende, handlingsfridom og livskraft nedanfrå skal kombinerast med frivillig sentralisme fri for fastfrosne former. Sovjeta våre fylgjer same vegen. Men dei er framleis «smålátne». Dei har enno ikkje vorte «varme i trøya», har enno ikkje vent seg til den nye, store, skapande oppgåva å byggja det sosialistiske systemet. Sovjeta må gå djervare til verket og leggja større initiativ for dagen. Alle «kommunar» — fabrikkar, landsbyar, forbrukarlag og forsyningskomitear — må *konkurrera* med kvarandre som praktiske organisatorar av rekneskapsførsel og kontroll med arbeidet og med fordeling av produkta. Programmet for denne rekneskapsførselen og kontrollen er einfelt, klårt og lett-skjøneleg for alle: Alle skal ha brød. Alle skal ha skikkeleg fotty og godt med klede. Alle skal ha varme bustader. Alle skal arbeida samvitsfullt. Ikkje ein einaste kjeltring (medrekna dei som sluntrar unna arbeidet) skal ha rett til å ferdast i fridom, men setjast i fengsel eller sona domen sin på straffarbeid av hardaste slag. Ikkje ein einaste rikmann som bryt lovene og reglane i sosialismen skal få lov til å sleppa unna lagnaden til kjeltringen, ein lagnad som med rette skal verta lagnaden til den rike. «Den som ikkje arbeider, skal heller ikkje eta», dette er det *praktiske* bodordet til sosialismen. Det er slik tilhøva skal organiserast *praktisk*. Dette er framgang av det *praktiske* slaget som «kommunane» våre og arbeidar- og bondeorganisatorane våre skal vera stolte av. Og dette gjeld særskilt for organisatorane

mellom dei intellektuelle (*særskilt*, av di dei er *for mykje*, *alt for mykje* vane med å vera stolte av dei allmenne instruksane og resolusjonane sine).

Kommunane, småeiningane i by og på land må sjølve finna på og prøva ut i praksis tusentals praktiske former og framgangsmåtar for å føra rekneskap med og kontrollera dei rike, kjeltringane og lediggjengarane. Variasjon er her ein garanti for effektivitet, eit pant for framgang når det gjeld å nå det eine målet alle er samde om: Å *reinsa* Russlands jord for alle skadedyr, for lopper — kjeltringane, for vegglus — dei rike, osb. osb. Ein stad vil eit halvt sneis rike, eit dusin kjeltringar, eit halvduzin arbeidarar som sluntrar unna arbeidet (på slampevis, på same vis som mange typografar i Petrograd, særleg i partitrykkeria, sluntrar unna arbeidet) settast i fengsel. Ein annan stad vil dei verta sette til å gjerare reint latrinar. Ein tredje stad vil dei verta utstyrte med «gule kort» etter at dei har sona straffa si, slik at alle kan halda eit auge med dei som *skadelege* personar inntil dei forbettrar seg. Ein fjerde stad vil kvar tiande lediggjengar verta skoten på flekken. Ein femte stad vil ein ta i bruk blanda metodar, og ved t.d. lauslating på prøve kan dei rike, dei borgarlege intellektuelle, kjeltringane og slampane som kan forbetra seg, få eit høve til å reformera seg raskt. Di større variasjonar, di betre og rikare vert den allmenne røynsla vår, di tryggare og snøggare vil framgangen for sosialismen koma og di lettare vil det verta for praksis å finna ut — for berre praksis kan finna ut — dei *beste* framgangsmåtane og midla i kampen.

I kva for ein kommune, i kva for eit distrikt i ein storby, ved kva for ein fabrikk og landsby finst det *ingen* som svelt, *ingen* arbeidslause, *ingen* rike dagdrivarar, *ingen* foraktelege lakeiar for borgarskapet, sabotørar som kallar seg sjølve intellektuelle? Kvar er det meste alt gjort for å auka produktiviteten på arbeidet, byggja gode nye hus til dei fattige, flytta dei fattige inn i husa til dei rike, syta for at kvart barn i kvar fattig familie

får ei flaske mjølk jamnleg? Det er på desse punkta *konkurransen* må utviklast mellom kommunane, småsamfunna, produsent-forbrukarlaga og samanslutningane og sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar. Dette er det arbeidet der *gåverike organisatorar* må få syna kva som bur i dei *i praksis* og forfremjast til å arbeida i statstenesta. Det finst mykje talent ute mellom folket. Det er berre undertrykt. Det må få eit høve til å koma for ein dag. *Det og berre det* kan, med stønad frå folket, berga Russland og berga den sosialistiske saka.

Skreven 24.—27. desember 1917
(6.—9. januar 1918)

Prenta i samsvar
med manuskriptet

Prenta fyrste gongen i *Pravda*
nr. 17, 20. januar 1929
underteikna: *V. Lenin*

FRÅSEGN OM RETTANE TIL DET ARBEIDANDE OG UTBYTTA FOLKET¹⁹

Den grunnlovgjevande forsamlinga vedtek:

I. 1. Det vert med dette kunngjort at Russland er ein republikk av sovjet av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar. All makt, sentralt og lokalt, ligg hos desse sovjeta.

2. Den russiske sovjetrepublikken er grunna på prinsippet om ein fri union av frie nasjonar, som ein føderasjon av sovjetiske nasjonale republikkar.

II. Den grunnlovgjevande forsamlinga har som sitt grunnleggjande mål å avskaffa all utbytting mellom menneska, å oppheva inndelinga av samfunnet i klassar heilt ut, å knusa motstanden frå utbytтарane utan mis-kunn, å oppretta ei sosialistisk organisering av samfunnet og vinna siger for sosialismen i alle land, og ho vedtek vidare:

1. Privat eigedomsrett til jorda er med dette oppheva. Det vert kunngjort at all jord, i lag med alle bygningar, jordbruksreiskaper og alt som elles høyrer jordbruksproduksjonen til, er eigedomen til heile det arbeidande folket.

2. Sovjetlovene om arbeidarkontroll og om Det øvste økonomiske rådet er med dette stadfesta med det føremålet å garantera makta til det arbeidande folket over utbytтарane, og som eit fyrste steg i retning av å gjera

fabrikkane, gruvene, jarnbanane og dei andre produksjonsmidla og transportmidla om til arbeidar- og bondestaten sin eigedom.

3. Som eitt av vilkåra for å frigjera det arbeidande folket frå åket til kapitalen, vert det med dette stadfesta at alle bankane er gått over til arbeidar- og bondestaten sin eigedom.

4. Allmenn arbeidsplikt er med dette innført med det for auga å avskaffa snyltarlaga i samfunnet.

5. For å tryggja at det arbeidande folket skal ha uinnskrenka makt og for å gjera det heilt umogleg at makta skal gå attende til utbyttarane, vert det med dette fastsett at det arbeidande folket skal væpnast. Det skal skipast ein sosialistisk Raud hær av arbeidarar og bønder, og eigarklassane skal avvæpnast heilt.

III. 1. Den grunnlovgjevande forsamlinga vil uttrykkja at ho er fast fullrådd på å riva menneskeætta ut or klørne på finanskapitalen og imperialismen, som har bløytt jorda igjennom med blod i denne mest kriminelle av alle krigar. Forsamlinga går heilhuga god for den politikken sovjetmakta fører med å fordøma dei løynlege traktatane, med å skipa til ei breiast mogleg forbrødring mellom arbeidarane og bøndene i dei krigførande hærane og for ein kvar pris og med revolusjonære midlar å nå fram til ein demokratisk fred mellom nasjonane, utan anneksjonar og skadebøter og på grunnlag av det frie sjølvrådet til nasjonane.

2. Med same målet for auga vil Den grunnlovgjevande forsamlinga krevja eit fullstendig brot med den barbariske politikken til den borgarlege sivilisasjonen, som har bygd velstanden til utbyttarane frå nokre få utvalde nasjonar på slavebinding av hundretals av millionar av arbeidande menneske i Asia, i koloniane allment og i dei små landa.

Den grunnlovgjevande forsamlinga helser politikken til Rådet av folkekommissærar velkomen, når dei kunngjer fullt sjølvstende for Finland, tek til å dra

troppar ut or Persia og kunngjer fridom til sjølvråde for Armenia²⁰.

3. Den grunnlovgevande forsamlinga ser sovjetlova om å annullera dei låna regjeringane til tsaren, godseigarane og borgarskapet tok opp, som eit fyrste slag mot den internasjonale bank- og finanskapitalen, og Forsamlinga vil gje uttrykk for at ho er overtydd om at sovjetmakta vil fylgja denne vegen støtt vidare heilt til den internasjonale arbeidaroppreisten mot åket til kapitalen har sagra fullt ut.

IV. Den grunnlovgevande forsamlinga ser det slik at det ville vera grunnleggjande feil, jamvel formelt, å stilla seg sjølv i motstrid til sovjetmakta, ut ifrå at Forsamlinga vart vald på grunnlag av partilister som var sette opp før Oktoberrevolusjonen, då folket enno ikkje var i den stilling at dei kunne reisa seg *en masse* mot utbytтарane, enno ikkje hadde røynt den fulle styrken i motstanden frå utbytтарane når dei forsvara klasseprivilegia sine og enno ikkje i praksis hadde teke til med oppgåva å byggja det sosialistiske samfunnet.

I samandrag ser Den grunnlovgevande forsamlinga det slik at no, når folket fører den siste striden mot utbytтарane sine, kan det ikkje vera plass for nokon utbytтар i noko styringsorgan. Makta må liggja heilt og fullt hos det arbeidande folket og deira rettkjende representantar — hos sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar.

Den grunnlovgevande forsamlinga stør sovjetmakta og dekreta frå Rådet av folkekommissærar, og Forsamlinga ser det slik at hennar oppgåve avgrensar seg til å slå fast dei grunnleggjande prinsippa for den sosialistiske gjenoppbygginga av samfunnet.

Den grunnlovgevande forsamlinga strevar samstundes etter å skapa ein verkeleg fri og frivillig, og difor di meir fast og stabil union av dei arbeidande klassane i alle nasjonar i Russland, men Forsamlinga avgrensar oppgåva si til å slå fast dei grunnleggjande prinsippa

for ein føderasjon av sovjetrepublikkar i Russland, og overlet til arbeidarane og bøndene i kvar nasjon å avgjera sjølvstendig og på sine eigne fullmyndige sovjetkongressar om dei ynskjer å ta del i den føderale regjeringa og i dei andre føderale sovjetinstitusjonane, og på kva vilkår.

Skreven ikkje seinare enn

3. (16.) januar 1918

Prenta i *Pravda* nr. 2 og

Izvestia nr. 2, 4. (17.)

januar 1918

Prenta i samsvar
med manuskriptet

UTKAST TIL DEKRET OM OPPLØYSING AV DEN GRUNNLOVGJEVANDE FORSAMLINGA²¹

Alt frå den russiske revolusjonen tok til har han skapt sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar som den einaste masseorganisasjonen av alle dei arbeidande og utbytta klassane som er i stand til å leia kampen desse klassane fører for fullstendig politisk og økonomisk frigjering.

Gjennom heile den innleiande fasen av revolusjonen auka talet på sovjeta. Dei voks og vart sterkare og lærte av eiga røynsle å forkasta illusjonane om kompromiss med borgarskapet og forstå kor svikefulle formene for det borgarleg-demokratiske parlamentariske systemet er av natur. Gjennom praktisk røynsle kom dei til den konklusjonen at frigjering for dei undertrykte klassane var umogleg utan at dei braut med desse formene og med alle sortar kompromiss. Brotet kom med Oktober-revolusjonen, som førte all makta over til sovjeta.

Den grunnlovgjevande forsamlinga som var vald på grunnlag av vallister som var sette opp før Oktober-revolusjonen, var eit uttrykk for det gamle tilhøvet mellom dei politiske kreftene slik det var då kompromissmakarane og kadettane sat med makta. Når folket på den tida røysta for kandidatane til det sosialrevolusjonære partiet, hadde dei ikkje høve til å velja mellom dei høgresosialrevolusjonære som stør borgarskapet, og dei venstresosialrevolusjonære som stør sosialismen. Den grunnlovgjevande forsamlinga som skulle ha vore krona på den borgarlege parlamentariske republikken,

vart difor nøydd til å verta ei hindring i vegen til Oktoberrevolusjonen og sovjetmakta.

Då Oktoberrevolusjonen gav makta til sovjeta, og gjennom sovjeta, til dei arbeidande og utbytta klassane, vekte han opp ein desperat motstand frå utbytтарane. Då, Oktoberrevolusjonen knuste denne motstanden, synte han klårt at han var opptakten til den sosialistiske revolusjonen. Dei arbeidande klassane lærte gjennom røynsle at det gamle borgarlege parlamentariske systemet hadde overlevd seg sjølv og ikkje kunne sameinast med målet å nå sosialismen på nokon måte. Dei lærte og at det som var i stand til å vinna over motstanden frå eigarklassane og leggja grunnen for det sosialistiske samfunnet ikkje var nasjonale institusjonar, men klasseinstitusjonar. Å gje slepp på den suverene makta til sovjeta, å gje slepp på Sovjetrepublikken som folket har vunne, for det borgarlege parlamentariske systemet og Den grunnlovgevande forsamlinga si skuld, ville no vera eit steg bakover, og det ville føra til at Oktoberrevolusjonen til arbeidarane og bøndene braut saman.

Ut ifrå dei omstenda som er nemnde ovanfor, fekk partiet til dei høgresosialrevolusjonære, partiet til Kerenki, Avksentjev og Tsjernov, fleirtalet i Den grunnlovgevande forsamlinga som kom saman 5. januar. Sjølv sagt nekta dette partiet å diskutera det fullstendig klåre, presise og utvetydige framlegget frå det øvste organet for sovjetmakta, den sentrale eksekutivkomiteen for sovjeta, om å godkjenna programmet til sovjetmakta, godkjenna fråsegna om rettane til det arbeidande og utbytta folket, godkjenna Oktoberrevolusjonen og sovjetmakta. Med denne handlinga braut Den grunnlovgevande forsamlinga alle band med Sovjetrepublikken Russland. Det var uunngåeleg at bolsjevikgruppa og gruppa til dei venstresosialrevolusjonære, som no er i overveldande fleirtal i sovjeta og har fått tilliten til arbeidarane og fleirtalet av bøndene, drog seg ut frå ei slik grunnlovgevande forsamling.

Dei høgresosialrevolusjonære og mensjevikiske par-

tia fører i røynda ein sær desperat kamp mot sovjetmakta utanfor Den grunnlovgjevande forsamlinga. I pressa si går dei ope inn for at sovjetmakta må kastast, og dei skriv at det er vilkårleg og mot lova når styrkane til arbeidarklassen knuser motstanden frå utbyttarane. Men dette er heilt naudsynt om ein er interessert i frigjering frå utbyttinga. Dei forsvarar sabotørane, tenarane til kapitalen, og dei går så langt at dei openlyst oppmodar til terrorhandlingar, som visse «ukjende grupper» alt har teke til med. Det seier seg sjølv at under slike omstende kunne det som er att av Den grunnlovgjevande forsamlinga berre tena som eit dekkje for den kampen dei kontrarevolusjonære fører for å styrta sovjetmakta.

Følgjeleg avgjer den sentrale eksekutivkomiteen at Den grunnlovgjevande forsamlinga med dette er oppløyst.

Skreven 6. (19.) januar 1918
Prenta i *Izvestia* nr. 5
7. januar 1918

Prenta i samsvar
med manuskriptet

TESAR OM SPØRSMÅLET OM Å GÅ INN I EIN SEPA- RAT ANNEKSJONISTISK FRED STRAKS²²

1. Stillinga for den russiske revolusjonen nett no er den at mest alle arbeidarane og det store fleirtalet av bøndene utan tvil står på same side som sovjetmakta og den sosialistiske revolusjonen ho har starta. Så langt er den sosialistiske revolusjonen i Russland trygga.

2. Til same tid har borgarkrigen, som er provosert fram av den ville motstanden frå dei velhavande klassane som er fullt klåre over at dei står framfor den siste og avgjerande kampen for å halda på den private eigedomsretten over jorda og produksjonsmidla — enno ikkje nådd sitt høgste. Sigeren er viss for sovjetmakta i denne krigen. Men det vil uunngåeleg ta ei tid, det vil uunngåeleg krevja ein temmeleg sterk innsats, det vil uunngåeleg koma ein viss periode med akutt økonomisk oppløysing og kaos, noko som fylgjer alle krigar og særleg borgarkrigar, før motstanden frå borgarskapet er knust.

3. Vidare har denne motstanden i sine mindre aktive og ikkje-militære former — sabotasje, verving av deklasserte* element og agentar for borgarskapet som snik seg inn i rekkjene til sosialistane for å øydeleggja saka deira osb. osb. — synt seg så hardsett og i stand til å ta så mange ulike former at kampen mot han uunngåeleg vil ta enno ein del tid, og det er lite truleg at dei viktigaste formene for han vil ta slutt før om fleire månader.

* *Deklassert* — av deklassera, det å setja ned i ein lågare klasse, fornedra. — *Red.*

Og utan at denne passive og fordekte motstanden frå borgarskapet og deira tilhengjarar er fullstendig knust, kan ikkje den sosialistiske revolusjonen lykkast.

4. Til sist, problema med å organisera den sosialistiske omskipinga av Russland er så store og vanskelege at det vil ta nokså lang tid å løysa dei — sett på bakgrunn av alle dei småborgarlege medløparane til det sosialistiske proletariatet, og det låge kulturelle nivået proletariatet har.

5. Når ein ser alle desse omstenda i samanheng, vert det fullstendig klårt at det trengst ein god del tid, i det minste fleire månader, før sosialismen i Russland kan lykkast. I denne tida må den sosialistiske regjeringa ha hendene fullstendig frie til fyrst å sigra over borgarskapet i vårt eige land og setja i gang vidtrekkjande organisatorisk massearbeid i stor målestokk.

6. Stillinga for den sosialistiske revolusjonen i Russland må vera utgangspunktet for ei kvar fastsetjing av dei internasjonale oppgåvene til sovjetmakta vår, for den internasjonale stoda i det fjerde krigsåret er slik at det er heilt umogleg å spå det sannsynlege tidspunktet då revolusjonen vil bryta ut og dei imperialistiske regjeringane verta styrta i nokon av dei europeiske landa (medrekna Tyskland). At den sosialistiske revolusjonen i Europa må koma og vil koma er det ingen tvil om. Alle våre voner om ein *endeleg* siger for sosialismen grunnar seg på denne vissa og denne vitskaplege prognosen.* Propagandaverksemda vår allment, og organiseringa av fraterniseringa** særskilt, må forsterkast og utvidast. Men det ville vera ein feil om vi grunna taktikken til den russiske sosialistiske regjeringa på freistnader på å slå fast om den sosialistiske revolusjonen i Europa, og

* *Prognose* — ein spådom om framtida basert på vitskaplege eksperiment. — *Red.*

** *Fraternisering* — å gjera seg til vens med fienden, her særleg i tydinga å få fiendesoldatane over på eit revolusjonært standpunkt og gå imot sine eigne regjeringar og sine eigne offiserar. — *Red.*

særleg i Tyskland, vil koma innan seks månader (eller ei liknande kort tid) eller ikkje. Så lenge det er heilt uråd å avgjera dette, vil alle slike freistnader objektivt sett ikkje vera anna enn blind hasard.

7. Fredstingingane i Brest-Litovsk har opp til no — 7. januar 1918 — gjort det heilt klårt at krigspartiet utan tvil har fått overtaket i den tyske regjeringa (som har dei andre regjeringane i firemaktsalliansen fullstendig i lomma), og i røynda alt har lagt fram eit ultimatum for Russland (vi kan venta, temmeleg sikkert venta, at det vil verta sett fram formelt kva dag som helst no). Ultimatumet er slik: Anten framhald av krigen eller fred med anneksjonar, dvs. fred på vilkåret at vi gjev frå oss heile landområdet vi har okkupert, medan tyskarane held på *heile* landområdet dei har okkupert og legg på oss ei krigsskadebot (som utetter vert løynd som betaling for underhald av krigsfangar) — ei skadebot på kring tre milliardar rublar som skal betalast over fleire år.

8. Den sosialistiske regjeringa i Russland står no framfor spørsmålet om å godta denne freden med anneksjonar no, eller å gå til revolusjonær krig straks. Dette spørsmålet kan det ikkje drygast med. Ingen mellomveg er i røynda mogleg. Vi kan ikkje oppnå fleire utsetjingar, for vi har *allereie* gjort alt som er mogleg og umogleg for å dra ut tingingane med vilje.

9. Når vi går igjennom argumenta som talar for ein revolusjonær krig straks, er det fyrste argumentet vi møter at ein separat fred ved dette leitet objektivt sett ville vera ei semje med dei tyske imperialistane, ein «imperialistisk avtale» osb., og at ein slik fred fylgjeleg vil tyda eit fullstendig brot med dei grunnleggjande prinsippa for den proletariske internasjonalsismen.

Men dette argumentet er klårt feil. Arbeidarar som taper ein streik og skriv under på vilkår som ikkje gagnar dei, men som gagnar kapitalistane, for å ta opp att arbeidet, svik ikkje sosialismen. Dei einaste som svik

sosialismen er dei som sikrar føremoner for ein del av arbeidarane i byte med profitt til kapitalistane. Berre slike semjer kan i prinsippet ikkje tillatast.

Han som kallar krigen mot den tyske imperialismen ein forsvarskrig og ein rettferdig krig, men i røynda tek imot stønad frå dei engelsk-franske imperialistane og gøymer bort løynlege avtalar han har skrive under med dei for folket, han svik sosialismen. Men han som går med på å skriva under på fredsvilkår som ikkje gagnar den svake nasjonen, men gagnar den eine gruppa av imperialistar, og gjer det av di det ikkje finst krefter att til å halda fram med krigen, utan å løyna noko for folket og utan å gå inn i nokon løynlege avtalar med imperialistar, han svik ikkje sosialismen i det heile.

10. Eit anna argument som talar for å gå til krig straks, er at vi med å slutta fred objektivt sett vert agentar for den tyske imperialismen, for vi gjev dei høve til å frigjera troppar frå fronten vår, vi gjev over millionar av krigsfangar til dei, osb. Men dette argumentet er og openbert feil, for ein revolusjonær krig ved dette leitet ville objektivt sett ha gjort oss til agentar for den engelsk-franske imperialismen med å forsyna han med styrkar for å fremja måla hans. Britane tilbød vår øvstkommanderande, Krylenko, endeframt eitt hundre rublar for månaden for kvar av våre soldatar, føresett at vi heldt fram med krigen. Jamvel om vi ikkje tok imot ein einaste kopek frå engelskmennene og fransk-mennene, ville vi objektivt sett hjelpa dei med at vi batt ein del av den tyske hæren.

Frå denne synsstad ville vi ikkje i noko av tilfella sleppa heilt unna ei eller anna slags binding til imperialismen, og det er klårt at det er umogleg å sleppa heilt unna utan at verdsimperialismen vert styrta. Rette konklusjonen på dette er at frå den stunda ei sosialistisk regjering sigra i eitt eller anna land, kan ikkje spørsmål avgjerast utifrå problemstillinga om det er betre å velja ein imperialisme enn hin, men einast utifrå synstaden om kva vilkår som gjev den sosialistiske revolusjonen

som alt har teke til best høve til å utvikla seg og grunnfesta seg.

Med andre ord må det prinsippet som taktikken vår skal byggja på ikkje vera kva for ein av dei to imperialismane det løner seg best å hjelpa ved dette leitet, men heller korleis det mest mogleg fast og pålitande kan tryggjast at den sosialistiske revolusjonen får høve til å grunnfesta seg, eller i det minste til å halda seg oppe i eitt land til det får fylgje av andre land.

11. Det vert sagt at dei tyske sosialdemokratiske krigsmotstandarane no har vorte «nederlagsmenn» og bed oss om ikkje å gje etter for den tyske imperialismen. Men vi har godteke nederlagsstemning berre når det gjeld *eins eige* imperialistiske borgarskap, og vi har alltid mislika metoden med å sgra over ein framand imperialisme i formell eller faktisk allianse med ein «venlegsinna» imperialisme, og meint at metoden var utilla-teleg i prinsippet og allment feil.

Dette argumentet er difor berre ei tillemping på det som før er nemnt. Dersom dei tyske venstresosialdemokratane kom med framlegg om at vi skulle utsetja i ei *fastsett* tid å slutta separat fred, og dei garanterte at det kom ein revolusjonær aksjon i Tyskland innanfor dette tidsromet, då *kunne* spørsmålet koma i eit anna lys for oss. Men dei tyske venstrefolka seier langt ifrå dette. I staden seier dei formelt ifrå: «Hald ut så lenge som de kan. Men de må avgjera spørsmålet ut ifrå korleis den *russiske* sosialistiske revolusjonen står, for vi kan ikkje lova dykk noko som helst positivt når det gjeld den tyske revolusjonen.»

12. Det vert sagt at vi beintfram «lova» ein revolusjonær krig i ei rekkje utsegner frå partiet, og at vi bryt det vi har lova om vi sluttar separat fred.

Det er ikkje sant. Vi sa at i den imperialistiske tidbolken *må* ei sosialistisk regjering «*bu seg på å føra*» ein revolusjonær krig.* Dette sa vi for å stri imot den ab-

* Sjå Lenin: «Særskilde tesar ...» (1915) i *Samla verk*, eng. utg., band 21, s. 404. — *Red.*

strakte pasifismen og teorien om at «forsvar av fedrelandet» må avvistas fullstendig i den imperialistiske tidbolken, og til sist mot dei reine egoistiske instinkta hjå ein del av soldatane. Men vi gav aldri nokon lovnad om å byrja ein revolusjonær krig utan å vurdere om det var mogleg å føra han på den tida det galdt.

Utan tvil må vi også ved dette leitet *bu oss* på ein revolusjonær krig. Vi skal setja denne lovnaden ut i livet like eins som vi i det heile har sett alle lovnader ut i livet som kunne setjast ut i livet straks. Vi annullerte dei løynlege avtalane, vi baud alle folk ein rettvis fred og vi gjorde ei rekkje gonger vårt beste for å hala ut fredstingingane slik at andre folk fekk ein sjanse til å slå lag med oss.

Men spørsmålet om det er mogleg å føra ein revolusjonær krig *no, straks*, må einast avgjerast utifrå synsvinkelen om dei materielle vilkåra tillet det, og utifrå interessene til den sosialistiske revolusjonen som alt har teke til.

13. Når vi summerer opp argumenta som talar for å gå til revolusjonær krig straks, må vi konkludera med at ein slik politikk kanhende ville vera eit svar på ein menneskeleg lengt etter det vakre, det dramatiske og det slåande. Men han ville sjå fullstendig bort ifrå den objektive balansen mellom klassekrefter og materielle faktorar på det noverande stadiet i den sosialistiske revolusjonen som er i gang.

14. Det kan ikkje rå tvil om at hæren vår nett no er fullstendig ute av stand til å slå attende ein tysk offensiv framgangsrikt, og han vil ikkje kunna klara det dei neste vekene (truleg heller ikkje dei neste månadene). For det fyrste er fleirtalet av soldatane yttarst slitne og utkøyrde, og dette går saman med at det rår eit utruleg kaos når det gjeld matforsyningane, avløysing av dei som er overslitne osb. For det andre er hestane heilt ubrukande, og fylgjeleg vil artilleriet vårt uunngåeleg verta knust. For det tredje er det fullstendig umogleg å forsvara kystlina frå Riga til Reval. Det gjev fienden ein

temmeleg sikker sjanse til å ta resten av Livland* og så Estland, og til å gå utanom ein stor del av styrkane våre og til sist ta Petrograd.

15. Vidare kan det ikkje rå den minste tvil om at bondefleirtalet i hæren vår ved dette leitet utan atterhald vil seia seg samde i ein fred med anneksjonar og usamde i ein revolusjonær krig straks. Den sosialistiske omskipinga av hæren, å slå avdelingar av Raudegardane saman med han og så bortetter, er berre nyss starta.

Etter at hæren er fullstendig demokratisert, ville det å halda fram med krigen i strid mot ynskja til fleirtalet av soldatane vera vitlaust sjansespel, medan det å skapa ein verkeleg stø og ideologisk stabil sosialistisk arbeidar- og bondehær i det minste vil krevja fleire månader.

16. Dei fattige bøndene i Russland er i stand til å stø den sosialistiske revolusjonen som arbeidarklassen leier, men dei er ikkje i stand til å gå med på å kjempa ein alvorleg revolusjonær krig straks, ved dette leitet. Å sjå bort ifrå den objektive balansen mellom klassekreftene i denne saka ville vera eit lagnadstungt mistak.

17. Fylgjeleg er stoda med omsyn til ein revolusjonær krig nett no denne:

Dersom den tyske revolusjonen skulle bryta ut og si-gra dei fyrste tre—fire månadene, ville taktikken med ein revolusjonær krig straks kanhende ikkje knusa den sosialistiske revolusjonen vår.

Men dersom den tyske revolusjonen ikkje kjem dei fyrste månadene, då vil det uunngåeleg gå slik til dersom krigen held fram, at alvorlege nederlag vil tvinga Russland til å slutta ein endå dårlegare separat fred, ein fred som det dessutan ikkje ville vera ei sosialistisk regjering som slutta, men einkvan annan (t.d. ein blokk

* *Livland* — Landområde som i hovudsak dekkjer nordre delen av det som no er Sovjetrepublikken Latvia. — *Red.*

av den borgarlege radaen* og tilhengjarane til Tsjernov eller noko liknande). For bondehæren som er utsli-
ten til det ytste av krigen, vil styrta den sosialistiske
arbeidarregjeringa etter dei aller fyrste nederlaga — og
svært truleg innan få veker — og ikkje månader — har
gått.

18. Når sakene står slik, ville det vera ein fullstendig
utillateleg taktikk å satsa lagnaden til den sosialistiske
revolusjonen, som alt har teke til i Russland, på den ei-
ne sjansen at den tyske revolusjonen kunne ta til i næra-
ste framtida, innan få veker. Ein slik taktikk ville vera
vitlaust sjansespel. Vi har ingen rett til å ta ein slik risi-
ko.

19. Det vil på ingen måte verta vanskelegare å gjera
revolusjon i Tyskland dersom vi går inn i ein separat
fred, når ein ser på dei objektive vilkåra. Truleg vil ein
sjåvinistisk rus svekkja revolusjonen ei tid, men Tysk-
land vil framleis stå i ei svært alvorleg stilling. Krigen
med Storbritannia og Amerika vil dra i langdrag, og
den aggressive imperialismen vil koma heilt og fullt til
syne på båe sider. Ein sosialistisk sovjetrepublikk i
Russland vil stå som eit levande føredøme for folka i al-
le land, og propagandaen og den revolusjonsfremjande
verknaden av dette dømet vil vera enorm. Der — det
borgarlege systemet og ein fullt berrlagd rovkrig mel-
lom to røvargrupper. Her — fred og ein sosialistisk sov-
jetrepublikk.

20. Når vi går inn i ein separat fred, gjer vi oss fri *så
langt det er mogleg nett no* frå båe dei fiendtlege impe-
rialistgruppene. Vi utnyttar til vår fordel den gjensidige
fiendskapen og krigføringa deira, som hindrar dei i ein
samordna aksjon mot oss, og for ei viss tid har vi hen-
dene frie til å føra vidare og grunnfesta den sosialistiske
revolusjonen. Så sant vi kan sikrast nokre månader då
vi kan arbeida i fred, er det fullt ut gjerande økonomisk
å skipa om Russland på grunnlag av proletariatets dik-

* Sjå note 15 om den ukrainske sentral-radaen. — *Red.*

tatur og nasjonalisera bankane og storindustrien, saman med *produktbyte* i naturalia mellom byane og forbrukarlaga til småbøndene. Og ei slik omskiping vil gjer sosialismen uovervinneleg både i Russland og elles i verda, til same tid som ho skaper eit solid grunnlag for ein mektig Raud hær av arbeidarar og bønder.

21. Ein verkeleg revolusjonær krig ved dette leitet vil vera ein krig som ein sosialistisk republikk førte mot dei borgarlege landa med det føremålet å styrta borgarskapet i andre land — eit føremål som var klårt stilt og fullt godkjent av den sosialistiske hæren. Men vi kan *heilt tydeleg* ikkje setja oss eit slikt mål nett *no*. Objektivt ville vi no kjempa for å frigjera Polen, Livland og Kurland.* Men ingen marxist kan utan å forneakta prinsippa i marxismen og i sosialismen allment, nekta for at interessene til sosialismen står over interessene nasjonane har av å få sjølvråderett. Den sosialistiske republikken vår har gjort det han kunne og held fram å gjera det han kan for å gjera sjølvrådet til Finland, Ukraina osv. til røyndom. Men dersom den konkrete stoda er slik at sjølve eksistensen til den sosialistiske republikken vert sett i fåre i augeblinken fordi det vert gjort vald mot sjølvrådet til ei rekkje nasjonar (Polen, Livland, Kurland osv.), då går sjølv sagt det å halda den sosialistiske republikken ved lag framom.

Fylgjeleg når nokon seier: «Vi kan ikkje skriva under på ein audmykjande, beinhard osv. fred, svika Polen, og så frametter», då skjønar dei ikkje at om vi gjekk med på fred på det vilkåret at Polen vart fritt, då ville det berre styrkja den tyske imperialismen mot Storbritannia, Belgia, Serbia og andre land *endå meir*. Fred på det vilkåret at Polen, Livland og Kurland vart frie ville vera ein «patriotisk» fred *frå Russlands synsstad*. Men det ville framleis vera ein *fred med anneksjonistane*, med dei tyske imperialistane.

* *Kurland* — i hovudsak landet mellom Rigabukta og Austersjøen i Latvia. — *Red.*

21. januar 1918. Fylgjande skal leggjast til tesane ovanfor:

22. Massestreikane i Austerrike og Tyskland og skipinga av sovjet av arbeidarrepresentantar i Berlin og Wien som fylgde, og til sist dei væpna samanstøytane og gatekampane som tok til i Berlin 18.—20. januar — alt dette må vi sjå som prov for at revolusjonen i Tyskland har teke til.

Dette gjev oss no høve til å utsetja og dra ut fredstingingane endå litt til.

Skreven 7. (20.) januar 1918
Tese 22 skreven 21. januar
(2. februar) 1918

Prenta i samsvar
med manuskriptet

Prenta — utan tese 22 i
Pravda nr. 34 11. (24.)
februar 1918
underteikna: *N. Lenin*

DET SOSIALISTISKE FEDRELANDET ER I FARE!²³

For å berga dette uttrøytt og herja landet frå nye påkjenningar med krig vedtok vi å gjera eit svært stort offer og gav tyskarane melding om at vi var klære til å skriva under på fredsvilkåra deira. Våpenkvileutsendingane våre drog frå Resjitsa til Dvinsk om kvelden 20. (7.) februar, og vi har enno ikkje fått noko svar. Den tyske regjeringa har tydelegvis inga hast med å svara. Det tykkjest klårt at ho ikkje ynskjer fred. Den tyske militarismen vil føra til endes den oppgåva kapitalistane i alle land har lagt på han: *Han ynskjer å kvela dei russiske og ukrainske arbeidarane og bøndene, å gje jorda attende til godseigarane, fabrikkane og verka attende til bankierane, og makta til monarkiet.* Dei tyske generalane ynskjer å føra inn sin «orden» i Petrograd og Kiev. *Den sosialistiske Sovjetrepublikken er i den største fare!* Inntil proletariatet i Tyskland reiser seg og sigrar, er det ei heilag plikt for arbeidarane og bøndene i Russland å forsvara Sovjetrepublikken heilhuga mot hordane til det borgarleg-imperialistiske Tyskland.

Rådet av folkekommissærar vedtek:

1) *Alle krefter og alle ressursar i landet skal setjast heilt og fullt inn i tenesta til det revolusjonære forsvarret.*

2) *Alle sovjet og revolusjonære organisasjonar har ordre om å forsvare kvar stilling til siste blodsdrope.*

3) Jarnbaneorganisasjonane og sovjeta som er knytte til dei må gjera sitt ytste for å hindra at fienden gjer seg nytte av transportsystemet. Ved tilbaketog skal dei øydeleggja linene og sprengja eller brenna ned jarnbanebygningane. Alt rullande materiell — vogner og lokomotiv — skal straks sendast austover, inn i det indre av landet.

4) Alle kornlager og matvarelager i det heile, så vel som all verdifull eigedom som står i fare for å falla i hendene på fienden, skal utan atterhald øydeleggjast. Ansvar med å sjå til at det vert gjort ligg på dei lokale sovjeta, og formennene deira er personleg ansvarlege.

5) Arbeidarane og bøndene i Petrograd, Kiev, og i alle byar, tettstrok, landsbyar og småplassar langs den nye frontlina skal setja opp bataljonar til å grava skyttargraver under leiing av militærkunnige personar.

6) *I desse bataljonane skal alle arbeidsføre medlemmer av borgarklassen, både menn og kvinner, vera med under overoppsyn av raudegardane. Dei som set seg imot skal skytast.*

7) Alle publikasjonar som går imot det revolusjonære forsvaret og tek parti for det tyske borgarskapet, eller som freistar dra fordel av invasjonen frå imperialisthordane til å styrta sovjetstyret, skal verta forbodne. Arbeidsføre redaktørar og redaksjonsmedlemmer i slike publikasjonar skal mobiliserast til å grava skyttargraver eller til anna forsvarsarbeid.

8) *Agentar for fienden, profitørar, folk som plyndrar og stel, kontrarevolusjonære agitatorar og tyske spionar skal skytast på flekken.*

Det sosialistiske fedrelandet er i fare! Lenge leve det sosialistiske fedrelandet! Lenge leve den internasjonale sosialistiske revolusjonen!

Rådet av folkekommissærer

21. februar 1918

Petrograd

Pravda nr. 22

22. februar 1918

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten

UNDERLEG OG UHYRLEG

Distriktskomiteen i partiet vårt i Moskva har i ein resolusjon som vart vedteken den 24. februar 1918 uttrykt mistillit til sentralkomiteen²⁴. Ho nekta å lyda dei avgjerdene «som har samanheng med gjennomføringa av vilkåra i fredstraktaten med Austerrike og Tyskland», og i ein «forklårande merknad» til resolusjonen kunngjer ho at ho «ser det vanskeleg å unngå ei kløyving i partiet i aller næraste framtid».*

Det er ikkje noko uhyrleg, ikkje eingong noko underleg i alt dette. Det er heilt naturleg at kameratar som er sterkt usamde med sentralkomiteen i spørsmålet om ein separat fred fordømer sentralkomiteen skarpt og gjev uttrykk for at dei er overtydde om at ei kløyving er uunngåeleg²⁵. Alt dette har partimedlemene fullt lovleg rett til å gjera, og det er heilt ut forståeleg.

Men no kjem det som er underleg og uhyrleg. Det er lagt ved resolusjonen ein «forklårande merknad». Den fulle ordlyden på han er slik:

«Distriktskomiteen i Moskva ser det vanskeleg å

* Den fulle teksten på resolusjonen lyder slik: «Distriktskomiteen av RSDAP i Moskva har diskutert verksemda til sentralkomiteen. Vi vil uttrykka mistillit til sentralkomiteen på grunnlag av den politiske lina han fører og den samansetjinga han har, og vil ved fyrste høve gå inn for at det vert vald ein ny sentralkomite. Vidare kjenner ikkje distriktskomiteen i Moskva seg bunden til å lyda utan atterhald dei avgjerdene i sentralkomiteen som har samanheng med gjennomføringa av vilkåra i fredstraktaten med Austerrike og Tyskland.» Resolusjonen vart vedteken samrøystes.

unngå ei kløyving i partiet i aller næraste framtid, og ho set seg som oppgåve å hjelpa til å sameina alle prinsipp-faste revolusjonære kommunistar som på lik line går imot både talsmennene for å slutta ein separat fred og alle moderate opportunistar i partiet. *I interessene til verdsrevolusjonen ser vi det føremålstenleg å godta at det er mogleg sovjetmakta går tapt, for ho held no på å verta reint formell.* Liksom før held vi på at hovud-oppgåva vår er å spreia ideane om den sosialistiske revolusjonen til alle andre land, å fremja diktaturet til arbeidarane fast og fullradd og undertrykkja den borgarlege kontrarevolusjonen i Russland nådelaut.»

Det er dei orda vi har streka under i dette avsnittet som er — underlege og uhyrlege.

Det er i desse orda vi finn kjernen i denne saka.

Desse orda gjer heile den lina forfattarane av resolusjonen legg fram, meiningslaus. Desse orda kastar eit uvanleg klårt lys over røtene til feila deira.

«I interessene til verdsrevolusjonen er det føremålstenleg å godta at det er mogleg sovjetmakta går tapt ...» Dette er underleg, for det finst ikkje noko slags samanheng mellom premissane og konklusjonen. «I interessene til verdsrevolusjonen er det føremålstenleg å godta at sovjetmakta *vert slegen militært*» — ein slik påstand kan vera rett eller galen, men han kan ikkje kallast underleg. Dette for det fyrste.

For det andre: Sovjetmakta «held no på å verta reint formell». Dette er ikkje berre underleg lenger, men beintfram uhyrleg. Tydelegvis har forfattarane surra seg grundig bort. Vi må klåra opp for dei.

Når det gjeld fyrste spørsmålet, er tanken til forfattarane etter det vi kan skjønna at det ville vera føremålstenleg i interessene til verdsrevolusjonen å godta at det var mogleg med eit nederlag i krigen som førte til at sovjetmakta gjekk tapt, eller med andre ord til at borgarskapet sigra i Russland. Med å målbera denne tanken går forfattarane indirekte med på at det var sant det eg sa i tesane (8. januar 1918, offentleggjort i *Prav-*

da 24. februar 1918),* nemleg at å nekta å godta fredsvilkåra tyskarane har lagt fram, ville føra med seg nederlag for Russland og at sovjetmakta vart styrta.

Og så, *la raison finit toujours par avoir raison*, — sanninga sigrar alltid! Dei «ekstremistiske» motmennene mine, moskovittane som trugar med ei kløyving, har — nett av di dei har kome til det punktet der dei talar ope om kløyving — vorte nøyddde til å tala like ope om dei verkelege grunnane sine, dei grunnane som folk som avgrensar seg til allment frasemakeri om revolusjonær krig helst hoppar stilt over. Sjølv kjernen i tesane og argumenta mine (og det kan alle sjå som bryr seg om å lesa tesane mine frå 7. januar 1918 merksamt) er at vi må godta denne yttarst strenge freden *no* straks, til same tid som vi *bur* oss alvorleg på ein revolusjonær krig (og dessutan godtek han nett av omsyn til slike alvorlege førebuingar). Dei som avgrensa seg til å koma med allmenne frasar om ein revolusjonær krig, oversåg eller greidde ikkje merkja seg — eller dei ynskte ikkje å merkja seg — det som er sjølv kjernen i argumentasjonen min. Og no er det dei «ekstremistiske» motmennene mine, moskovittane, som eg må takka av fullt hjarta for at dei har brote «samansverjinga av tagnad» om *kjernen* i argumenta mine. Moskovittane har vorte dei *fyrste* som har svara på dei.

Og kva er det dei svarar?

I svaret deira ligg det at *dei går med på at det konkrete argumentet mitt er rett*. Ja, har moskovittane vedgått, vi kjem sikkert til å verta slegne dersom vi slåss mot tyskarane no.**Ja, eit slikt nederlag vil sikkert føra til at sovjetmakta fell.

* Sjå: «Tesar om spørsmålet om å gå inn i ein separat anneksonistisk fred straks» (s.68 i denne boka). — Red.

** Når det gjeld motargumentet, at det likevel var umogleg å unngå kamp, har hendingane sjølv gjeve svaret: 8. januar vart tesane mine lesne opp. 15. januar *kunne* vi ha hatt fred. Vi ville heilt sikkert kunna fått eit pusterom (og for oss ville jamvel det kortaste pusterom hatt svært mykje å seia, både materielt og moralsk, for då måtte *tyskarane*

Gong på gong takkar eg av fullt hjarta dei «ekstremistiske» motmennene mine, moskovittane, for at dei har brote «samansverjinga av tagnad» mot kjernen i argumenta mine, dvs. mot den *konkrete* utsegna mi om korleis vilkåra for krigen skulle vera dersom vi skulle godta han straks, og eg takkar dei for at dei utan frykt har vedgått at den konkrete utsegna mi var rett.

Vidare, på kva grunnlag er argumenta mine avviste, dei argumenta som moskovittane har vorte tvinga til å vedgå er rette i grunndraga?

Med den grunngevinga at *vi må* godta at sovjetmakta går tapt av omsyn til verdsrevolusjonen.

Kvifor skulle omsynet til verdsrevolusjonen krevja dette? Dette er hovudpoenget i saka. Dette er sjølv kjernen i tankegangen til dei som ville like å slå argumenta mine ned. Og om dette, det viktigaste, mest grunnleggjande og mest vesentlege punktet er det ikkje sagt eitt ord korkje i resolusjonen eller i den forklårande merknaden. Dei som forfatta resolusjonen, fann tid og rom til å skriva om det som er allment kjent og udiskutabelt — om å «undertrykkja den borgarlege kontra-revolusjonen i Russland nådelaut» (med å nytta metodane og midla til ein politikk som fører til at sovjetmakta går tapt?), og om å gå imot alle moderate opportunistar i partiet. Men det som det verkeleg står strid om, og som gjeld sjølv kjernen i standpunktet til dei som går imot freden, nemner dei ikkje med eitt einaste ord!

Underleg. Særs underleg. Tagde forfattarane av resolusjonen stilt om dette av di dei kjende at dei stod særleg svakt på dette punktet? Å seia ende fram *kvifor* (dette vert kravd av interessene til verdsrevolusjonen), ville mest truleg ha tydd at dei stilte seg sjølvne opne for hogg ...

Men korleis dette no enn er, så må vi *finna fram til*

ha kunngjort ein *ny* krig), dersom ... dersom det ikkje hadde vore for revolusjonært frasemakeri.

dei argumenta som *kan* ha vore retningsgjevande for dei som forfatta resolusjonen.

Kanhende trur forfattarane at interessene til verds-revolusjonen forbyd at det vert gjort nokon som helst slags fred med imperialistane? Dette synspunktet kom til uttrykk frå sume av dei som gjekk imot freden på eitt av møta i Petrograd, men det var berre eit svært lite mindretal av dei som gjekk imot ein separat fred som støtta det²⁶. Det er klårt at dette synspunktet ville føra til at ein nekta for at tingingane i Brest var føremåls-tenlege, og til at ein avviste freden, «jamvel» om han vart fylgd med at Polen, Latvia og Kurland vart gjevne attende. Det som er feil i dette synet (som vart vist attende til dømes av eit fleirtal av dei i Petrograd som er imot freden), ligg klårt i dagen. Ein sosialistisk republikk med imperialistmakter på alle kantar kunne utifrå denne synsstaden ikkje slutta nokon økonomiske avtalar, og kunne ikkje eksistera i det heile utan å flytta seg over til månen.

Kanhende trur forfattarane at interessene til verds-revolusjonen krev at han må *få ein skubb frametter*, og at ein slik skubb berre kan gjevast med krig og aldri med fred, som kunne gje folket inntrykk av at imperialismen no vart «legitimert»? Ein slik «teori» ville vera fullstendig i motstrid med marxismen, for marxismen har alltid gått imot å «skubba» fram revolusjonar. For dei utviklar seg etter som dei klassemotsetningane som gjev opphav til revolusjonar vert stendig meir skjerpa. Ein slik teori ville vera jamgod med det synet at væpna opprør er ei form for kamp som skal nyttast alltid og under alle vilkår. I røynda er det slik at interessene til verds-revolusjonen krev at sovjetmakta, som har styrta borgarskapet i vårt land, må *hjelpa* denne revolusjonen. Men ho må velja ei *form* for hjelp som er i samsvar med hennar eigen styrke. Å hjelpa den sosialistiske revolusjonen på internasjonalt plan med å godta at det er mogleg revolusjonen vert slegen i *eins eige* land, det er eit syn som ikkje eingong fylgjer frå teorien om «skubbet».

Kanhende trur dei som har forfatta resolusjonen at revolusjonen alt har byrja i Tyskland, og at han alt har nådd stadiet med open borgarkrig over heile landet, at vi difor må via all styrken vår til å hjelpa dei tyske arbeidarane, og må la oss sjølv gå til grunne («tapa sovjetmakta») for å *berga* ein tysk revolusjon som alt har teke til med den avgjerande kampen og er hardt pressa? Ifylgje denne teorien ville vi samstundes som vi let oss sjølv gå til grunne, avleia ein del av styrkane til den tyske kontrarevolusjonen og med det *berga* den tyske revolusjonen.

Det kan godt tenkjast at det utifrå desse premissane ikkje berre ville vera «føremålstenleg» (slik dei som har forfatta resolusjonen uttrykkjer det), men ei regelrett *plikt* å godta at det var mogleg med nederlag og tap av sovjetmakta. Men desse premissane er tydeleg nok ikkje til stades. Den tyske revolusjonen held på og modnast, men han har tydelegvis ikkje nådd nivået med ein eksplosjon i Tyskland, med borgarkrig i Tyskland. Med å «godta at det er mogleg sovjetmakta går tapt», ville vi så visst ikkje hjelpa den tyske revolusjonen å modnast — vi *ville hindra* han. Vi ville hjelpa den tyske reaksjonen, spela ballen rett opp i hendene på han, hindra den sosialistiske rørsle i Tyskland og skremma bort frå sosialismen store massar av tyske proletarar og halvproletarar som enno ikkje har kome over til sosialismen, og som ville verta redde om Sovjet-Russland leid nederlag, nett slik dei britiske arbeidarane vart redde då Paris-kommunen leid nederlag i 1871.

Ein kan vri og vregja på påstandane til forfattarane som ein vil, men ein kan ikkje finna nokon logikk i dei. Det finst ingen fornuftige argument som kan stø synet at «i interessene til verdsrevolusjonen er det føremålstenleg å godta at det er mogleg sovjetmakta går tapt.»

«Sovjetmakta held no på å verta reint formell» — dette er som vi ser det uhyrlege synet dei som har forfatta Moskva-resolusjonen har kome til å kunngjera.

Sidan dei tyske imperialistane skal ha oss til å betala

skadebøter og forbyd oss å føra nokon propaganda og agitasjon mot Tyskland, får ikkje sovjetmakta noko meir å seia, og ho «vert reint formell» — slik er truleg «resonnementet» til dei som har forfatta resolusjonen. Vi seier «truleg», for forfattarane legg ikkje fram noko klårt og tydeleg som kan stø opp under tesane deira.

Djup og vonlaus pessimisme og fullstendig fortvilning — det er summen og hovudinnhaldet i «teorien» om at sovjetmakta berre har noko å seia reint formelt og at det er tillateleg med ein taktikk som fører med seg risiko for at sovjetmakta går tapt. Sidan det likevel ikkje finst noka berging, kan vi jamvel la sovjetmakta gå til grunne — slik er dei kjenslene som har diktert denne uhyrlege resolusjonen. Dei påstått «økonomiske» argumenta som slike tankar stundom er kledde med, legg for dagen den same vonlause pessimismen: Kva slags sovjetrepublikk er dette når det ikkje berre kan leggjast lydskatt* på han, men jamvel ein lydskatt som er så stor? Det er dette som tykkjest liggja bak.

Inkje anna enn fortvilning: vi vil i alle høve gå til grunne!

Denne stemninga er heilt forståeleg så fortvila som stoda er for Russland no. Men ho er ikkje «forståeleg» mellom medvitne revolusjonære. Det som er mest særmerkt med henne, er at her har vi synet til moskovittane redusert til det absurde. Franskmennene i 1793 ville aldri ha sagt at det dei hadde vunne — republikken og demokratiet — tok til å verta reint formelt, og at dei vart nøydde til å godta at det var mogleg republikken gjekk tapt. Dei var ikkje fylde med fortvilning, men med tru på siger. Å oppmoda til revolusjonær krig, men samstundes tala i ein offisiell resolusjon om «å godta at det er mogleg sovjetmakta går tapt», det er å avsløra seg sjølv fullstendig.

**Lydskatt* — avgift, tribut, som sigerherrane i ein krig legg på folket i dei landa dei har erobra. — *Red.*

Tidleg i nittande hundreåret, på Napoleonskrigane si tid, gjekk Prøyssen og ei rekkje andre land gjennom li- dingar og tyngsler med nederlag, hærtakingar, audmy- kingar og undertrykking frå hærtakaren som utan jam- føring var umåteleg hardare enn det Russland går igjen- nom i 1918. Men då militærstøvlane til Napoleon tram- pa hundre gonger hardare på dei beste menn i Prøyssen enn vi vert trampa på no, fortvila dei likevel ikkje og dei sa ikkje at dei nasjonale politiske institusjonane dei hadde var «reint formelle». Dei gav ikkje opp, dei gav ikkje etter for kjenslene at «vi går til grunne likevel». Dei skreiv under på fredsavtalar som var uendeleg meir drastiske, brutale, audmykjande og undertrykkjande enn avtalen i Brest, og synte deretter at dei visste korleis dei skulle venta og sjå. Dei bar åket til hærtakaren standhaftig, dei kjempa igjen, fall igjen under åket til hærtakaren, skreiv igjen under på dei uverdigaste av al- le uverdige fredsavtalar, og reiste seg igjen. Og *til sist frigjorde dei seg sjølve* (ikkje utan at dei utnytta usem- jene mellom dei sterkare hærtakarmaktene som kon- kurrerte seg imellom).

Kvifor skulle ikkje dette kunne takast opp att i histo- ria vår?

Kvifor skulle vi gje etter for fortvilinga og skriva re- solusjonar som i sanning er meir ærelause enn den mest ærelause fred — resolusjonar som seier at «sovjetmak- ta tek til å verta reint formell»?

Kvifor skulle ikkje dei mest knusande militære neder- laga i kampen mot gigantane i den moderne imperialis- men stålsetja også den russiske nasjonale karakteren, styrkja sjølvdisiplinen, få ein slutt på skrytet og frase- makeriet, gje lærdom om å stå fast og føra folket over til den korrekte taktikken som prøyssarane nytta då Napoleon knuste dei — taktikken med å skriva under på dei mest audmykjande fredstraktatar når du ikkje har nokon hær, og så samla krefter og reisa deg igjen og igjen?

Kvifor skulle vi gje etter for fortvilinga ved den fyrste

fredsavtalen, same kor utruleg hard han er, når andre nasjonar var i stand til å bera endå hardare vanlagnad fast og stødig?

Denne fortvilningstaktikken — er den i samsvar med støleiken til proletaren som veit at ein må gje etter når styrken manglar, og like fullt er i stand til å reisa seg igjen og igjen for kvar pris, og til å byggja opp styrke under alle omstende, eller er den i samsvar med karakterløysa til småborgaren som i vårt land i skapnaden til det venstresosialrevolusjonære partiet har slege alle rekordar i frasemakeri om ein revolusjonær krig.

Nei, kjære «ekstremist»-kameratar frå Moskva. Kvar dag med påkjenningar vil driva nett dei arbeidarane som er mest klassemedvitne og støast vekk frå dykk. Sovjetmakta *held ikkje på å verta* og vil ikkje *verta* reint formell, vil dei seia. Og det gjeld ikkje berre no, når erobraren står i Pskov og tvingar oss til å betala ein lydskatt på ti milliardar rublar i korn, malm og pengar, men jamvel om han kjem så langt som til Nisjni-Novgorod og Rostov ved Don og tvingar oss til å betala tjue milliardar rublar i lydskatt.

Ei framand hærtaking vil aldri kunna gjera ein folkeleg politisk institusjon «reint formell» (og sovjetmakta er *ikkje* berre ein politisk institusjon som utan like står langt over noko anna som historia kjenner). Tvert imot vil ei fiendsleg hærtaking berre styrkja den folkelege godhugen for sovjetmakta, føresett — føresett at ho ikkje sklir ut i uvyrden dumskap.

Og å nekta å slutta jamvel den mest skammelege freden når du ikkje har nokon hær, det ville vera eit hasardiøst sjansespel der folket ville ha vore i sin fulle rett til å fordøma den regjeringa som nekta dette.

Tidlegare i historia har det vore skrive under på uendeleg mykje hardare og meir audmykjande fredsavtalar enn avtalen i Brest (vi gav eit par døme ovanfor) utan at regimet av den grunn mista tiltru eller vart gjort til ein rein formalitet. Dei ruinerte korkje regimet eller folket, men stålsette heller folket, *lærte* dei den strenge og van-

skelege vitskapen å byggja opp ein effektiv hær jamvel under dei mest fortvila vilkår og under hælen til hærtakaren.

Russland går fram mot ein ny og verkeleg patriotisk krig, ein krig for å tryggja og styrkja sovjetmakta. Det er mogleg at ein annan tidbolk — liksom tidbolken til Napoleonskrigane — vil verta ein tidbolk med frigjeringskrigar (ikkje éin krig, men krigar) som åtaksmaktene vil tvinga inn på Sovjet-Russland. Det er mogleg.

Og difor: Meir audmykjande enn nokon hard eller jamvel yttarst hard fred som mangelen på ein hær har gjort tvingande naudsynt, meir audmykjande enn nokon audmykjande fred er ei audmykjande fortviling. Vi skal ikkje gå til grunne jamvel etter eit dusin ufyselege fredsavtalar dersom vi tek oppreist og krig *alvorleg*. Ingen hærtakar kan øydeleggja oss dersom vi ikkje øydelegg oss sjølve med fortviling og frasemakeri.

Pravda nr. 37 og 38
28. februar og 1. mars 1918
underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten

PÅ EIT SAKLEG GRUNNLAG

Vi er vitne til eit oppsving i revolusjonær brennhug som ei fylgje av det svikefulle overfallet frå dei tyske kvitegardistane mot den russiske revolusjonen. Frå alle kan-
tar strøymar det inn telegram som gjev uttrykk for at folk er klåre til å reisa seg for å forsvara sovjetmakta og til å slåss til siste mann. Noko anna haldning kunne ein heller ikkje ha venta frå arbeidarane og bøndene når det gjeld deira eiga arbeidar- og bondemakt.

Men brennhug åleine er ikkje nok når ein skal føra krig mot ein slik motstandar som den tyske imperialis-
men. Ei lettsindig haldning andsynes denne *verkelege, hardnakka og blodige* krigen ville vera det reinaste ein-
fald, jamvel eit brotsverk.

Krig må førast på alvor. Elles skal han ikkje førast i det heile. Nokon mellomveg kan ikkje finnast. Sidan dei tyske imperialistane tvingar krigen på oss, er det vår heilage plikt å vurdera stoda vår nøkternt, å rekna over styrkane våre og ta eit ettersyn på det økonomiske maskineriet. Alt dette må gjerast med den farten krigen krev, for kvar uthaling i den stoda vi no står i er i san-
ning «jamgod med døden». Hannibal står framfor por-
tane* — det må vi ikkje gløyma eit einaste minutt.

For å føra ein krig *på alvor* treng vi eit sterkt og orga-
nisert bakland. Jamvel dei beste hærar, jamvel folk som har vigd seg utan atterhald til den revolusjonære

* *Hannibal står framfor portane* — eit åtvarande rop i ytste fåre (frå den fyrste fillippiske talen til Cicero). Det visar til åtalet på Roma av den namngjetne karthagiske hærføraren Hannibal i året 211. — *Red.*

saka vil verta utsletta straks av fienden dersom dei ikkje er tilstrekkeleg godt væpna, forsynte med mat og trenar. Dette er så sjølvsagt at det ikkje treng noka forklåring.

Korleis er tilstanden i baklandet til den revolusjonære hæren vår? Svært syrgjeleg, for ikkje å ta i for sterkt. Den tidlegare krigen har brote ned transporttenestene fullstendig. Bytehandelen mellom by og land har gått i oppløysing, og det gav som direkte resultat at det straks braut ut hungersnaud i dei store byane.

Hæren vår er under omskiping heilt frå botnen av midt under slaga frå fienden. Den gamle hæren som var vand med tilhøva under moderne krigføring, finst ikkje lenger. Han var fullstendig utsliten av den tidlegare krigen og dødstrøyt etter tre og eit halvt år i skyttargravene, så når det gjeld kampevne, er han ein storleik som kan setjast til null. Den raude hæren er utan tvil eit framifrå emne for å føra kamp, men er eit rått og uhøvla råemne. Han må trenast og disiplinrast slik at han ikkje vert kanonføde for det tyske artilleriet.

Vi står framfor kolossale vanskar. Alle lokale sovjet må straks, for å fylgja opp telegramma om at dei er budde på å slåst mot den ytre fienden, rapportera kor mange vognlaster med korn dei har sendt til Petrograd, kor mange troppar dei har høve til å senda til fronten straks og kor mange folk i Den raude hæren som held på og får opplæring. Det må skaffast oversyn over alle våpen og all ammunisjon, og produksjonen av nye våpen og ny ammunisjon må straks setjast i gang att. Alle skreppehandlarar* og bandittar må reinskast vekk frå jarnbanane. Den strengaste revolusjonære disiplin må setjast inn att overalt. Berre dersom *alle* desse vilkåra vert oppfylde, kan vi tala *alvorleg* om krigen. Elles vil alt snakket om «den mest revolusjonære av alle krigar» verta *frasemakeri*. Å slengja omkring seg med frasar er

* *Skreppehandlarar* — her i tydinga profitørar, hamstrarar, folk som under borgarkrigen (1918—20) smugla matvarer til distrikt der det var stor naud og freista selja dei til overprisar. — *Red.*

alltid skadeleg, men ved denne kritiske krossvegen kan det vera heilt øydeleggjande.

Eg er djupt overtydd om at revolusjonen vår vil greia møta dei kolossale vanskane han står andsynes nett no. Han har alt utført eit kjempearbeid. Men dersom saka vår skal kunne førast framgangsrikt til endes, må vi au-ka strevet vårt hundre gonger.

Fyrst då vil vi vinna.

Pravda nr. 38
1. mars 1918

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten

EIN ALVORLEG LÆRDOM OG EIT ALVORLEG ANSVAR

Våre kvasi-venstrefolk som i går kom ut med si eiga avis, *Kommunist*²⁷ (kommunist frå tida før Marx, må ein leggja til), freistar å lura seg unna lærdomer og lærdomane frå historia, freistar å lura seg unna ansvaret.

Desse folka freistar så hardt dei kan, dei fyller tallause avisspalter, dei sveittar og strevar, dei sparar ikkje «eingong», som dei uttrykkjer det, på trykksverta for å framstilla «teorien» om «pusteromet» som ein ugrunna og usunn «teori».

Diverre — alt strevet deira maktar ikkje å visa tilbake kjensgjerningane. Kjensgjerningar er stae saker, som det engelske ordtaket så riktig seier. Det er ei kjensgjerning at frå 3. mars klokka 13, då tyskarane stansa dei fiendslege handlingane, til 5. mars klokka 19, når eg skriv desse linene, har vi hatt eit pusterom, og vi har *alt no* gjort oss nytte av desse to dagane til eit *verkeleg* forsvaret (eit som kjem til uttrykk i handlingar, ikkje i frase-makeri) av det sosialistiske fedrelandet. Dette er ei kjensgjerning som vil stå stendig klårare fram for massane for kvar dag. Det er ei kjensgjerning at når ein hær som står ved fronten ikkje er i den tilstand at han kan kjempa, og rømer i panikk, let våpna att etter seg og ikkje eingong stansar opp for å sprengja bruene bak seg, då ligg forsvaret for fedrelandet og det å *auka* forsvarsevnenene til landet ikkje i å babla om ein revolusjonær krig (det er rett ut skammeleg å babla når ein ser korleis hæren flykta i panikk — *ikkje ei einaste* avdeling vart

stansa av talsmennene for ein revolusjonær krig). Forsvaret ligg då i å dra seg attende i god orden for å berga det som er att av hæren og å dra nytte av kvar einaste dag som gjev pusterom til dette.

Kjensgjerningar er stae saker.

I strevet sitt for å lura seg unna kjensgjerningane, dei lærdomane som kan utleiast frå dei og spørsmålet om ansvar, freistar kvasi-venstrefolka våre å *løyne* for lesarane sine den fortida som er tett innpå, heilt fersk og historisk viktig. Dei freistar *dekkja over* henne med å visa til den fortida som ligg lengre borte og er mindre viktig. Til dømes minner K. Radek i artikkelen sin om at han i desember (desember, merk det!) skreiv i eit «memorandum til Rådet av folkekommissærar» at det var naudsynt å hjelpa hæren å halda ut. Eg har ikkje hatt høve til å lesa dette memorandumet, og eg spør meg: Kvifor prentar ikkje Karl Radek det i *heilskap*? Kvifor forklårar han ikkje klårt og ende fram kva det var han meinte den gongen med ein «kompromissfred»? Kvifor minner han ikkje om den fortida som ligg nærare, då han skreiv i *Pravda* om illusjonen sin (den verste av alle illusjonar) om at det kunne sluttast fred med dei tyske imperialistane på vilkår av at Polen vart gjeve attende?

Kvifor?

Fordi kvasi-venstrefolka er tvinga til å dekkja over dei kjensgjerningane som berrlegg det ansvaret *dei*, «venstrefolka», har for å spreia illusjonar som verkeleg *hjelp*te dei tyske imperialistane og *hindra* framveksten og utviklinga av revolusjonen i Tyskland.

N. Bukharin freistar no jamvel nekta for at han og venene hans hevda det var umogleg for tyskarane å gå til åtak. Men det er svært, svært mange som veit at dette er ei kjensgjerning, at Bukharin og venene hans har hevda dette, og at dei med å så ein slik illusjon *hjelp*te den tyske imperialismen og *hindra* framveksten av den tyske revolusjonen, som no har vorte svekkja ved at den storrussiske Sovjetrepublikken — som fylgje av at bondehæren rømde i panikk — har mista tusenvis av

våpen og materiell til ein verdi av hundrevis av millionar. Dette spådde eg avgjort og klårt i tesane mine 7. januar*. Om Bukharin no er tvinga til å eta i seg orda sine, så er det verst for han sjølv. Alle som hugsar at Bukharin og venene hans sa at det var umogleg for tyskarane å gå til åtak, vil berre trekkja på skuldrane no når Bukharin er tvinga til å eta i seg orda sine.

Og til beste for dei som ikkje hugsar dei, som ikkje hørde dei, kan vi visa til eit dokument som er ein del meir verdifullt, interessant og opplysende *no* enn det som K. Radek skreiv i desember. Dette dokumentet, som «venstrefolka» diverre har løynt for lesarane sine, er for det fyrste protokollen over røystinga frå det møtet sentralkomiteen i partiet vårt hadde 21. januar med dei som no er «venstre»opposisjonen, og (for det andre) frå røystinga i sentralkomiteen 17. februar 1918.

21. januar 1918, då spørsmålet om å bryta tingingane med Tyskland straks var oppe, var det berre Stukov som røysta *for* (av dei som yter tilskot til den kvasi-venstre *Kommunist*). Alle dei andre røysta imot.

I spørsmålet om det var *tillateleg* å skriva under på ein annekasjonistisk avtale dersom tyskarane braut tingingane eller la fram eit ultimatum, var det berre Obolenski (når skal «tesane» hans offentleggjerast? Kvifor teier *Kommunist* om dei?) og Stukov som røysta *imot*. Alle dei andre røysta *for*.

I spørsmålet om ein *skulle* gå inn i den freden det var gjort framlegg om ved dette høvet, røysta berre Obolenski og Stukov *imot*. Resten av «venstrefolka» *avheldt seg!!* Dette er ei kjensgjerning.

17. februar 1918, då spørsmålet vart stilt: Kven går inn for ein revolusjonær krig? nekta Bukharin og Lomov å «røysta over spørsmålet slik det er stilt». Ingen røysta *for*. Dette er ei kjensgjerning!

I spørsmålet om ein skulle «avstå frå å ta opp att

* Tesar om spørsmålet om å gå inn i ein separat annekasjonistisk fred straks. Sjå lenger framme i denne boka. — Red.

fredstingingane til det tyske åtaket vart tilstrekkeleg (*sic!*) berrsynt og til det vert klårt kva verknad det har på den tyske arbeidarrørsla», røysta Bukharin, Lomov og Uritski *for* av dei som no skriv i «venstre»-avisa.

I spørsmålet «skal vi gå inn i ein fred dersom ein tysk offensiv vert til røyndom og det ikkje vert noko av eit revolusjonært oppsving i Tyskland og Austerrike?» *avheldt* Lomov, Bukharin og Uritski seg.

Kjensgjerningar er stae saker. Og kjensgjerningane syner at Bukharin nekta for at ein tysk offensiv var mogleg, og sådde illusjonar som førte med seg at han *i røynda*, mot sine egne ynskje, *hjelp*te dei tyske imperialistane og *hindra* den tyske revolusjonen i å veksa fram. Nett dette er kjernen i revolusjonært frase-makeri. Du vil eitt, men oppnår det motsette.

N. Bukharin klandrar meg for at eg ikkje har gjeve nokon konkret analyse av vilkåra for denne freden. Men det skulle ikkje vera vanskeleg å skjønna at sett ut ifrå argumenta mine og utifrå kjernen i saka var det slett ikkje naudsynt, og det er det heller ikkje no. Det var nok å syna at vi stod andsynes berre eitt røyndleg — ikkje tenkt — dilemma: Anten måtte vi godta *slike* vilkår at det kunne gje oss i det minste nokre få dagars pustrom, eller så kom vi i same stillinga som Belgia og Serbia. Og dette viste ikkje Bukharin attende, ikkje eingong når det galdt Petrograd. Det har kollegaen hans, M. N. Pokrovski, vedgått.

Og dersom dei nye vilkåra er verre, tyngre og meir audmykjande enn dei ille, tunge og audmykjande Brest-vilkåra, så er det *kvasi-venstrefolka våre*, Bukharin, Lomov, Uritski & co. som *må lastast for* at *dette* skjer med den storrussiske Sovjetrepublikken. Det er ei historisk kjensgjerning, og den røystinga det er fortalt om ovanfor provar det. Det er ei kjensgjerning de ikkje kan sleppa unna, same kor de vrid dykk. De fekk *tilbod* om Brest-vilkåra, og de svara med skryt og kyt, noko som *førte* til dårlegare vilkår. Det er ei kjensgjerning. Og de kan ikkje fri dykk frå ansvaret for dette.

I tesane mine 7. januar 1918 spådde eg så klårt det berre går an, at utifrå den tilstanden hæren var i (og den tilstanden kunne ikkje endrast med frasemakeri «*mot*» dei uttrøytt bondemassane), *ville* Russland *måtta* slutta ein *verre* separat fred dersom vi ikkje godtok Brest-freden.

«Venstrefolka» gjekk i ei felle det russiske borgarskapet hadde sett opp, for dei var *nøydde* til å få oss vasa inn i den *verste* sorten krig vi i det heile kunne vasast inn i.

Det er ei kjensgjerning at når dei venstresosialrevolusjonære har gått inn for krig *no*, så har dei helt tydeleg skilt lag med bøndene. Og denne kjensgjerninga gjev prov for kor *lettsindig* politikken til dei venstresosialrevolusjonære er, like eins som den tilsynelatande «revolusjonære» politikken til alle dei sosialrevolusjonære sumaren 1907 var lettsindig.

Døma frå Petrograd og Moskva syner at dei meir klassemedvitne og framskridne arbeidarane snøgt ristar av seg rusen frå det revolusjonære frasemakeriet. I Petrograd har dei beste arbeidardistrikta, Viborg og Vasiljevski-øya, alt klårna opp. Petrogradsovjetet av arbeidarrepresentantar går ikkje inn for krig *no*. Dei har innsett at det er naudsynt å *førebu* seg til han, og dei førebur seg til han²⁸. Ved bykonferansen til bolsjevikane i Moskva 3. og 4. mars 1918 sigra dei som går imot det revolusjonære frasemakeriet²⁹.

Kor uhyrleg langt «venstrefolka» våre går når det gjeld å narra seg sjølv, provar ei setning i artikkelen til Pokrovski, der det står: «Dersom vi skal kjempa, må vi kjempa *no*» (utheva av Pokrovski), «medan» (høyr på dette!) «den russiske hæren, medrekna dei avdelingane som nyleg er sette opp, enno ikkje er demobilisert.»

Men alle som ikkje let augo att for kjensgjerningane, veit at største *hindringa* for å gjera motstand mot tyskarane i februar 1918, det vere seg i Storrussland, Ukraina eller Finland, var *hæren vår som ikkje var demobilisert*. Det er ei kjensgjerning. For han kunne ikkje gjera anna

enn å røma i panikk, og drog avdelingane i Den raude hæren med seg.

Den som ynskjer å gjera seg nytte av dei lærdomane historia gjev, og ikkje å gøyma seg frå det ansvaret dei legg på oss eller lata att augo for dei, bør i det minste minnast dei krigane Napoleon I førte mot Tyskland.

Mange gonger slutta Prøyssen og Tyskland fredsavtalar som var ti gonger hardare og meir audmykjande (enn vår) med hærtakaren. Det gjekk jamvel så langt at dei godtok eit framandt politi, og til at dei tok på seg å skaffa troppar til hjelp for Napoleon I i hærferdene hans. I avtalane sine med Prøyssen plaga og lemlesta Napoleon Tyskland ti gonger verre enn Hindenburg og Wilhelm har pressa oss ned no. Like fullt var det folk i Prøyssen som ikkje kytte og bråka, men skreiv under på yttarst «vanærande» fredsavtalar, skreiv under på dei fordi dei ikkje hadde nokon hær, skreiv under på ti gonger meir undertrykkjande og audmykjande vilkår, og så *trass i alt dette* reiste seg og gjorde opprør og førte krig. Dette hende ikkje ein, men mange gonger. Historia kjenner ei rekkje slike fredsavtalar og krigar, ei rekkje tilfelle med pusterom, ei rekkje nye krigskunngjeringar frå erobraren, ei rekkje tilfelle med allianse mellom ein *undertrykt* nasjon og ein undertrykkjande nasjon, som stod imot erobraren men ikkje var noko mindre av ein erobrar sjølv (lat dette vera ei påminning til dei som går inn for ein «revolusjonær krig» *utan* å godta nokon stønad frå imperialistane!).

Slik var det i historia.

Slik var det. Og slik vil det verta. Vi har kome inn i ein tidbolk med ei *rekkje* krigar. Vi går i retning av ein ny *patriotisk* krig. Vi vil koma opp i den krigen midt i ein sosialistisk revolusjon som er i ferd med å modnast. Og medan det russiske proletariatet og den russiske revolusjonen går denne vanskelege vegen, vil dei greia kurera seg sjølve for alt kyt og revolusjonært frasemakeri, vil dei læra korleis dei skal godta jamvel dei tyngste fredsavtalar, og så reisa seg igjen.

Vi har skrive under på ein *Tilsit-fred*³⁰. Vi skal vinna fram til siger og frigjering, like eins som tyskarane etter freden i Tilsit i 1807 vann frigjering frå Napoleon i 1813 og 1814. Tidsromet mellom vår Tilsit-fred og frigjerin-ga vår vil truleg verta kortare, for historia går snøggare.

Ned med kytet! Fram for å forbedra disiplin og organisasjon for fullt alvor!

Skreven 5. mars 1918

Prenta 6. mars 1918

i *Pravda* nr. 42

underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar
med manuskriptet

DEN EKSTRAORDINÆRE SJUANDE KONGRESSEN I RKP(b) 6.—8. MARS 1918

6.—8. mars 1918³¹

POLITISK MELDING FRÅ SENTRALKOMITEEN 7. MARS

Ei politisk melding kunne innehalda ei opprekning av tiltak sentralkomiteen har sett i verk. Men det som er viktig nett no er ikkje ei melding av dette slaget, men eit oversyn over revolusjonen vår som heilskap. Dette er det einaste som kan gje ei verkeleg marxistisk oppsummering av alle avgjerdene våre. Vi må gå igjennom heile utviklinga av revolusjonen fram til no, og gjera det klårt kvifor den vidare utviklinga av han går i ei anna retning. Det har vore vendepunkt i revolusjonen vår som vil tyda sær sers mykje for verdsrevolusjonen. Eit slikt vendepunkt var Oktoberrevolusjonen.

Den fyrste framgangen for februarrevolusjonen kom seg av den kjensgjerninga at proletariatet fekk fylgje ikkje berre av massane av folkesetnaden på landsbygda, men og av borgarskapet. Såleis vart det ein lett siger over tsarismen, noko vi ikkje nådde i 1905. Då det spontant voks fram sovjet av arbeidarrepresentantar under februarrevolusjonen, var det å ta opp att røynsla frå 1905 — vi måtte proklamera prinsippet om sovjetmakta. Gjennom si eiga kamprøynsle lærte massane å forstå oppgåvene til revolusjonen. Hendingane 20.—21. april³² var ein særmerkt kombinasjon av demonstrasjonar og noko som liknar væpna oppstand. Dette var nok til å få den borgarlege regjeringa til å falla. Så tok den lange perioden med samarbeidspolitik til — den

som skriv seg frå sjølv naturen til den småborgarlege regjeringa som hadde kome til makta. Hendingane i juli³³ kunne ikkje då oppretta proletariatets diktatur — massane var enno ikkje budde på det. Det var grunnen til at ikkje ein av dei ansvarlege organisasjonane bad dei oppretta det. Men som eit rekognoseringstokt inn i fiendelægret fekk julihendingane overlag mykje å seia. Kornilov-opprøret³⁴ og hendingane som fylgde det tente som praktiske leksjonar og gjorde sigeren i oktober mogleg. Den feilen dei gjorde som jamvel i oktober ynskte å dela makta,³⁵ var at dei ikkje klarte setja sigeren i oktober i samanheng med julidagane, med offensiven, med Kornilov-opprøret osv., osv., hendingar som fekk millionane av vanlege folk til å skjøna at sovjetmakta hadde vorte uunngåeleg. Så fylgde triumfmarsjen vår gjennom heile Russland, saman med eit allment ynskje om fred. Vi veit at vi ikkje kan oppnå fred ved ei einsidig tilbaketrekking frå krigen. Det peika vi på så langt tilbake som på aprilkonferansen.³⁶ I tida frå april til oktober gjekk det klårt opp for soldatane at samarbeidspolitikken forlenga krigen og førte til ville, meiningslause freistnader frå imperialistane på å starta ein offensiv og få oss blanda endå sterkare inn i ein krig som ville vara i årevis. Dette var grunnen til at det vart naudsynt for kvar pris å knesetja ein aktiv fredspolitikk så snøgt som mogleg, at det var naudsynt for sovjeta å ta makta i sine eigne hender og avskaffa godseigarvesenet. De veit at det siste ikkje berre vart halde oppe av Kerenski, men og av Avksentjev, som jamvel gjekk så langt at han gav ordre om å arrestera medlemene av jordkomiteane. Den politikken vi knesette, slagordet «Makta til sovjeta» som vi fekk fleirtalet av folket til å ta til seg, sette oss i oktober i stand til å vinna svært lett i St. Petersburg, og gjorde dei siste månadene av den russiske revolusjonen om til ein samanhangande triumfmarsj.

Borgarkrigen vart til røyndom. Det vi hadde spådd då revolusjonen tok til, og jamvel då krigen tok til, og

som store delar av sosialistiske sirkclar såg skeptisk på og jamvel meinte var l tteleg, at den imperialistiske krigen kunne gjerast om til ein borgarkrig, det skjedde verkeleg den 25. oktober 1917 i eitt av dei st rste og mest tilbakeliggjande av dei krigf rlande landa. I denne borgarkrigen syntet seg at det overveldande fleirtalet av folkesetnaden var p  v r side, og det er grunnen til at vi kunne sigra s  uvanleg lett.

Troppane som forl t fronten bar med seg overalt der dei kom eit h gm l av fast revolusjon r vilje til   gjera slutt p  samarbeidet. Og samarbeidselementa, kvitegardistane og godseigars nene fann seg att utan st nad i folkesetnaden. Krigen mot dei vende seg gradvis til ein triumfmarsj for revolusjonen etter som folkemassane og milit reiningane som vart sende mot oss, gjekk over p  sida til bolsjevikane. Vi s g det i Petrograd, ved fronten i Gatsjina, der kosakkane som Kerenski og Krasnov freista f ra mot den raude hovudstaden vakla. Vi s g det seinare i Moskva, i Orenburg og Ukraina. Ei bylgje av borgarkrig sveipte over heile Russland, og overalt sigra vi uvanleg lett nett fordi frukta var moden, fordi massane alt hadde vore gjennom r ynsla med samarbeid med borgarskapet. Slagordet v rt «all makt til sovjeta», som massane hadde pr vd ut i praksis gjennom lang historisk r ynsle, hadde vorte ein del av deira kj t og blod.

Dette er grunnen til at den russiske revolusjonen vart ein samanhangande triumfmarsj dei fyrste m nadene etter 25. oktober 1917. Som ei fylgje av dette vart dei vanskanen den sosialistiske revolusjonen straks m tte, og som han m tte m ta, gl ymde og trengde i bakgrunnen. Ein av dei grunnleggjande skilnadene mellom den borgarlege revolusjonen og den sosialistiske revolusjonen er at i den borgarlege revolusjonen, som veks ut or f ydalismen, vert dei nye  konomiske organisasjonane skapt gradvis i morslivet til det gamle systemet, og for ndrar gradvis alle sider ved det f ydale samfunnet. Den borgarlege revolusjonen stod berre andsynes ei

oppgåve — å sopa bort, å kasta til side, å øydeleggja alle lekkjene til det tidlegare samfunnssystemet. Med å fullføra denne oppgåva oppfyller kvar borgarleg revolusjon alt som vert kravd av han: han set fart på veksten i kapitalismen.

Den sosialistiske revolusjonen er i ei heilt ulik stilling. Di meir tilbakeliggjande det landet er — som på grunn av krumspringa til historia har synt seg å vera det som skal setja i gang den sosialistiske revolusjonen — di vanskelegare er det for det landet å gå over frå dei gamle kapitalistiske tilhøva til sosialistiske tilhøve. Nye utruleg vanskelege oppgåver, organisasjonsoppgåver, kjem i tillegg til oppgåvene med å øydeleggja. Dersom ikkje den folkelege skapande ånda til den russiske revolusjonen, som hadde vore gjennom røynslene frå 1905, hadde gjeve opphav til sovjeta så tidleg som i februar 1917, kunne dei ikkje under nokon omstende ha teke makta i oktober, for framgang er fullstendig avhengig av at det finst tilgjengelege organisasjonsformer for ei rørsle som femner om millionar. Sovjeta var den forma som var tilgjengeleg, og dette er grunnen til at framtida baud fram for oss dei strålende framgangane på det politiske området, den samanhangande triumfmarsjen som vi fekk. For den nye forma for politisk makt var alt tilgjengeleg, og alt vi trong gjera var å vedta nokre få dekret og føra makta til sovjeta over frå den enno uutsprungne tilstanden ho var i dei fyrste månadene av revolusjonen, til den lovleg godkjende forma som var oppretta i den russiske staten — dvs. til Den russiske sovjetrepublikken. Republikken føddest med eitt slag. Han føddest så lett av di massane i februar 1917 hadde skapt sovjeta jamvel før noko parti hadde makta kunn-gjera dette slagordet. Det var den store skapande ånda til folket, som hadde gått igjennom dei bitre røynslene frå 1905 og hadde vorte vise av det, som gav opphav til denne forma for proletarisk makt. Oppgåva med å si-gra over den indre fienden var særst lett. Oppgåva med å skapa den politiske makta var særst lett av di massane

hadde skapt skjelettet, grunnlaget for denne makta. Sovjetrepublikken føddest med eitt slag. Men det stod enno att to overmåte vanskelege problem, og når dei skulle løysast, kunne det umogleg verta same triumfmarsjen som vi opplevde i dei fyrste månadene av revolusjonen. Vi tvila ikkje, og vi kunne ikkje tvila på at den sosialistiske revolusjonen kom til å møta overlag vanskelege oppgåver seinare.

For det fyrste var det problemet med indre organisasjon, som kvar einaste sosialistisk revolusjon vert stilt andsynes. Skilnaden mellom ein sosialistisk revolusjon og ein borgarleg revolusjon er at i den siste finst det alt ferdiglaga former for kapitalistiske tilhøve. Sovjetmakta, den proletariske makta, arvar ikkje slike ferdiglaga tilhøve, dersom vi ser bort ifrå dei mest utvikla formene for kapitalisme, som strengt sett ikkje strekkjer seg lengre enn til eit lite topplag i industrien og knapt har verka inn på jordbruket. Organisering av rekneskapsførselen, kontroll med storselskapa, omforming av heile den økonomiske mekanismen i staten til ei einaste svær maskin, til ein økonomisk organisme som vil verka på ein slik måte at han gjer det mogleg å styra hundretals millionar menneske ut ifrå ein einaste plan — dette var det ovstore organisasjonsproblemet som kvilte på skuldrene våre. Under dei arbeidstilhøva som rår no ville det vera uråd å løysa dette problemet med den «hurraropmetoden» vi nytta for å løysa problema i borgarkrigen. Sjølve naturen til oppgåva forbyr ei løysing med desse metodane. Vi vann lette sigrar over Kaledin-opprøret, og skapte Sovjetrepublikken overfor ein motstand som knapt var verd noka seriøs vurdering. Hendingsgangen var fastlagd på førehand gjennom heile den objektive utviklinga som gjekk føre, slik at alt vi trong gjera var å seia det siste ordet og forandra på skilta, dvs. å ta ned skiltet med «Sovjeta er til som ein fagorganisasjon» og i staden hengja opp skiltet med «Sovjeta er til som einaste forma for statsmakt». Stoda var like fullt ei heilt anna når det galdt organisasjonsproblema. På dette feltet

møtte vi kjempevanskar. Det vart med ein gong klårt for alle som brydde seg med å tenkja over oppgåvene til revolusjonen vår, at berre langs den harde og lange vegen med sjølvdisiplin ville det verta mogleg å vinna over den oppløysinga som krigen hadde ført til i det kapitalistiske samfunnet. Berre gjennom eit uvanleg hardt, langt og uthaldande strev kunne vi rå med denne oppløysinga og slå dei elementa som forverra henne, element som såg på revolusjonen som eit middel for å verta kvitt gamle lekkjer og få så mykje ut av han til seg sjølve som mogleg. Det var uunngåeleg at det voks fram store grupper med slike element i eit småbonde-land i ei tid med eit utruleg økonomisk kaos. Og kampen mot desse elementa som ligg framfor oss, som vi berre nett har starta, vil verta hundre gonger vanskelegare. Det vil vera ein kamp som ikkje gjev lovnad om nokre særskilt lysande voner. Vi står berre på fyrste steget i denne kampen. Alvorlege prøvingar ventar på oss. Den objektive stoda stengjer ute alle tankar på å avgrensa oss til ein triumfmarsj med flygande faner slik vi gjorde det i kampen mot Kaledin. Den som prøvar overføra desse kampmetodane til dei organisatoriske oppgåvene som ligg framfor revolusjonen, vil berre prova at han er fallitt som politkar, som sosialist, som aktiv arbeidar i den sosialistiske revolusjonen.

Same lagnaden venta nokre av dei unge kameratane som vart rivne med av den fyrste triumfmarsjen til revolusjonen, då dei vart stilte andsynes den andre ovstore vansken — det internasjonale spørsmålet. Grunnen til at vi vann ein slik lett siger over bandane til Kerenski, grunnen til at vi skipa regjeringa vår så lett og utan den minste vanske fekk vedteke dekreta om sosialisering av jorda og om arbeidarkontrollen, grunnen til at vi oppnådde alt dette så lett, var ei lykkeleg samanstilling av omstende som for ei kort tid verna oss mot den internasjonale imperialismen. Den internasjonale imperialismen, med all makta i kapitalen sin, med den høgt organiserte krigsmaskina, som er ei verkeleg kraft, ei verke-

leg festning for den internasjonale kapitalen, kunne ikke under nokon omstende leva side om side med Sovjetrepublikken, både på grunn av den objektive stillinga si og på grunn av dei økonomiske interessene til kapitalistklassen som ligg innebygde i denne imperialismen, på grunn av handelssamband, på grunn av internasjonale finanstilhøve. Innan dette området er ein konflikt uunngåeleg. Dette er den største vansken for den russiske revolusjonen, det største historiske problemet hans — at det trengst å løysa internasjonale problem, at det trengst å kalla fram ein verdsrevolusjon, å setja i verk ein overgang frå vår strengt nasjonale revolusjon til verdsrevolusjonen. Dette problemet møter oss med all sin utrulege vanske. Eg tek opp att: Svært mange av dei unge venene våre som meiner dei sjølve står til venstre, har teke til å gløyma det aller viktigaste: Kvifor vi var i stand til å gå så lett frå siger til siger i vekene og månadene med den svære triumfen etter oktober. Likevel hadde dette si årsak berre i ei særmerkt samanstilling av internasjonale omstende som mellombels skjerma oss frå imperialismen. Imperialismen hadde andre ting å bry seg med utanom oss. Og det syntest for oss som om vi og hadde andre ting å bry oss med enn imperialismen. Einskilde imperialistar hadde inga tid til å bry seg med oss, utelukkande fordi heile den store sosiale, politiske og militære makta til den moderne verdsimperialismen var splitta i to grupper av ein krig som var drepende for både. Dei imperialistiske røvarane som var blanda inn i denne kampen, hadde gått så utruleg langt og var så sterkt fastlåste i ein kamp på liv og død, at ingen av gruppene var i stand til å konsentrera nokon effektive styrkar mot den russiske revolusjonen. Slik var omstenda for oss i oktober. Det er paradoksalt, men sant at revolusjonen vår braut ut på eit slikt heldig tidspunkt. På det tidspunktet hadde det kome inn over dei imperialistiske landa katastrofar utan like som førte med seg at millionar av menneske gjekk til grunne, då hadde ulykker utan like i fylgje med krigen slite ut na-

sjonane, då hadde dei krigførande landa i fjerde krigsåret kome opp i eit uføre og nådd ein skiljeveg og då melde spørsmålet seg objektivt: Kunne nasjonar som var reduserte til ein slik tilstand halda fram å slåss? Revolusjonen vår braut ut på eit slikt lykkeleg tidspunkt som dette, då inga av dei to gigantiske røvargruppene var i den stillinga at ho anten straks kunne kasta seg over den andre eller gå saman med den andre mot oss. Det var berre difor revolusjonen vår kunne gjera (og gjorde) seg fordel av ein situasjon som berre var slik som denne i internasjonal politikk og økonomiske tilhøve, for å føra til endes den strålende triumfmarsjen sin i europeisk Russland, spreia seg til Finland og ta til å vinna Kaukasus og Romania. Dette åleine forklarar korleis det stod fram partifunksjonærar, intellektuelle overmenneske, i dei leiande krinsane i partiet vårt som let seg riva med av denne triumfmarsjen og som sa at vi kunne hamla opp med den internasjonale imperialismen: Der vil det og verta ein triumfmarsj, der vil det ikkje verta nokon verkelege vanskar. Dette stod i motstrid til den objektive stillinga til den russiske revolusjonen, som berre hadde gjort seg fordel av tilbakeslaget for den internasjonale imperialismen. Maskina som skulle ha rent oss ned med styrken til eit jarnbanetog som renner ned ei trillebår og knuser henne til småfliser, var mellombels sett i stallen — av di to røvargrupper hadde støytt saman. Her og der voks den revolusjonære rørsle, men i alle dei imperialistiske landa var ho utan unntak framleis i hovudsak i ein innleiande fase. Ho utvikla seg med ein heilt annan fart enn hos oss. Einkvar som har tenkt grundig igjennom dei økonomiske føresetnadene for den sosialistiske revolusjonen i Europa, må ha klårt for seg at det vil verta umåteleg mykje vanskelegare å ta til i Europa, medan det var umåteleg mykje lettare å ta til for oss. Men det vil verta langt vanskelegare for oss å halda fram med revolusjonen enn det vil verta hjå dei. Denne objektive stoda var årsak til at vi fekk røyna eit uvanleg skarpt og vanskeleg vendepunkt i historia. Frå

den samanhengande triumfmarsjen på den indre fronten mot kontrarevolusjonen vår, mot fiendane til sovjetmakta i oktober, november og desember, måtte vi gå over til ein samanstøyt med den verkelege internasjonale imperialismen, med den verkelege fiendskapen hans imot oss. Frå tida med triumfmarsjen måtte vi gå over til ei tid då vi var i ei uvanleg vanskeleg og vond stilling, som så visst ikkje kunne feiest til side med ord, med strålende slagord — same kor hyggeleg det ville ha vore — for i det oppløyste landet vårt hadde vi å gjera med utruleg uttrøytt massar. Dei hadde nådd ein tilstand der det ikkje var mogleg for dei å halda fram å kjempa, dei var så ille medfarne etter tre år med pinesam krig at dei var fullstendig ubrukande frå militær synsstad. Jamvel før Oktoberrevolusjonen kunne vi sjå representantar for soldatmassane, ikkje medlemer av bolsjevikpartiet, som ikkje kvidde seg for å seia borgarskapet sanninga om at den russiske hæren ikkje ville kjempa. Denne tilstanden i hæren har ført til ei kjempekrise. Eit småbondeland som har gått i oppløysing på grunn av krig og er ført attende til ein utenkjeleg tilstand, har vorte sett i ei yttarst vanskeleg stilling. Vi har ingen hær, men vi er nøydde til å halda fram å leva side om side med eit rovdyr som er væpna til tennene, eit rovdyr som framleis er og vil halda fram å vera ein røvar, og som sjølv sagt ikkje er påverka av agitasjonen for fred utan anneksjonar og skadebøter. Eit tamt husdyr har lege side om side med ein tiger og freista overtala han til å slutta ein fred utan anneksjonar og skadebøter, trass i at einaste måten ein kunne ha oppnådd ein slik fred på var ved å gå til åtak på tigreren. Toppsjiktet i partiet vårt, intellektuelle og sume av arbeidarorganisasjonane, har i hovudsak freista feia desse utsiktene til side med frasar og slike orsakingar som «dette er ikkje slik som det burde vera». Utsiktene denne freden gav var alt for utrulege for dei til at vi, som hittil hadde marsjert til opne slag med flygande faner og hadde storma stillingane til fienden med «hurrarop», kunne gje etter og godta

desse audmykjande vilkåra. Aldri! Vi er overmåte stolte revolusjonære, vi kunngjer framfor alt: «Tyskarane kan ikkje gå til åtak.»³⁷

Dette var det fyrste argumentet desse folka trøysta seg med. Historia har no sett oss i ei uvanleg vanskeleg stilling. Midt i eit organisasjonsarbeid som byr på vanskar utan like, må vi røyna ei rekkje vonde nederlag. Sett frå ein verdshistorisk synsstad ville det utan tvil ikkje vera noka von om at revolusjonen vår kunne sigrå til slutt dersom han vart verande åleine, dersom det ikkje fanst revolusjonære rørsler i andre land. Då bolsjevikpartiet tok på seg heile arbeidet åleine, var det i fast overtyding om at revolusjonen var i ferd med å modnast i alle land og at den sosialistiske verdsrevolusjonen ville koma til sist — men ikkje heilt til å byrja med — same kva vanskar vi møtte, same kva nederlag vi stod framfor — fordi han er i kjømda; ville modnast — fordi han held på å modnast og vil verta fullmoden. Eg tek opp att: Det som kan berga oss frå alle desse vanskane er ein revolusjon over heile Europa. Om vi tek denne sanninga, denne fullstendig abstrakte sanninga som utgangspunkt og let henne leia oss, må vi passa på at ho ikkje i si tid berre vert ein frase, for kvar einaste abstrakt sanning som vert godteken utan analyse vert berre ein frase. Dersom de seier at revolusjonsdraken ligg løynd bak kvar streik, og den som ikkje skjønar det er ingen sosialist, har de rett. Ja, den sosialistiske revolusjonen ruvar bak kvar streik. Men dersom de seier at kvar einaste streik er eit steg som straks fører i retning av den sosialistiske revolusjonen, då kjem de med fullstendig tome frasar. Vi har høyrte desse frasane «kvar fordømte gong på same plassen», og vi har vorte så leie og trøytte av dei at arbeidarane har avvist desse anarkistiske frasane. For utan tvil er det slik at like klårt som draken til den sosialistiske revolusjonen ruvar bak kvar streik, så er påstanden om at kvar streik kan utvikla seg til revolusjon reint sprøyt. På same måten som det er udiskutabelt at alle vanskane i revolusjonen vår kan

overvinnast fyrst når den sosialistiske verdsrevolusjonen vert moden — og han er no i ferd med å modnast overalt — så er det fullstendig meiningslaust å kunngjera at vi må løyna alle verkelege vanskar i revolusjonen vår i dag og seia: «Eg lit på den internasjonale sosialistiske rørsle. Eg kan gjera alle dei dumskapar eg har hug på.» «Liebknecht vil hjelpa oss or vanskaner, for han kjem i alle høve til å vinna.» Han vil skapa ein slik framifrå organisasjon, han vil planleggja alt så godt på førehand at vi vil kunna ta over dei ferdiglaga formene på same måten som vi tok over den ferdiglaga marxistiske læra frå Vest-Europa — og kanhende det er grunnen til at ho sigra i vårt land på nokre få månader, medan det har teke tiår å sigra i Vest-Europa. Såleis ville det ha vore vilt sjansespel å nytta den gamle metoden med triumfmarsj for å løysa problemet kampen stiller i den nye historiske tida som har kome, og som har stilt oss andsynes ikkje den veike Kerenski og Kornilov, men andsynes eit internasjonalt rovdyr — den tyske imperialismen. Der held revolusjonen på å modnast, men han er tydelegvis ikkje moden enno. Å hevda at fienden ikkje ville våga gå til åtak på revolusjonen, var eit slikt sjansespel. Stoda då Brest-tingingane³⁸ gjekk føre seg, var enno ikkje slik at det tvinga oss til å godta kva fredsvilkår som helst. Måten styrkane objektivt var stilt opp på, var slik at det ikkje ville ha vore nok med eit pusterom. Brest-tingingane måtte til for å syna at Tyskland ville gå til åtak, at det tyske samfunnet ikkje var så svangert med revolusjon at det kunne gje forløyising til han med ein gong. Og vi kan ikkje klandra dei tyske imperialistane for at dei ikkje har lagt grunnen for denne forløyisinga med framferda si, eller — som dei unge venene våre som meiner dei sjølve står til venstre, seier — for ikkje å ha skapt ein situasjon der tyskarane ikkje kunne gå til åtak. Når vi fortel dei at vi ikkje har nokon hær, at vi var tvinga til å demobilisera — vi var tvinga til det sjølv om vi aldri gløymde at det låg ein tiger jam-sides det tamme husdyret vårt — nektar dei å skjøna

dette. Jamvel om vi var tvinga til å demobilisera, gløymde vi ikkje ein augeblink at det var umogleg å få slutt på krigen frå ei side med å senda ut ein ordre om å stikka bajonettane i bakken.

Allment sett, korleis kan det ha seg at ikkje eit einaste straumdrag, ikkje ein einaste tendens, ikkje ein einaste organisasjon i partiet vårt gjekk imot denne demobiliseringa? Er vi vortne gale? Ikkje det minste. Offiserar som ikkje var bolsjevikar slo jamvel før oktober fast at hæren ikkje kunne kjempa, at han ikkje eingong kunne haldast ved fronten nokre få veker til. Etter oktober vart dette klårt for alle som var villige til å sanna kjensgjerningane, villige til å sjå den utrivelege, bitre røyndomen og ikkje gøyma seg eller trekkja lua ned over augo, og klara seg unna med stolte frasar. Vi har ingen hær, vi kan ikkje halda på han. Det beste vi kan gjera er å demobilisera han så snøgt som råd. Dette er den sjuke delen av organismen, som har gått igjennom ein utruleg tortur, som har vorte herja av naud og saknad i ein krig han gjekk inn i utan å vera budd på reint teknisk, og som han har kome ut av i ein slik tilstand at han gjev etter for panikk ved kvart einaste åtak. Vi kan ikkje klandra desse menneska som har gått igjennom ei slik utruleg liding. I hundrevis av fråsegner, jamvel i fyrste tida av den russiske revolusjonen, sa soldatane rett ut: «Vi druknar i blod. Vi kan ikkje halda fram å kjempa.» Ein kunne ha trekt ut slutten på krigen kunstig, ein kunne ha gjort same svindelen som Kerenski, ein kunne ha utsett slutten nokre få veker, men den objektive røyndomen bryt seg veg på eiga hand. Dette er den sjuke delen av den russiske statsorganismen som ikkje lenger kan halda ut dei bøkene krigen legg på han. Di snøggare vi demobiliserer hæren, di før vil han gå opp i dei delane som ikkje er så sjuke, og di før vil landet vera budd på å møte nye alvorlege prøvingar. Det var dette vi kjende då vi samrøystes, utan den minste protest, tok avgjerda om å demobilisera hæren — noko som var heilt meiningslaust sett ut ifrå hendingane utanriks. Det var det

rette steget å ta. Vi sa at det var ein lettsindig illusjon å tru at vi kunne halda på hæren. Di før vi demobiliserer hæren, di før vil heile samfunnsorganismen kvikna til. Dette er grunnen til at det var eit slikt alvorleg mistak, ei slik bitter overvurdering av hendingane å koma med den revolusjonære frasen «tyskarane kan ikkje gå til åtak», og med den andre frasen som var leidd ut av den («Vi kan kunngjera at krigstilstanden er slutt. Korkje krig eller ein underskriven fred»). Kva så om tyskarane gjekk til åtak? «Nei, dei kan ikkje gå til åtak.» Men har de rett til å risikera verdsrevolusjonen? Kva med det konkrete spørsmålet om ikkje de kan syna dykk å verta medskuldige med den tyske imperialismen når den stunda kjem? Men vi, som alle i hop har vorte fedrelandsforsvararar etter oktober 1917, som alle saman har godkjend prinsippet om forsvar av fedrelandet, vi veit alle at vi har brote med imperialismen, ikkje berre i ord, men i handling. Vi har øydelagt dei løynlege avtalane,³⁹ sigra over borgarskapet i vårt eige land og gjort framlegg om ein open og ærleg fred slik at alle nasjonar kan få sjå kva vi eigentleg har i sinne. Korleis kunne folk som held alvorleg fast på standpunktet å forsvara Sovjetrepublikken seia seg samde i dette sjansespelet som alt har gjeve resultat? Og dette er ei kjensgjerning, for den alvorlege krisa partiet vårt no går igjennom fordi det er skipa ein «venstre»-opposisjon innan partiet, er ei av dei fårlegaste krisene den russiske revolusjonen har opplevd.

Vi vil overvinna krisa. Under ingen omstende vil ho bryta nakken på partiet vårt eller på revolusjonen vår, jamvel om det nett no har kome svært nær opptil at det skjer, og det var mogleg at det kunne skje. Garantien for at vi ikkje skal bryta nakken på dette spørsmålet er denne: I staden for å nytta den gamle metoden for å løysa fraksjonsstridar, den gamle metoden med å senda ut enorme mengder litteratur, med å ha mange diskusjonar og flust opp av splittingar, i staden for denne gamle metoden har hendingane gjeve folket vårt ein ny

metode for å lære ting. Denne metoden er å la alt prøvast opp imot kjensgjerningar, hendingar, lærdomane frå verdshistoria. De sa at tyskarane ikkje kunne gå til åtak. Logikken i taktikken dykkar var at vi kunne kunngjera at krigstilstanden var slutt. Historia har lært dykk ei lekse, ho har sprengd denne illusjonen. Ja, den tyske revolusjonen veks. Men ikkje slik vi ville ha lika det, ikkje så fort som dei russiske intellektuelle ville ha det, ikkje med den farten historia vår utvikla seg i oktober, då vi gjekk inn i kva by det skulle vera, proklamerte sovjetmakta og innan nokre få dagar var ni tiandel delar av arbeidarane komne over på vår side. Den tyske revolusjonen har vore så uheldig at han ikkje går så fort fram. Kva trur de? Må vi rekna med revolusjonen, eller må revolusjonen rekna med oss? De ynskte at revolusjonen skulle rekna med dykk. Men historia har lært dykk ei lekse. Det er ei lekse, for det er absolutt sant at vi er dømde til undergang utan ein tysk revolusjon — kanhende ikkje i Petrograd, ikkje i Moskva, men i Vladivostok, på fjernare stader dit vi kanhende må trekkja oss attende, og dit det kanhende er lengre enn det er frå Petrograd til Moskva. Same kva som skjer, under alle tenkjelege omstende er vi dømde til undergang dersom ikkje den tyske revolusjonen kjem. Like fullt vil ikkje dette i det minste rikka på overtydinga vår om at vi må kunna møte dei vanskelegaste tilstandane utan å bråka om det.

Revolusjonen vil ikkje koma så snøgt som vi venta. Det har historia prova, og vi må kunna ta det som ei kjensgjerning og rekna med den kjensgjerninga at den sosialistiske verdsrevolusjonen ikkje kan ta til så lett i dei framskridne landa som revolusjonen tok til i Russland — i landet til Nikolai og Rasputin, det landet der ein svært stor del av folkesetnaden stilte seg fullstendig likesæle til kva folk som levde i utkantområda eller kva som hende der. I eit slikt land var det temmeleg lett å byrja ein revolusjon, like lett som å lyfta ei fjør.

Men å ta til med ein revolusjon utan førebuingar i eit

land der kapitalismen er utvikla og har gjeve alle ein demokratisk kultur og organisasjon, ned til siste mann — det ville vera feil og meiningslaust. Der held vi berre så vidt på og nærmar oss den smertefulle tida då dei sosialistiske revolusjonane tek til. Dette er ei kjensgjerning. Vi veit det ikkje, ingen veit det; kanhende — og det er temmeleg sannsynleg — vil han ha sigrar innan nokre få veker, kanhende innan nokre få dagar, men vi kan ikkje satsa alt på det. Vi må vera budde på uvanlege vanskar, på uvanleg harde nederlag, som er uunngåelege fordi revolusjonen i Europa ikkje har teke til enno, jamvel om han kan ta til i morgon. Men når han tek til, då skal vi sjølv sagt ikkje vera pinte av tvil, det vil ikkje vera spørsmål om nokon revolusjonær krig, men berre om ein samanhangande triumfmarsj. Dette vil koma. Det er uunngåeleg. Men det er ikkje slik enno. Dette er den enkle kjensgjerninga historia har lært oss, og som ho har slege oss svært smertefullt med. Og det vert sagt at ein mann som har fått juling er like mykje verd som to som ikkje har fått det. Dette er grunnen til at eg trur at no når historia har gjeve oss svært smertefull juling, av di vi vona at tyskarane ikkje ville gå til åtak og at vi kunne få til alt med å ropa «hurra», så vil denne lærdommen med hjelp av sovjetorganisasjonane våre svært snøgt nå ut til massane over heile Sovjet-Russland. Massane er i rørsle overalt. Dei samlast, dei bur seg til kongressen, dei vedtek fråsegner og dei tenkjer over det som har hendt. Det som går føre seg no har ingen likskap med tvistane frå tida før revolusjonen, som heldt seg innanfor tronge partisirklar. No vert alle avgjerdene sende ut for å diskutera av massane, som krev at dei skal prøvast ut med røynsle, med handlingar, som aldri let seg riva med av lettsindige talar og som aldri let seg føra bort frå det sporet den objektive framgangen i hendingane peikar ut. Sjølv sagt kan ein intellektuell eller ein venstrebolesjevik freista snakka seg ut av vanskan. Han kan freista snakka seg bort frå slike kjensgjerningar som at hæren er borte og at revolusjonen enno

ikkje har byrja i Tyskland. Dei millionsterke massane — og politikken tek til der millionane av menn og kvinner er, der det ikkje er tusenvis, men millionar, der tek den seriøse politikken til — desse massane veit korleis det står til med hæren. Dei har sett soldatane som kjem attende frå fronten. Dei veit — det vil seia dersom du ikkje ser på einskildindivid, men på verkelege massar — at vi ikkje kan kjempa, at kvar mann ved fronten har gått igjennom alt som tenkjast kan. Massane har innsett den sanninga at dersom vi ikkje har nokon hær, og det ligg eit rovdyr jamsides oss, då må vi skriva under på ein særskild beisk og audmykjande fredsavtale. Dette er uunngåeleg heilt til revolusjonen fødest, heilt til de gjer hæren dykkar frisk, heilt til de let mennene få venda heim. Inntil det skjer, vil ikkje pasienten koma seg. Og vi vil ikkje kunna stå oss imot det tyske rovdyyret med å ropa «hurra». Vi vil ikkje makta kasta det av oss like lett som vi kasta av oss Kerenski og Kornilov. Dette er den lekse massane har lært, utan dei orsakingane som sume av dei som ynskjer koma seg unna den bitre røyndomen har freista leggja fram for dei.

Fyrst ein samanhangande triumfmarsj i oktober og november. Så brått, berre på nokre få veker, vert den russiske revolusjonen slegen av det tyske rovdyyret, og den russiske revolusjonen er budd på å godta vilkåra i ein røvaravtale. Ja, dei vendingane historia tek er særskild smertefulle. Alle slike vendingar har smertefull innverknad på oss. Då vi i 1907 skreiv under på ein utruleg skammeleg indre avtale med Stolypin, då vi var nøydde til å gå igjennom svinestigen i dumaen til Stolypin og tok på oss skuldnader med å skriva under på monarkistiske⁴⁰ papirlappar, då røynte vi det same som vi røyner no, men i mindre målestokk. På den tida sa folk som var mellom dei finaste i fortroppen til revolusjonen (og dei var heller ikkje det minste i tvil om at dei hadde rett): «Vi er stolte revolusjonære. Vi trur på den russiske revolusjonen. Vi vil aldri gå inn i dei legale institusjonane til Stolypin.» Jau, det vil de, sa vi. Livet til

massane, historia, er sterkare enn protestane dykkar. Dersom de ikkje går inn, sa vi, vil historia tvinga dykk til det. Desse folka var svært til venstre, og etter fyrste vendinga i historia var det ingen ting att av dei som gruppe anna enn røyk. Nett slik vi synte at vi var i stand til å halda fram med å vera revolusjonære, synte oss i stand til å arbeida under forferdelege vilkår og å stiga fram att frå dei, slik skal vi no stiga fram att. For det er ikkje eit innfall frå oss, det er det objektivt uunngåelege som har brote fram i eit fullstendig ruinert land, fordi den europeiske revolusjonen trass i våre ynskje våga vera forseinka, og den tyske imperialismen trass i våre ynskje våga gå til åtak.

Her må vi vita korleis vi skal dra oss attende. Vi kan ikkje løyna den utruleg bitre, harmelege røyndomen for oss sjølve med tome frasar. Vi må seia: Gud gje vi kan dra oss attende i nokolunde god orden. Vi maktar ikkje dra oss attende i god orden, men Gud gje det kan skje i nokolunde god orden, at vi kan få noko tid på oss slik at vi i det minste eit stykke på veg kan ta opp i oss den sjuke delen av organismen. Som heilskap er organismen sunn, og han vil vinna over sjukdomen. Men ein kan ikkje venta at han vert overvunnen straks på flekken. Ein kan ikkje stansa ein hær på flukt. Då eg sa til ein av dei unge venene våre, ein som lest stå til venstre: «Kamerat, reis til fronten, sjå kva som skjer i hæren,» vart han fornærma over framlegget. Han sa: «De ynskjer å jaga oss bort for å hindra at vi agiterer her for dei store prinsippa om ein revolusjonær krig.» Då eg kom med framlegget hadde eg ingen som helst tankar om å jaga bort fraksjonsmotstandarar. Eg meinte berre dei kunne dra og sjå sjølve korleis hæren rømer unna som han aldri har gjort før. Vi visste at jamvel før dette, jamvel før dette kunne vi ikkje lata att augo for at oppløysinga i hæren hadde kome så uhøyrdd langt at kanonane våre vart selde til tyskarane til spottpris. Vi visste dette, på same måten som vi visste at hæren ikkje kunne haldast attende, og argumentet om at tyskarane ikkje ville gå til

åtak var eit stort sjansespel. Dersom den europeiske revolusjonen vert forseinka, kan vi venta oss sær s alvorlege nederlag av di vi ikkje har nokon hær, av di vi manglar organisering, av di dette nett no er to problem vi ikkje maktar løysa. Dersom ein ikkje er i stand til å tilpassa seg, dersom ein ikkje er innstilt på å krypa på magen i søla, då er ein ikkje ein revolusjonær, men ein pratmakar. Og eg gjer ikkje framlegg om dette fordi eg likar det, men fordi vi ikkje har nokon annan veg, fordi historia ikkje har vore så venleg at ho har late revolusjonen verta moden samstundes overalt.

Slik sakene no står, har borgarkrigen teke til som ein freistnad på ein samanstøyt med imperialismen. Dette har synt at imperialismen er roten tvers igjennom, og at det held på å reisa seg proletariske element i alle hærar. Ja, vi skal få sjå verdsrevolusjonen, men nett no er han berre eit godt eventyr, eit sær vakkert eventyr. Eg forstår ungar som likar vakre eventyr. Men eg spør: Høver det seg for ein alvorleg revolusjonær å tru på eventyr? Det er ein kjerne av røyndom i alle eventyr. Dersom du fortalde barna eventyr der hanen og katten ikkje tala saman på menneskespråk, ville dei ikkje vera interesserte. Og på same måten: Dersom de fortel folket at det vil bryta ut borgarkrig i Tyskland, og i tillegg garanterer dei at vi i staden for ein samanstøyt med imperialismen vil få ein revolusjon på slagmarka over heile verda⁴¹, då vil folket seia at de narrar dei. Gjer de dette, vil de vinna over dei vanskane historia har stilt oss andsynes berre i dykkar eige sinn, med dykkar eigne ynske. Det ville vera framifrå om det tyske proletariatet var i stand til å gå til aksjon. Men har de noko mål for det, har de oppdaga noko instrument som syner at den tyske revolusjonen vil bryta ut den og den dagen? Nei, de veit det ikkje, og det gjer heller ikkje vi. De satsar alt på dette kortet. Dersom revolusjonen bryt ut, er alt berga. Sjølv sagt! Men dersom det ikkje går som vi ynskjer, dersom han ikkje sigrar i morgon, kva så? Då vil masane seia til dykk: De dreiv eit sjansespel. De satsa alt

på at lykka skulle snu hendingane på ein måte ho ikkje gjorde. De synte at de var uskikka for den situasjonen som verkeleg kom i staden for verdsrevolusjonen, ein revolusjon som uunngåeleg vil koma, men som enno ikkje har modnast fullt ut.

Vi er no inne i ei tid då imperialismen, som er væpna til tennene, har ført harde nederlag inn over eit land som har demobilisert hæren sin, som har vorte nøydd til å demobilisera. Det eg spådde har skjedd: I staden for Brest-freden har vi fått ein mykje meir audmykjan-de fred, og skulda for det ligg på dei som nekta å godta den fyrste freden. Vi visste at fordi det står så dårleg til med hæren, slutta vi fred med imperialismen. Vi sette oss til bordet i lag med Hoffmann og ikkje med Liebknecht — og med å gjera det hjelte vi den tyske revolusjonen. Men no hjelper de den tyske imperialismen, med di de har gjeve frå dykk millionverdiar i våpen og ammunisjon. Og alle som hadde sett den tilstanden — den utrulege tilstanden — hæren var i, kunne ha spådd dette. Alle heiderlege menneske som kom frå fronten sa at dersom tyskarane gjorde det minste åtak, ville vi uunngåeleg gå fullstendig til grunne. Vi ville ha vorte eit bytte for fienden på få dagar.

Når vi no har lært denne lekse, vil vi vinna over denne splittinga og krisa, same kor alvorleg sjukdomen enn er, for det vil koma ein umåteleg meir pålitande alliert til vår hjelp — verdsrevolusjonen. Når det vert tale om å ratifisera denne Tilsit-freden, denne utrlege freden, som er meir audmykjande og ein større røvarfred enn Brest-freden, då seier eg: Ja, så visst. Vi må gjera det fordi vi ser sakene frå massane sin synsstad. Alle freistnader på å nytta den taktikken vi nytta innanlands i eitt land i oktober og november — tida då revolusjonen triumferte — alle freistnader på å nytta denne taktikken på framgangen i verdsrevolusjonen med hjelp av innbilningskrafta vår, er dømde til å mislykkast. Når det vert sagt at pusteromet er ein fantasi, når ei avis som kallar seg *Kommunist* — eg går ut ifrå det kjem av

ordet «kommune» — når denne avisa fyller spalte etter spalte med freistnader på å visa attende teorien om pusteromet, då seier eg at eg har levd igjennom temmeleg mange fraksjonsstridar og splittingar, slik at eg sit inne med ein god del røynsle. Og eg må seia at det er klårt for meg at denne sjukdomen ikkje vil verta kurert med den gamle metoden med partisplitting etter fraksjonar, for hendingane vil kurera han snøggare. Livet går svært snøgt frametter. På den måten er det storfelt. Historia køyrer lokomotivet sitt så fort at før redaksjonen i *Kommunist* har fått ut neste nummer, har fleirtalet av arbeidarane i Petrograd vunne å verta vonbrotne over tankane det spreier, av di hendingane har prova at pusteromet er ei kjensgjerning. Vi skreiv no under på ein fredsavtale. Vi har eit pusterom. Det nyttar vi oss no av for å kunna forsvara fedrelandet betre. For dersom vi hadde vore i krig, ville vi hatt ein hær som hadde rømt unna i panikk, og som vi ville vore nøyddde til å stansa, men som kameratane våre korkje kunne eller kan stan-sa, fordi krigen er mektigare enn messer, mektigare enn ti tusen argument. Sidan dei ikkje forstod den objektive stoda, kunne dei ikkje halda hæren tilbake, og dei kan det heller ikkje. Denne sjuke hæren smitta heile organismen, og vi fekk endå eit nederlag utan like. Den tyske imperialismen kunne retta endå eit slag mot revolusjonen, eit hardt slag, fordi vi tillet oss å stilla opp mot slaga frå imperialismen utan maskingevær. I mellom-tida skal vi gjera oss nytte av dette pusteromet til å overtala folket til å gå saman og slåst, til å seia til dei russiske arbeidarane og bøndene: «Organiser sjølv-disiplin, streng disiplin, elles vil de verta liggjande under den tyske støvlehælen like eins som de ligg no, like eins som de uunngåeleg må liggja heilt til folket lærer å kjempa og å skapa ein hær som er i stand til ikkje å rø-ma unna, men til å tola unemnande lidingar.» Det er uunngåeleg, for den tyske revolusjonen har enno ikkje teke til, og vi kan ikkje garantera at han vil koma i mor-gon.

Dette er grunnen til at røyndomen sjølv talar for teorien om pusteromet, som vert fullstendig avvist i flau-
men av artiklar i *Kommunist*. Alle kan sjå at pusteromet er ei kjensgjerning, og at alle gjer seg nytte av det. Vi trudde vi skulle mista Petrograd på nokre få dagar då dei framrykkande tyske troppane stod berre nokre få dagsmarsjar vekk og dei beste matrosane våre og Putilov-arbeidarane* stod åleine, same kor eldhuga dei var, då det braut ut eit utruleg kaos og panikk som tvinga troppane våre til å røma unna heilt til Gatsjina, og då vi hadde tilfelle då stillingar som aldri hadde gått tapt vart vunne attende — ved at ein telegrafist som kom fram til stasjonen sette seg til apparatet og telegraferte ut: «Ingen tyskarar i sikte. Vi har okkupert stasjonen.» Nokre timar seinare fekk eg ein telefon frå jarnbanekommissariatet, som fortalde: «Vi har okkupert neste stasjon og nærmar oss Jamburg. Ingen tyskarar i sikte. Telegrafisten er på plass.» Slike ting har vi opplevd. Dette er den verkelege historia om elleve-dagarskrigen⁴². Matrosane og Putilov-arbeidarane skildra henne for oss, og dei burde få koma til sovjetkongressen. Lat dei fortelja sanninga. Det er ei fryktelig bitter, skuffande, smertefull og audmykjande sanning, men ho er hundre gonger meir nyttig, det russiske folket kan forstå henne.

Ein kan drøyma om revolusjonen på slagmarka over heile verda, for han vil koma. Alt vil koma i si tid. Men nett no må vi ta til å arbeida for å få til sjølvdisiplin, innordning framfor noko anna, slik at vi kan ha eksemplarisk orden, slik at arbeidarane i det minste i ein av tjuefire timar får trening for å slåss. Dette er ein del vanskelegare enn å fortelja vakre eventyr. Det er dette vi kan gjera no, det er på denne måten de kan hjelpa den tyske revolusjonen, verdsrevolusjonen. Vi veit ikkje kor mange dagar pusteromet vil vara, men vi har

* *Putilov-arbeidarane* — dei som arbeidde ved Putilov-fabrikkane i Petrograd. — *Red.*

fått det. Vi må demobilisera hæren så snøgt som mogleg, for han er eit sjukt organ. I mellomtida vil vi hjelpa den finske revolusjonen.⁴³

Ja, sjølv sagt bryt vi avtalen. Vi har brote han tretti eller førti gonger. Det er berre ungar som ikkje kan forstå at i ein tidbolk som denne, då ei lang, smertefull tid med frigjering tek til, ei tid som nyleg har skapt sovjetmakta og løfta henne tre steg oppover i utviklinga hennar — ja då er det berre ungar som ikkje kan forstå at ved dette høvet må det koma ein langvarig og grundig gjennomtenkt kamp. Den skammelege fredsavtalen vekkjer protestar. Men når kameratane i *Kommunist* talar om krigen, appellerer dei berre til kjensler og gløymmer at folket knyter nevane i raseri og «ser raudt». Kva er det dei seier? «Ein klassemedviten revolusjonær kan aldri overleva dette, han vil aldri gje etter for ei slik skam.» Avisa deira har fått namnet *Kommunist*, men burde heller vore kalla *Slaktsjik**, for ho ser på sakene frå synsstaden til *slaktsjiken* som poserte vakkert og døydde med sverdet i hand medan han sa: «Fred er ei skam, krig er ærerikt.» Dei argumenterer frå synsstaden til *slaktsjiken*. Eg argumenterer frå synsstaden til bonden.

Når eg godtek fred når hæren er på flukt — og må flykta om han ikkje skal mista tusenvis av menn, godtek eg han for å forhindre at tilstandane vert verre. Er avtalen verkeleg skammeleg? Kvar einaste bonde og arbeidar som kan tenkja klårt vil seia at eg har rett, for dei skjønar at freden er eit middel for å få samla styrke. Historia kjenner til korleis tyskarane vart frie frå Napoleon etter freden i Tilsit — eg har vist til dette dømet meir enn ein gong. Eg kalla med vilje freden for ein Tilsit-fred, jamvel om vi ikkje har teke på oss å gjera det som var fastsett i den avtalen. Vi har ikkje teke på oss å syta for troppar som kan hjelpa sigerherren å hærta andre nasjonar — slikt har hendt i historia, og det vil

* *Slaktsjik* — polsk nemning for adelsmann. — Red.

henda med oss dersom vi held fram å setja vår lit til revolusjonen på slagmarka i verdsmålestokk. Ver varsame slik at ikkje historia tvingar på dykk denne forma for militærslaveri og. Og før den sosialistiske revolusjonen har sigra i alle land, kan det henda Sovjetrepublikken er tvinga ned i slaveri. Ved Tilsit tvinga Napoleon tyskarane til å godta utruleg vanærande fredsvilkår. Den freden måtte skrivast under ei rekkje gonger. Rett som det var greip Napoleon — den tidas Hoffmann — tyskarane i å bryta fredsavtalen, og vår tids Hoffmann vil gripa oss i det. Vi må berre passa på at han ikkje grip oss med det fyrste.

Den siste krigen har vore ein bitter og smertefull, men alvorleg lærdom for det russiske folket. Han har lært dei å organisera seg, å verta disiplinerte, å lyda, å organisera ein disiplin som vil verta eksemplarisk. Lær disiplin av tyskarane. For dersom vi ikkje gjer det, er vi dømde til undergang som folk, og vil leva i æveleg slaveri.

Slik, og ikkje annleis, har historia gått. Historia fortel oss at freden er eit pusterom for krigen, krigen er eit middel til å få ein noko betre eller ein noko dårlegare fred. Ved Brest var styrkeforholdet i samsvar med den freden som vart tvinga inn på den som hadde lidd nederlag, men det var ingen audmykjande fred. Styrkeforholdet ved Pskov stod i samsvar med ein vanærande, meir audmykjande fred. Og i Petrograd og Moskva, på neste stadiet, vil vi få diktert ein fred som er fire gonger meir audmykjande. Vi seier ikkje at sovjetmakta berre er ei form, slik dei unge venene våre i Moskva har sagt⁴⁴. Vi seier ikkje at innhaldet kan ofrast for dette eller hint revolusjonære prinsippet. Men vi seier: Lat det russiske folket forstå at dei må verta disiplinerte og organiserte, for då vil dei verta i stand til å stå imot alle fredsavtalar av Tilsit-slag. Heile historia om frigjeringskrigane syner at der dei har femna om store massar, har frigjeringa kome snøgt. Vi seier: Med di historia går føre seg på ein slik måte, vil vi verta nøydde til å gje opp

freden til fordel for krigen, og dette kan skje alt om nokre få dagar. Alle må vera budde. Det finst ikkje den minste skugge av tvil hjå meg om at tyskarane driv og bur seg nær Narva, om det er sant at byen ikkje er teken, slik som alle avisene skriv. Og er dei ikkje i Narva, så er dei nær Narva, og er dei ikkje i Pskov, er dei nær Pskov. Tyskarane driv og grupperer hæren sin og gjer jarnbanane sine klåre for å vinna Petrograd i neste spranget. Og dette beistet kan gjera særst gode sprang. Det har han prova. Han vil springa igjen. Det finst ikkje ein skugge av tvil om det. Dette er grunnen til at vi må vera budde. Vi må ikkje ropa og skrika, men må greia gjera oss nytte av jamvel ein einaste dag med pusterom, av di vi kan dra nytte av jamvel ein dags pusterom for å evakuera Petrograd. For om dei tek Petrograd, vil det føra til lidingar utan like for hundretusenvis av proletarane våre. Eg tek opp att at eg er klår til å skriva under, og at eg ser det som plikta mi å skriva under på ein avtale som er tjue gonger, ja hundre gonger meir audmykjande, for å vinna i det minste nokre få dagar då vi kan evakuera Petrograd. For slik kan eg lindra lidingane til arbeidarane, som elles vil koma under åket til tyskarane. Slik gjer eg det lettare å fjerna frå Petrograd alt materiellet, krutet osb. som vi treng. For eg er ein fedrelandsforsvarar, eg går inn for å setja opp ein hær, jamvel lengst borte i dei indre områda våre, der den demobiliserte, sjuke hæren vi har no vert lækt.

Vi veit ikkje kor lenge pusteromet vil vara, men vi vil freista nytta ut stoda til vår fordel. Kanhende vil pusteromet vara lenger, kanhende vil det berre vara nokre dagar. Kva som helst kan skje. Ingen veit eller kan vita kva, for alle stormaktene er bundne, avgrensa, tvinga til å slåss på ei rekkje frontar. Kva Hoffmann vil gjera vert fastlagt for det fyrste av trongen til å knusa Sovjetrepublikken, for det andre av at han er nøydd til å føra krig på fleire frontar og for det tredje av at revolusjonen i Tyskland modnast og veks, og det veit Hoffmann. Han kan ikkje, slik sume hevdar, ta Petrograd og Mos-

kva i denne stunda. Men han kan gjera det i morgon, det er fullt mogleg. Eg tek opp att: På eit tidspunkt når hæren er tydeleg sjuk, når vi nyttar ut kvart einaste høve, same korleis det kjem, til å få i det minste ein dags pusterom, då seier vi at kvar einaste alvorleg revolusjonær som har band til massane og som veit kva krig er og kva massane er, han må disiplinera massane, må lækja dei, må freista å reisa dei til ein ny krig. Kvar og ein revolusjonær av dette slaget vil gå med på at vi har rett, vil gå med på at kva som helst vanærande fred er på sin plass, fordi det er i interessene til den proletariske revolusjonen og fornyinga av Russland, fordi det vil vera til hjelp for å verta kvitt det sjuke organet. Eit kvart fornuftig menneske forstår at vi ikkje set nokon stopp for arbeidarrevolusjonen vår med å skriva under på denne fredsavtalen. Kvar og ein forstår at med å slutta fred med tyskarane stoggar vi ikkje å gje militærhjelp. Vi sender våpen til finnane, men ikkje militæravdelingar som syner seg ubrukande.

Kanhende vil vi ta imot krigen. Kanhende vi i morgon jamvel vil gje opp Moskva og så gå over på offensiven. Vi vil setja hæren vår opp imot hæren til fienden dersom det naudsynte omslaget i folkestemninga kjem. Dette omslaget er under utvikling. Kanhende vil det ta lang tid, men stunda vil koma då dei store folkemassane ikkje vil seia det dei seier no. Eg er tvinga til å godta overlag strenge fredsvilkår av di eg ikkje kan seia til meg sjølv at denne stunda er komen. Men når stunda for fornyinga kjem, då vil alle skjøna det, og sjå at rusaren er ingen tosk. Han ser, han vil forstå at nett no må vi halda att, at denne parolen må fylgjast. Og dette er hovudoppgåva for partikongressen vår og for sovjetkongressen.

Vi må læra å arbeida på ein ny måte. Det er umåteleg mykje vanskelegare, men det er på ingen måte vonlaust. Det vil ikkje bryta ned sovjetmakta med mindre vi bryt henne ned sjølve med fullstendig vitlaus eventyrpolitikk. Den stunda vil koma då folket seier: Vi vil ikkje

finna oss i å verta pinte lenger. Men dette vil berre skje dersom vi ikkje går med på eventyrpolitikken, men syner at vi er i stand til å arbeida under harde vilkår og under den overlag audmykjande avtalen vi skreiv under på førre dagen. For ein krig eller ein fredsavtale kan ikkje løysa ei slik historisk krise. På grunn av den monarkistiske organiseringa si vart det tyske folket lagt i lek-kjer i 1807, då dei skreiv under på freden i Tilsit etter ei rekkje audmykjande fredsavtalar som vart gjorde om til pusterom som berre vart fylgde av nye audmykingar og krenkingar. Sovjetorganiseringa av folket gjer opp-gåva enklare for oss.

Vi skulle berre hatt ein parole: Lær krigskunsten grundig og få orden på jarnbanane. Å føra ein sosialis-tisk revolusjonær krig utan jarnbanar ville vera grovt landssvik. Vi må skipa til orden, og vi må skaffa til ve-gar all den energien og all den styrken som vil få fram det beste som er i revolusjonen.

Grip jamvel ein times pusterom dersom de får det, for å halda oppe kontakten med dei indre delane av lan-det og skapa nye hærar der. Kast over bord illusjonar som dei røynelege hendingane har straffa dykk for, og som dei vil straffa dykk endå strengare for i framtida. Ei tid med særst harde nederlag ligg framfor oss, vi er midt inne i henne no, vi må vera i stand til å rekna med henne, vi må vera budde på å arbeida seigt og uthaldan-de under illegale tilhøve, under tilhøve med regelrett slaveri for tyskarane. Det har ingen ting for seg å måla biletet med lyse fargar. Det er ein retteleg Tilsit-fred. Men dersom vi er i stand til å gå fram på denne måten, så vil vi trass i nederlaga kunna seia med full visse: Sige-ren vil verta vår.

(Applaus)

Prenta i 1923

i boka: *Russlands*

Kommunistiske partis

7. kongress. Stenografisk referat.

Prenta i samsvar

med boka

HOVUDOPPGÅVA I VÅRE DAGAR⁴⁵

Du er vesal, du er rik
du er mektig, du er makteslaus
— mor Russland!*

Menneskesoga står i desse dagar ved eit viktig og særskilt vanskeleg vendepunkt, eit vendepunkt som vi utan å overdriva det minste kan seia vil tyda overlag mykje for frigjeringa av verda. Det er eit vendepunkt frå krig til fred, eit vendepunkt frå ein krig mellom røvarar som sender millionar av det arbeidande og utbytta folket til slaktebenken for å få i stand eit nytt system med oppdeling av det byttet dei sterkaste av dei har rana til seg, til ein krig der dei undertrykte går imot undertrykkjarane for å frigjera seg frå åket til kapitalen. Det er eit vendepunkt frå ein avgrunn av liding, angest, svolt og fornedring til den strålende framtida i eit kommunistisk samfunn, allmenn velstand og varig fred. Ingen skal undrast at i dei skarpaste svingane ved dette vendepunktet, når alt som knyter seg til det gamle vert brote ned og fell saman med eit forferdeleg krasande brak, og det nye vert fødd mellom uteljande lidingar, då er det sume som vert forfjamsa i hovudet, sume som vert gripne av fortvilning, sume som søker livd i vellydande og dårande frasar frå ein røyndom som til tider tykkjest for beisk.

Det har falle på Russland å få sjå klårast og få opple-

* Utdrag frå diktet «Kven har det godt i Russland» av Nikolai Nekrasov. — *Red.*

va på det mest skjærande og mest smertefulle det skarpe av alle skarpe vendepunkt i historia der ho svingar rundt frå imperialismen mot den kommunistiske revolusjonen. På nokre få dagar knuste vi eitt av dei eldste, mektigaste, mest barbariske og mest brutale monarkia. På nokre få månader gjekk vi gjennom ei rekke steg med samarbeid med borgarskapet og med å rista av oss småborgarlege illusjonar — steg som andre land har trunge fleire tiår på. På nokre få veker etter at vi hadde styrta borgarskapet, knuste vi den opne motstanden frå det i ein borgarkrig. Vi drog frå ein ende i dette vidstrekke landet til den andre i ein sigerrikk triumfmarsj for bolsjevismen. Vi reiste dei lågaste laga av det arbeidande folket som var undertrykt av tsarismen og borgarskapet til fridom og eit sjølvstendig liv. Vi skipa og vi grunnfesta ein sovjetrepublikk — ei ny statsform som står uendeleg høgt over og er uendeleg meir demokratisk enn dei beste av dei borgarleg-parlamentariske republikkane. Vi skipa proletariatets diktatur med stønad frå dei fattige bøndene, og tok til med eit breitt gjennomtenkt system med sosialistiske reformar. Vi vekte millionar og atter millionar av arbeidarar i alle land til tru på sin eigen styrke og tende den brennande eldhugen i dei. Overalt spreidde vi ropet etter ein arbeidarrevolusjon i heile verda. Vi kasta ei utfordring ut til dei imperialistiske røvarane i alle land.

Så, på nokre få dagar har ein imperialistisk røvar som overfall dei verjelause, slege oss til bakken. Han tvinga oss til å skriva under på ein utruleg trykkjande og audmykjande fred, som lydsfattig for at vi hadde våga riva oss laus frå jarnklørne til ein imperialistisk krig, om det så berre var for svært kort tid. Di meir trugande skuggen av ein arbeidarrevolusjon reiser seg framfor røvaren i hans eige land, di villare vert han for å knusa og kua Russland og riva det i småbitar.

Vi vart tvinga til å skriva under på ein «Tilsit-fred». Vi treng ikkje narra oss sjølve. Vi må ha mot til å sjå den bitre, usminka sanninga beint i andletet. Vi må må-

la opp heilt til botnar den avgrunnen av nederlag, lemlesting, slavebinding og audmykjing som vi no har vorte kasta ned i. Viljen vår til frigjering, trongen vår til å reisa oss att frå slavebinding til sjølvstende, og den ubøyande fullrådde hugen vår til å tryggja at Russland for kvar pris ikkje lenger skal vera vesalt og makteslaust, men verta mektig og rikt i den fulle tydinga desse orda har, vil verta fastare, meir stålsett og herda di klårare vi skjønar dette.

Og mektig og rikt kan Russland verta, for når alt kjem til alt har vi likevel att tilstrekkeleg med landområde og naturrikdomar til at det kan forsyna kvar og ein av oss, om ikkje med overflod, så iallfall med tilstrekkelege middel til å halda livet oppe. Naturrikdomane våre, kreftene våre og den strålende framskuven som den store revolusjonen har gjeve dei skapande evnene til folket, er rikeleg råstoff å byggja eit retteleg mektig og rikt Russland ifrå.

Russland vil verta mektig og rikt dersom det kastar all motløyse og alt frasemaking over bord, dersom det bit tennene saman og set all sin styrke inn og strammar kvar einaste nerve og muskel, dersom det skjønar at berginga *einast* ligg langs den vegen vi har lagt ut på fram mot den sosialistiske verdsrevolusjonen. Gå framover langs denne vegen, la dykk ikkje skremma av nederlag, legg det faste grunnlaget for det sosialistiske samfunnet stein på stein, arbeid av all makt for å få i stand disiplin og sjølvdisiplin, få grunnfesta overalt organisering, orden, effektivitet og eit harmonisk samarbeid mellom alle krefter i folket, innfør vidfemnande rekneskapsførsel med og kontroll over produksjon og fordeling — slik er den måten militær makt og sosialistisk makt kan byggjast opp på.

Det ville vera uverdig for ein ekte sosialist som har li-de eit alvorleg nederlag, å ropa og skrika eller å gje seg over til fortvilninga. Det er ikkje sant at stillinga vår er vonlaus, og at alt som står att for oss er å velja mellom ein «ærelaus» død (ærelaus frå ein *slaktsjiks* synsstad),

slik denne harde freden står for, og ein «ærerik» død i ein vonlaus kamp. Det er ikkje sant at vi med å skriva under på ein «Tilsit»-fred har svike ideala eller venene våre. Vi har ikkje svike nokon eller noko som helst. Vi har ikkje velsigna eller dekt over noka lygn. Vi har ikkje nekta å hjelpa ein einaste ven eller kamerat i ulykka på alle måtar vi kan og med alt som står til vårt rådvelde. Ein general som dreg restane av hæren sin attende til det indre av landet når han er slegen eller hæren rømer i panikk, eller som i ytste fall vernar dette tilbaketog med ein hard og audmykjande fred, han gjer seg ikkje skuldig i å svika den delen av hæren sin som han ikkje maktar hjelpa og som fienden har avskore. Ein slik general gjer plikta si med å velja den einaste vegen for å berga det som bergast kan, med å nekta å gå inn i eit vitlaust sjansespel, med ikkje å sminka over den bitre sanninga for folket, med å «gje opp rom for å vinna tid», med å gjera seg nytte av *kva som helst og kvart einaste* pusterom, jamvel det kortaste, for å samla styrkane og la hæren kvila og koma til hektene, dersom han er utsett for oppløysing eller demoralisering.

Vi har skrive under på ein «Tilsit»-fred. Då Napoleon I i 1807 tvinga Prøyssen til å skriva under på freden i Tilsit, hadde hærtakaren knust heile den tyske hæren, okkupert hovudstaden og alle dei store byane deira, sett inn sitt eige politi, tvinga dei overvunne til å forsyna seg, hærtakaren, med hjelpetroppar til nye røvarkrigar og delt opp Tyskland ved å slutta avtalar med nokre tyske statar mot andre. Like fullt overlevde det tyske folket jamvel ein *slik* fred, dei synte seg i stand til å samla styrkane sine, reisa seg og vinna retten til fridom og sjølvstende.

For alle dei som har evne og vilje til å tenkja, syner dømet med freden i Tilsit (som var berre ein av mange harde og audmykjande avtalar som vart tvinga på tyskarane den tida) klårt kor barnsleg naiv den tanken er at ein hard fred under alle vilkår tyder at ein er styrta ned i eit botnlaust øydeleggjande sluk, medan krig er

vegen med djervskap og frelse. Tider med krig lærer oss at i historia har fred ikkje sjeldan tent som eit pusterom og eit middel til å samla styrkar til nye slag. Freden i Tilsit var ei fullstendig audmykjing for Tyskland, men til same tid markerte han eit vendepunt mot ei fullstendig nasjonal atterreising. På den tida var dei historiske vilkåra slik at denne atterreisinga berre kunne leiast i retning av ein *borgarleg* stat. På den tida, for meir enn hundre år sidan, var det ein handfull adelege og nokre få borgarlege intellektuelle her og der som gjorde historia, medan arbeidar- og bondemassane låg i roleg svevn. Som fylgje av det kunne historia den tida berre krypa framover med uhyre låg fart.

Men no har kapitalismen heva kulturen i det heile og særleg kulturen til massane til eit langt høgare nivå.

Krigen har rista liv i massane, dei uteljelege redslene og lidingane har vekt dei opp. Krigen har sett fart på historia, og ho flyg no av stad med lokomotivfart. Milionar og titals millionar av menneske skaper no historia på eiga hand. Kapitalismen har vorte moden for sosialismen.

Og fylgjeleg: Når Russland no går over frå ein «Tilsit»-fred til ei nasjonal atterreising, til ein stor patriotisk krig — slik det tvillaust gjer no, då fører ikkje dette i retning av ein borgarleg stat, men i retninga mot ein sosialistisk verdsrevolusjon. Etter 25. oktober 1917 har vi vorte fedrelandsforsvararar. Vi er for «forsvar av fedrelandet», men den patriotiske krigen som vi no går i retning av er ein krig for eit sosialistisk fedreland, for sosialismen som eit fedreland, for Sovjetrepublikken som ei *avdeling* i verdshæren til sosialismen.

«Hat tyskarane, drep tyskarane» — det var og er slagordet til ein vanleg, dvs. borgarleg, patriotisme. Men vi vil seia: «Hat dei imperialistiske røvarane, hat kapitalismen, død over kapitalismen», og til same tid: «Lær av tyskarane! Ver trugne mot den borgarlege alliansen med dei tyske arbeidarane. Dei er forseinka med å ko-

ma oss til hjelp. Vi skal vinna tid, vi skal leva til vi ser dei kjem, og dei *vil koma* oss til hjelp.»

Ja, lær av tyskarane! Historia går i siksak og tek omvegar. Det har gått slik til at det er tyskarane som no ved sida av ein brutal imperialism framstellar prinsippet om disiplin, organisasjon, harmonisk samarbeid på grunnlag av ein moderne maskinindustri og streng rekneskapsførsel og kontroll.

Og det er nett dette vi manglar. Det er nett dette vi må læra. Det er nett dette den store revolusjonen vår treng for å gå over frå ei sigerrik byrjing, gjennom eit framhald med strenge prøvingar, fram til det sigerrike målet sitt. Det er nett dette Den russiske sosialistiske sovjetrepublikken har bruk for, for at han skal halda opp å vera vesal og makteslaus, og verta mektig og rik til alle tider.

11. mars 1918.

Prenta i *Izvestia frå Sek.*
nr. 46, 12. mars 1918

Prenta i samsvar
med brosjyren:
N.Lenin: *Hovudoppgåva*
i våre dagar
Moskva 1918

DEI NÆRASTE OPPGÅVENE FOR SOVJETMAKTA⁴⁶

DEN INTERNASJONALE STILLINGA TIL DEN RUSSISKE SOVJETREPUBLICKEN OG DEI GRUNNLEGGJANDE OPPGÅVENE FOR DEN SOSIALISTISKE REVOLUSJONEN

Takk vere den freden vi har oppnådd — jamvel om han både er sær hard og sær ustabil — har Den russiske sovjetrepublikken fått eit høve til å samla kreftene sine for ei tid om den viktigaste og vanskelegaste sida ved den sosialistiske revolusjonen, nemleg organiseringsoppgåva.

Denne oppgåva vart klårt og tydeleg stilt opp for heile det arbeidande og undertrykte folket i paragraf 4 (del 4) i den resolusjonen som vart vedteken på den ekstraordinære sovjetkongressen i Moskva 15. mars 1918, i den paragrafen (eller delen) som talar om sjølvdisiplinen til det arbeidande folket og om den nådelause kampen mot kaos og oppløysing.*

Sjølvsagt er det ikkje fordi Den russiske sovjetrepublikken no har planar om å ta til att med militære operasjonar, at freden han har oppnådd er ustabil. Sett bort ifrå borgarlege kontrarevolusjonære og deira leigesveinar (mensjevikaner og andre) tenkjer ingen vitug politiskar på noko slikt. Når freden er ustabil, kjem det av dei imperialistmaktene som grensar mot Russland både i vest og aust. I desse imperialistmaktene som rår over svære militære styrkar, kan militærpartiet få overtaket kva tid som helst, lokka av den russiske veikskapen i augeblinken og eggja av kapitalistane som hatar sosialismen og er ivrige etter å plyndra.

* Sjå Lenin, «Resolusjon om godkjenning av Brest-avtalen» (1918) i *Samla verk*, eng. utg., b. 27, s. 200 — 201. — Red.

Under desse omstenda er antagonismen* mellom imperialistmaktene den einaste verkelege garantien — ikkje papirgaranti — vi har for fred. Desse antagonismane har nådd dei ytste grensene og kjem klårt til syne på den eine sida med at den imperialistiske nedslaktinga av folka i Vesten er i full gang att, og på den andre sida med at den imperialistiske rivaliseringa mellom Japan og Amerika om overtaket i Stillehavet og på Stillehavskysten har kvesst seg svært sterkt til.

Det seier seg sjølv at med eit slikt utrygt vern står Den sosialistiske sovjetrepublikken vår i ei særstabil og utan tvil kritisk internasjonal stilling. Vi må setja inn alle våre krefter til det ytste for å gjera nytte av det pusteromet samspelet av omstende har gjeve oss, slik at vi kan lækja dei svært alvorlege sår krigen har gjeve heile samfunnsorganismen i Russland, og få i stand ei økonomisk atterreisning. For utan den er det utenkjeleg at forsvarsevna til landet kan auka noko vesentleg.

Det seier seg og sjølv at berre i den mon vi vert i stand til å løysa den organisatoriske oppgåva som møter oss, vil vi kunna gje effektiv hjelp til den sosialistiske revolusjonen i Vesten, som er forseinka av ei rekkje årsaker.

Eit grunnleggjande vilkår for at vi skal kunna løysa den viktige organisatoriske oppgåva som står framfor oss med framgang, er at dei politiske leiarane til folket, dvs. medlemene av Russlands kommunistiske parti (bolsjevikane), og saman med dei alle dei klasse-medvitne representantane for dei arbeidande massane, fullt ut sannkjenner den grunnleggjande skilnaden mellom tidlegare borgarlege revolusjonar og den noverande sosialistiske revolusjonen når det gjeld desse sakene.

I borgarlege revolusjonar var hovudoppgåva for dei arbeidande massane å fullføra det negative og øydeleggjande arbeidet med å avskaffa føydalismen, monarkiet og leivningane frå mellomalderen. Det positive el-

* *Antagonisme* — uforsonleg, fiendsleg motseiing. — *Red.*

ler byggjande arbeidet med å organisera det nye samfunnet vart utført av det borgarlege mindretalet av folkesetnaden som hadde eigedom. Og dei utførte denne oppgåva relativt lett trass i motstanden frå arbeidarane og fattigbøndene, ikkje berre fordi motstanden frå det folket som var utbytta av kapitalen var særsvak den gongen, med di dei var spreidde og utan utdanning, men og av di den viktigaste organiseringskrafta i det anarkistisk bygde kapitalistiske samfunnet er den nasjonale og internasjonale marknaden som veks og utvidar seg spontant.

I kvar einaste sosialistisk revolusjon derimot — og fylgjeleg i den sosialistiske revolusjonen i Russland som vi tok til med den 25. oktober 1917 — er hovudoppgåva til proletariatet og dei fattigbøndene som proletariatet leier, det positive eller byggjande arbeidet med å skipa til eit uhyre innfløkt og finstilt system av nye organisasjonstilhøve som femner om den planlagde produksjonen og fordelinga av dei varene som krevst for at titals millionar menneske skal eksistera. Ein slik revolusjon kan setjast ut i livet framgangsrikt berre dersom fleirtalet av folkesetnaden, og i fyrste rekkje fleirtalet av det arbeidande folket, tek del i sjølvstendig skapande arbeid som dei som lagar historia. Berre dersom proletariatet og dei fattige bøndene syner tilstrekkeleg klassemedvit, prinsipptruskar, offervilje og støleik, kan det tryggjast at den sosialistiske revolusjonen vil sigra. Med å skapa ein ny stat av sovjettypen, som gjev det arbeidande og undertrykte folket høve til å ta aktivt del i den sjølvstendige oppbygginga av eit nytt samfunn, løyste vi berre ein liten del av dette vanskelege problemet. Hovudvansken ligg på det økonomiske området, med å innføra den strengaste rekneskapsførsel og kontroll over alt som har med produksjonen og fordelinga av varene å gjera, med å auka arbeidsproduktiviteten og med å *sosialisera* produksjonen i praksis.

Utviklinga av bolsjevikpartiet som i dag er regje-

ringspartiet i Russland, peikar svært slåande på naturen til det vendepunktet i historia som vi no har nådd. Dette vendepunktet i historia som vi no har nådd. Dette vendepunktet er særmerkt for den politiske situasjonen vi har no, og det krev ei ny innretting på søvjetmakta, dvs. at det på nytt vert lagt fram nye oppgåver.

Den fyrste oppgåva for eit kvart framtidsparti er å overtyda fleirtalet av folket om at det programmet og den taktikken det har er rett. Denne oppgåva stod i framgrunnen både i tsartida og i den tida då slike som Tsjernov og Tsereteli dreiv kompromisspolitikk med slike som Kerenski og Kisjkin. Denne oppgåva er no i hovudsak fullført, for slik som sovjetkongressen i Moskva nyleg tvillaust syner, står fleirtalet av arbeidarane og bøndene i Russland no klårt på bolsjevikane si side. Men det er sjølvstakt langt ifrå at ho er heilt fullført (og ho kan aldri verta fullstendig fullført).

Den andre oppgåva partiet vårt vart stilt andsynes var å ta den politiske makta og undertrykkja motstanden frå utbyttarane. Heller ikkje denne oppgåva er fullstendig fullført, og vi kan ikkje oversjå henne, for monarkistane og dei konstitusjonelle demokratane på den eine sida og leigesveinane og etterslepet deira, mensjevikane og dei høgresosialrevolusjonære på den andre, held fram arbeidet med å samla seg for å styrta sovjetmakta. Men i hovudsak vart oppgåva med å undertrykkja motstanden frå utbyttarane fullført i tida frå 25. oktober 1917 til (omkring) februar 1918, eller fram til Bogajevski gav seg over.

Ei tredje oppgåve kjem no i framgrunnen som den næraste oppgåva, og det er ho som syner kva som er særmerkt med stoda nett no. Det er oppgåva å organisera *administrasjonen* av Russland. Vi tok sjølvstakt denne oppgåva opp til løysing straks etter 25. oktober 1917. Men fram til no har *ikkje* oppgåva med å administrera *kunna* verta *hovudoppgåva*, den *sentrale* oppgåva, sidan motstanden frå utbyttarane tok form av ein borgarkrig.

No har ho vorte hovudoppgåva og den sentrale oppgåva. Vi, bolsjevikpartiet, har *overtydd* Russland. Vi har *vunne* Russland frå dei rike for dei fattige, frå utbytтарane for det arbeidande folket. No må vi *administrera* Russland. Og det som er så særmerkt med stoda nett no, det som er så vanskeleg, det ligg i å forstå *særdraga ved overgangen* frå at hovudoppgåva er å overtyda folket og å undertrykkja utbytтарane med våpenmakt, til at hovudoppgåva er å *administrera*.

For fyrste gongen i saga til mennesket har eit sosialistisk parti stort sett greidd å fullføra oppgåvene å erobra makt og undertrykkja utbytтарane, og det har greidd å *gå direkte laus på* oppgåva med å *administrera*. Vi må prova at vi er verdige til å utføra denne vanskelegaste oppgåva (men og den som gjev mest att) i den sosialistiske revolusjonen. Vi må *skjøna fullt ut* at skal vi ha framgang i å administrera, må vi ved sida av å greia overtyda folket, ved sida av å greia vinna ein borgarkrig, også greia gjera *praktisk arbeid med å organisera*. Dette er den vanskelegaste oppgåva, for ho gjeld å organisera det djupaste grunnlaget for livet til millionar av menneske, det økonomiske grunnlaget, på ein ny måte. Og det er ho som gjev mest att, for fyrst *etter* at ho er fullført (i dei viktigaste og grunnleggjande draga), vil det verta mogleg å seia at Russland *har vorte* ikkje berre ein sovjetrepublikk, men og ein sosialistisk republikk.

DEN ALLMENNE PAROLEN NETT NO

Den objektive stoda vi har gått igjennom ovanfor var skapt av den yttarst harde og ustabile freden, av den forferdelege øydelegginga, av arbeidsløysa og hungersnauda vi arva frå krigen og det borgarlege styret (representert av Kerenski og mensjevikane og dei høgresosialrevolusjonære som stødde han). Alt dette har uunngåeleg ført til at store delar av det arbeidande

folket er yttarst uttrøytt, jamvel avkrefta. Desse folka står fast på å krevja — og kan ikkje anna enn krevja — eit pusterom. Oppgåva for dagen er å setja i stand att dei produktivkreftene som krigen og det borgarlege styret har øydelagt. Det er å lækja såra etter krigen, etter nederlaget i krigen, etter spekulasjonane og freistnadene frå borgarskapet på å atterreisa det styrta utbyttarstyret. Det er å få økonomien til å livna til att, å syta for pålitande vern for ein grunnleggjande orden. Det kan høyrast som eit paradoks, men når ein ser på dei objektive vilkåra som er peika på ovanfor, er det i røynda heilt sikkert at nett no kan sovjetsystemet tryggja at Russland går over til sosialismen berre dersom vi praktisk greier løysa desse svært grunnleggjande, yttarst grunnleggjande problema med å halda det offentlege livet i gang trass i motstanden frå borgarskapet, mensjevikane og dei høgresosialrevolusjonære. Utifrå det som særmerkjer stoda nett no, og utifrå at vi har fått sovjetmakta med hennar lover for sosialisering av jorda, arbeidarkontroll osv., vert det å løysa desse yttarst grunnleggjande problema praktisk, og det å vinna over vanskanane med å organisera fyrste etappane på vegen til sosialismen, no to sider ved same sak.

Før regelbunden og ærleg rekneskap med pengane, vis sparsemd, ikkje ver late, ikkje stel, fylgj så streng disiplin som råd i arbeidet — desse parolane har det revolusjonære proletariatet med rette gjort narr av når borgarskapet har nytta dei for å dekkja over at dei har styrt som utbyttarklasse. Men no etter at borgarskapet er styrta, vert dette dei næraste og viktigaste parolane i tida. På den eine sida er det at dei arbeidande *massane* fylgjer desse parolane i praksis, *einaste* vilkåret for å berga eit land som har vorte pint nesten til døde av den imperialistiske krigen og dei imperialistiske røvarane (med Kerenski i brodden). På den andre sida er det eit naudsynt og *tilstrekkeleg* vilkår for at sosialismen skal sigra til slutt at *sovjetstaten* fylgjer desse parolane i praksis med *sine* metodar og på grunnlag av *sine* lover.

Det er nett dette dei ikkje greier å forstå, dei som med forakt feiar til side tanken om å setja slike «forslitne» og «kvardagslege» parolar i fremste rekkje. I eit småbondeland som styrta tsarismen for berre eitt år sidan og fridde seg frå Kerenski og slike som han for mindre enn seks månader sidan, er det sjølv sagt slett ikkje så lite att av spontant anarki. Det har vorte forsterka av brutaliteten og villskapen som fylgjer alle langvarige og reaksjonære krigar, og det har vakse fram ein god del fortviling og forbitring utan mål. Og dersom vi legg til dette den provokasjonspolitikken som lakeiane til borgarskapet fører (mensjevikaner, dei høgresosial-revolusjonære osv.), vert det fullstendig klårt kva slag langvarig og uthaldande strev dei beste og mest klasse-medvitne arbeidarane og bøndene må føra for å få snudd stemninga i folket fullstendig og få dei inn på den rette vegen med jamt og disiplinert arbeid. Fyrst når dei fattige massane (proletarane og halvproletarane) får i stand ein slik overgang, vil det fullføra sigeren over borgarskapet, og særleg over borgarskapet mellom bøndene, som er meir hardnakka og fleire.

DEN NYE FASEN I KAMPEN MOT BORGARSKAPET

Borgarskapet i landet vårt er vunne over, men det er enno ikkje rykt opp med rota, enno ikkje øydelagt og ikkje ein gong brote heilt ned. Dette er grunnen til at vi no står framfor ei ny og høgare form for kamp mot borgarskapet. Det er overgangen frå den svært enkle oppgåva med å eksproprierer kapitalistane til den langt meir samansette og vanskelege oppgåva å skapa vilkår der det vil verta umogleg for borgarskapet å eksistera, eller for eit nytt borgarskap å veksa fram. Denne oppgåva vert heilt klårt umåteleg mykje viktigare enn den

førre, og før ho er fullført vil vi ikkje få nokon sosialisme.

Om vi måler revolusjonen vår etter same målestokk som vesteuropeiske revolusjonar, vil vi sjå at nett no står vi om lag på nivået som var nådd i 1793 og 1871. Vi har all rett til å vera stolte over at vi har nådd dette nivået, og på eitt felt har vi utan tvil nådd eit stykke lengre: Vi har nemleg kunngjort og innført over heile Russland den høgaste statsforma, sovjetmakta. Like fullt kan vi under ingen omstende seia oss nøgde med det vi har oppnådd, for vi har berre så vidt starta på overgangen til sosialismen, vi har *enno ikkje* gjort det som er avgjerande på *dette* området.

Det avgjerande er å organisera den strengaste landsomfemnande rekneskapsførsel og kontroll med produksjon og fordeling av varer. Like fullt har vi *enno ikkje* innført rekneskapsførsel og kontroll i dei føretaka og dei bransjane og områda av økonomien som vi har teke frå borgarskapet. Og utan dette kan det ikkje vera snakk om å nå det andre og like grunnleggjande materielle vilkåret for å innføra sosialismen, nemleg å auka arbeidsproduktiviteten i nasjonen som heilskap.

Dette er grunnen til at oppgåva vår nett no ikkje kunne definerast i den enkle formelen: Hald fram med offensiven mot kapitalen. Jamvel om det er tvillaust at vi ikkje har gjort oss ferdige med kapitalen, og jamvel om det tvillaust er naudsynt å halda fram med offensiven mot denne fienden av det arbeidande folket, ville ein slik formel vera unøyaktig. Han ville ikkje vera konkret, han vil ikkje kunna ta omsyn til det som er *særmerkt* med den noverande stoda, der vi for å kunna fortsetja å gå framgangsrikt vidare *i framtida*, må «utsetja» offensiven vår *no*.

Dette kan forklårast om vi jamfører stillinga vår i krigen mot kapitalen med stillinga til ein sigrande hær som har teke — lat oss seia halvparten eller to tredelar av landområdet til fienden, og er tvinga til å avbryta offensiven for å samla styrkane, fornya ammunisjonsla-

gra, reparera og styrkja sambandslinene, byggja nye depot, føra fram nye reservar osb. Under slike vilkår er det naudsynt å avbryta offensiven til ein sigrande hær nett for å kunna vinna resten av landområda til fienden, dvs. for å nå full siger. Den som ikkje har forstått at dei objektive tilhøva for augeblinken dikterer oss til å ta eit «avbrot» nett av dette slaget i offensiven mot kapitalen, han har ikkje forstått noko som helst av den noverande politiske stoda.

Det seier seg sjølv at vi ikkje kan tala om å «avbryta» offensiven mot kapitalen anna enn i hermeteikn, dvs. biletleg. I ein vanleg krig kan det sendast ut ein ordre om å stogga offensiven, og frammarsjen kan verkeleg stoggast. Men i krigen mot kapitalen kan ikkje frammarsjen stoggast, og det kan ikkje verta snakk om at vi skal gje opp å eksproprierar kapitalen vidare. Det vi diskuterer er å flytta *tyngdepunktet* i det økonomiske og politiske arbeidet vårt. Fram til no er det beinveges tiltak for å eksproprierar ekspropriatørane som har kome *i fremste rekkje*. Det som no *kjem i fremste rekkja* er å organisera rekneskapsførselen og kontrollen i dei føretaka der kapitalistane alt er eksproprierede, og i alle andre føretak.

Dersom vi sette oss føre å halda fram å eksproprierar kapitalen like fort som vi har gjort til no, ville vi temmeleg sikkert li nederlag, for arbeidet vårt med å organisera proletarisk rekneskapsførsel og kontroll har heilt tydeleg — heilt tydeleg for kvart tenkjande menneske — *sakka etter* arbeidet med å «eksproprierar ekspropriatørane» *beinveges*. Om vi no set inn alle krefter på å organisera rekneskapsførsel og kontroll, då vil vi kunna løysa dette problemet, vi vil kunna ta inn att tapt tid og vi vil vinna «felttoget» vårt mot kapitalen *fullt ut*.

Men er ikkje det å vedgå at vi må ta inn att tapt tid det same som å vedgå at vi har gjort ein feil? Nei, ikkje i det heile. Lat oss ta endå eit militært døme. Dersom det er mogleg å slå og driva attende fienden berre med avdelingar av lett kavaleri, bør det gjerast. Men dersom

dette ikkje kan gjerast med framgang lengre enn opp til eit visst punkt, då er det lett å tenkja seg at når dette punktet er nådd, vert det naudsynt å føra fram tungt artilleri. Når vi no vedgår at det er naudsynt å ta inn att tid vi har mista på å føra fram tungt artilleri, går vi ikkje med på at det framgangsrike kavaleriåtaket var eit mistak.

Lakeiane til borgarskapet klandrar oss ofte for at vi har sett i gang eit «raudegardiståtak» mot kapitalen. Ei slik klandring er meiningslaus, og ho høver godt berre for lakeiane til pengesekkane. For *ein gong* var «raudegardiståtaket» på kapitalen heilt ut diktert av omstendane. For det fyrste sette kapitalen *den gongen* i gang militær motstand med hjelp av Kerenski og Krasnov, Savinkov og Gotz (Gegetsjkori driv jamvel med slik motstand no), Dutov og Bogajevski. Militær motstand kan ikkje brytast med anna enn militære middel, og raudegardistane kjempa for den edle og storfelte historiske saka å fri det arbeidande og utbytta folket frå åket til utbytтарane.

For det andre kunne vi ikkje på den tida setja dei administrative metodane i framgrunnen i staden for undertrykkingsmetodane, av di kunsten å administrera ikkje er medfødd, men berre kan vinnast gjennom røynsle. På den tida mangla vi denne røynsla. No har vi henne. For det tredje kunne vi ikkje på den tida ha spesialistar på dei ulike felte for kunnskap og teknologi til rådvelde for oss, av di desse spesialistane anten sloss i rekkjene til slike som Bogajevski, eller enno var i stand til å driva systematisk og hardnakka passiv motstand med hjelp av *sabotasje*. No har vi brote denne sabotasjen. «Raudegardiståtaket» mot kapitalen var framgangsrikt, var sigerrikt, fordi vi braut den militære motstanden til kapitalen og motstanden dei dreiv med hjelp av sabotasje.

Tyder dette at «raudegardiståtak» mot kapitalen *alltid* er det som høver, under *alle* omstende, at vi ikkje har *nokon* andre måtar å slåss mot kapitalen på? Det

ville vera barnsleg å tru noko slikt. Vi sigra med hjelp av lett kavaleri, men vi har og tungt artilleri. Vi sigra med undertrykkingsmetodar. Vi skal og kune sigra med hjelp av administrasjonsmetodar. Vi må kjenna til korleis vi skal forandra metodane for å kjempa mot fienden etter som situasjonen endrar seg. Ikkje ein augeblink vil vi gje avkall på å undertrykkja slike som Savinkov og Gegetsjkori og alle andre kontrarevolusjonære godseigarar og borgarar på «raudegardistvis». Men vi vil ikkje vera så tåpelege at vi set «raudegardistmetodar» i fremste rekkja på eit tidspunkt då den perioden då raudegardiståtak var naudsynte er i ferd med å verta avslutta (og avslutta sigerikt), og den perioden bankar på døra då den proletariske statsmakta skal gjera seg nytte av dei borgarlege spesialistane til å pløya om jorda på ein slik måte at det hindrar framveksten at noko som helst borgarskap.

Dette er ein særmerkt tidbolk, eller rettare utviklingssteg, og for å kunna slå kapitalen fullstendig må vi vera i stand til å tilpassa formene for kampen vår etter dei særmerkte vilkåra på dette steget.

Utan rettleiing frå ekspertar på dei ulike områda for kunnskap, teknologi og røynsle vil overgangen til sosialismen verta umogleg. For sosialismen krev at massane går medvite fram til ein større arbeidsproduktivitet enn kapitalismen har, og på eit grunnlag som kapitalismen har nådd. Sosialismen må få til denne framgangen *på sin eigen måte*, med sine eigne metodar, eller for å seia det meir konkret, med sovjetmetodar. Og spesialistane er i hovudsak uunngåeleg borgarlege, på grunn av heile det sosiale miljøet som har gjort dei til spesialistar. Hadde proletariatet vårt løyst problemet med rekneskapsførsel, kontroll og organisasjon på nasjonalt plan raskt etter at det hadde teke makta (noko som var umogleg på grunn av krigen og av di Russland er så tilbakeliggjande), då kunne vi etter at vi hadde knekt sabotasjen også ha gjort desse borgarlege ekspertane fullstendig til våre underordna med hjelp av allmenn rekne-

skapsførsel og kontroll. Men på grunn av den store «forseinkinga» med å innføra rekneskapsførsel og kontroll i det heile, har vi *enno ikkje* skapt vilkåra for at dei borgarlege spesialistane kan stå til vårt rådvelde jamvel om vi har greidd å vinna over sabotasjen. Den store mengda av sabotørar «skal få arbeida», men dei beste organisatorane og toppekspertane kan staten gjera seg nytte av anten på den gamle måten, den borgarlege måten (dvs. for høg løn), eller på den nye måten, den proletariske måten (dvs. å skapa vilkåra for nasjonal rekneskapsførsel og kontroll nedanfrå, noko som uunngåeleg og av seg sjølv underordnar ekspertane og vervar dei til å arbeida for oss).

No må vi ty til den gamle borgarlege metoden og gå med på å betala ein svært høg pris for «tenestene» til dei borgarlege toppekspertane. Alle dei som har kjennskap til tilhøva ser verdien i dette, men ikkje alle tenkjer etter kva det tyder at den proletariske staten tek i bruk slike tiltak. Eit slikt tiltak er heilt klårt eit kompromiss. Det er eit avvik frå prinsippa til Pariskommunen og kvar proletarisk makt, for dei krev at alle gasjar skal setjast ned på nivået til ei vanleg arbeidarløn og at karrierisme ikkje berre skal kjempast mot med ord, men i handling.

Dessutan er det klårt at dette tiltaket ikkje berre ber i seg at offensiven mot kapitalen tek slutt — innan eit visst område og til ein viss grad (for kapitalen er ikkje ein pengesum, men eit særskilt samfunnsmessig forhold). Det er og *eit steg bakover* for den sosialistiske sovjetstatsmakta vår, som alt frå fyrste stund kunn gjorde og fylgde politikken med å setja høge gasjar ned på lønsnivået til ein gjennomsnittsarbeidar.⁴⁷

Sjølvsagt vil lakeiane til borgarskapet, særleg dei små, slike som mensjevikaner, folka kring *Novaja Zjizn* og dei høgre-sosialrevolusjonære, fryda seg over at vi vedgår at vi tek eit steg bakover. Men skadefryden deira treng vi ikkje bry oss med. Vi må studera særdraga ved den yttarst vanskelege og nye vegen til sosialismen utan

å løyna mistaka og veikskapene våre, og ved fyrste høve freista gjera det som har vorte liggjande ugjort. Om vi løyner den kjensgjerninga for folket at det å knyta til seg borgarlege ekspertar med hjelp av særst høge løner er eit tilbakesteg frå prinsippa for Pariskommunen, ville det vera å søkkja ned på nivået til borgarlege politikarar og narra folket. Om vi forklårar ende fram korleis og kvifor vi tok dette steget bakover, og så diskuterer offentleg kva middel som står til rådvelde for å ta inn att den tapte tida, tyder det å læra opp folket og lære frå røynsle, å læra saman med folket korleis sosialismen skal byggjast. Det har knapt vore eit einaste sigerrikt militært felttog i historia der ikkje sigerherren har gjort visse mistak, fått tilbakeslag på visse felt, mellombels har måtta gjeve slepp på noko og trekt seg attende sume stader. Det «felttoget» vi har sett i gang mot kapitalismen, er ein million gonger vanskelegare enn det vanskelegaste militære felttoget, og det ville vera dumt og vanærande å missa motet på grunn av eit særskilt og delvis tilbaketog.

Lat oss sjå på spørsmålet frå ein praktisk synsstad. Lat oss tenkja oss at Den russiske sovjetrepublikken treng eitt tusen fyrsteklasses vitskapsmenn og ekspertar på ulike område av kunnskap, teknologi og praktisk røynsle for å retta arbeidet til folket inn på å tryggja at økonomien til landet snarast råd kjem i gjenge att. Lat oss og tenkja oss at vi må betala desse «stjernene av fyrste klasse» 25 000 rublar kvar i året — sjølv sagt er fleirtalet av dei som skrik høgast om korrupsjonen mellom arbeidarane fullstendig korrumperte av ein borgarleg moral. Lat oss tenkja oss at denne summen (25 000 000 rublar) må fordoblast (dersom vi må betala bonusar for særleg god og rask fullføring av dei viktigaste organisasjonsmessige og tekniske oppgåvene), eller jamvel firedoblast (dersom vi må knyta til oss fleire hundre utanlandske spesialistar, som vil krevja meir). Spørsmålet er: Vil ei årleg utgift for Sovjetrepublikken på femti eller hundre millionar rublar for å omorganisera arbeidet

til folket etter moderne vitskaplege og teknologiske prinsipp vera for stor eller for hard? Sjølv sagt ikkje. Det overveldande fleirtalet av klassemedvitne arbeidarar og bønder vil godkjenna ei slik utgift. Dei veit av praktisk røynsle at det kostar oss tusenvis av millionar å vera så tilbakeleggjande, og dei veit at vi *enno ikkje* har nådd så høgt i organisering, rekneskapsførsel og kontroll at det vil få alle «stjernene» mellom våre borgarlege intellektuelle til å ta frivillig del i arbeidet *vårt*.

Det seier seg sjølv at dette spørsmålet og har ei anna side. Det er ikkje tvil om at høge gasjar verkar korrumpierende — både på sovjetstyresmaktene (særleg sidan revolusjonen kom så raskt at det var uråd å unngå at ein del eventyrarar og kjeltringar kom inn i stillingar der dei har makt, og dei vil saman med ein del udugelege og uærlege kommissærar* ikkje ha noko imot å vera «stjerner» når det gjeld å forgripa seg på dei statlege midla) og på arbeidarmassane. Men kvar einaste tenkjande og ærleg arbeidar og fattig bonde vil seia seg samd med oss, vil gå med på at vi ikkje kan kvitta oss med den vonde arven frå kapitalismen på ein blunk, og at vi berre kan frigjera Sovjetrepublikken frå skuldna den å betala ein årleg «lydskatt» på femti eller hundre millionar rublar (ein lydskatt for at vi sjølve ligg så langt attende når det gjeld å organisera *landsomfemnande* rekneskapsførsel og kontroll *nedanfrå*) om vi organiserer oss, om vi strammar disiplinen i våre egne rekkjer, om vi reinsar rekkjene våre for alle dei som «tek vare på arven frå kapitalismen», som «fylgjer tradisjonane frå kapitalismen», dvs. for lediggjengarar, snyltarar og folk som forgrip seg på statlege middel (no er all jorda, alle fabrikkane og alle jarnbanane «statlege middel» i Sovjetrepublikken). Dersom dei klassemedvitne framskridne arbeidarane og dei fattige bøndene med hjelp av sovjetinstitusjonane greier å organisera

* *Kommissær* — politisk rettleiar med fullmakter frå høgare organ i partiet eller sovjetmakta. — *Red.*

seg, disiplinera seg, ta seg saman, skapa ein sterk arbeidsdisiplin på eit års tid, då skal vi om eit års tid kasta av oss denne «lydskatten», og han kan verta mindre jamvel før den tid ... i nøye samsvar med den framgangen vi oppnår i arbeidsdisiplinen og organiseringa til arbeidarane og bøndene våre. Di før vi sjølve, arbeidarar og bønder, lærer oss den beste arbeidsdisiplinen og den mest moderne arbeidsteknikken og nyttar dei borgarlege ekspertane til å læra oss det, di før vil vi gjera oss frie frå å betala nokon «lydskatt» til desse spesialistane.

Arbeidet vårt med å organisera landsfemnande rekneskapsførsel og kontroll over produksjon og fordeling under tilsyn av proletariatet, har vorte liggjande svært langt etter arbeidet vårt med å eksproprier ekspropriatørane beinveges. Dette er ein tese som er grunnleggjande viktig for at vi skal skjønna kva som er særmerkt med stoda nett no, og kva oppgåver sovjetregjeringa må få som fylgje av denne stoda. Tyngdepunktet i kampen vår mot borgarskapet er i ferd med å gå over til å organisera slik rekneskapsførsel og kontroll. Berre med dette som utgangspunkt vil det vera mogleg å slå heilt rett fast dei næraste oppgåvene for den økonomiske politikken og finanspolitikken når det gjeld nasjonalisering av bankane, monopolisering av utanriks-handelen, statskontroll med pengesirkulasjonen, innføring av ein eigedoms- og inntektsskatt som er tilfredsstillande frå proletarisk synsstad, og innføring av tvungen arbeidsteneste.

Vi har vorte liggjande svært langt etter når det gjeld å innføra sosialistiske reformar på desse områda (særs, særs viktige område), og det er fordi rekneskapsførselen og kontrollen er utilstrekkeleg organisert i det heile. Det seier seg sjølv at dette er ei av dei vanskelegaste oppgåvene, og på bakgrunn av dei øydeleggingane kriggen førte med seg, kan ho berre fullførast over lengre tid. Men vi må ikkje gløyma at det er nett her borgarskapet — og særleg det talrike småborgarskapet og bondeborgarskapet — tek kampen opp mest alvorleg. Dei

bryt ned den kontrollen som alt er organisert, bryt ned kornmonopolet t.d., og dei skaffar seg posisjonar der dei kan profitera og driva spekulasjonshandel. Vi har langt ifrå sett ut i livet tilfredsstillande det vi har påbode, og hovudoppgåva nett no er å konsentrera alle krefter om å *setja ut i livet* på alvor, og i praksis, dei reformprinsippa som alt har vorte lov (men enno ikkje røyndom).

For å kunne gå vidare med å nasjonalisera bankane og gå stødig frametter med å skipa om bankane til knutepunkt i den offentlege rekneskapsførselen under sosialismen, må vi fyrst og fremst få verkeleg framgang i å auka talet på filialar for Folkets bank, å trekkja til oss innskot, å gjera det enklare for publikum å skyta inn og ta ut att pengar, å avskaffa køar, å fanga og *skyta* kjeltningar og dei som tek imot mutingar osb. Fyrst må vi verkeleg gjennomføra dei enklaste tinga og organisera skikkeleg det som er tilgjengeleg. Så må vi bu oss på dei meir innvikla sakene.

Vi må grunnfesta og forbetra dei statsmonopola (med korn, lær osb.) som alt er innførte. Med det skal vi førebu statsmonopolet for utanrikshandelen. Utan dette monopolet vil vi ikkje — ved å betala lydskatt — verta i stand til å «frigjera oss» frå utanlandsk kapital.⁴⁸ Og om det skal verta mogleg å byggja opp sosialismen er fullstendig avhengig av om vi kan greia verna om det indre økonomiske sjølvstendet vårt med å betala ein viss lydskatt til den utanlandske kapitalen i ei viss overgangstid.

Vi vert og liggjande svært langt etter når det gjeld å krevja inn skattar allment, og eigedoms- og inntektskatt særskilt. Når vi legg skadebøter på borgarskapet — og det er eit tiltak som i prinsippet er fullt ut tillateleg og fortener samtykke frå proletariatet — syner det at på dette feltet ligg vi framleis nærare krigsmetodane (å vinna Russland frå dei rike for dei fattige) enn administreringsmetodane. Men for å verta sterkare og for å kunna stå stødigare på våre egne bein, må vi ta i bruk

dei siste metodane. Vi må skifta ut dei skadebøtene som er lagde på borgarskapet med fast og regelmessig innkrevjing av eigedoms- og inntektsskatt. Det vil gje *større* inntekter til den proletariske staten, og det krev betre organisering av oss og betre rekneskapsførsel og kontroll.⁴⁹

Når vi er forseinka med å innføra tvungen arbeidsteneste, syner det og at arbeidet som for tida kjem i fremste rekkje, nett er det førebuaende organisasjonsmessige arbeidet som på den eine sida til sist vil grunnfesta det vi har vunne, og på den andre sida er naudsynt for å førebua operasjonen med å «omringa» kapitalen og tvingja han til å «overgje seg». Vi bør ta til å innføra tvungen arbeidsteneste straks, men vi må gjera det svært stegvis og vart. Vi må prøva ut kvart steg med praktisk røynsle, og vi må sjølvstakt ta fyrste steget med å innføra tvungen arbeidsteneste *for dei rike*. Å innføra budsjettbøker over arbeid og forbruk for kvar einaste borgar, medrekna borgarane på landsbygda, ville vera eit viktig steg mot å «omringa» fienden fullstendig og mot å skapa ein verkeleg folkeleg rekneskapsførsel og kontroll med produksjonen og fordelinga av varene.

KVA KAMPEN FOR LANDS- OMFATTANDE REKNESKAPSFØRSEL OG KONTROLL TYDER

Staten som i fleire hundreår har vore ein reiskap for å undertrykkja og plyndra folket, har late etter seg ein arv til oss av veldig hat og mistanke frå folket mot alt som har samband med staten. Det er særst vanskeleg å vinna over dette, og berre ei sovjetregjering kan gjera det. Men jamvel ei sovjetregjering vil trenga rikleg med tid og må vera uhorveleg uthaldande for å gjennomføra dette. Denne «arven» kjem særleg klårt fram i proble-

met med rekneskapsførsel og kontroll — det grunnleggjande problemet den sosialistiske revolusjonen står framfor i den næraste tida etter at borgarskapet er styrta. Det vil uunngåeleg gå ei viss tid før folket, som for fyrste gong kjenner seg fri no når godseigarane og borgarskapet er styrta, vil forstå og *kjenna* — ikkje ut ifrå bøker, men ut ifrå si eiga *sovjet*trøynsle — at utan vidfemnande statleg rekneskapsførsel og kontroll med produksjon og fordeling av varer, kan *ikkje* makta til det arbeidande folket, fridomen til det arbeidande folket, haldast oppe. Ei tilbakevending til åket til kapitalismen vil då vera *uunngåeleg*.

Alle vanane og tradisjonane til borgarskapet, og særleg til småborgarskapet, går og imot *statleg* kontroll, og dei held fast ved at «den heilage privateigedomen» og det «heilage» private initiativet er ukrenkjeleg. Det vert no særleg klårt for oss kor rett den marxistiske tesen er om at anarkisme og anarkosyndikalisme er *borgarlege* straumdrag, og korleis dei står i uforsonleg motstrid til sosialismen, proletariatets diktatur og kommunismen. Kampen for å få massane til å gripa tanken om *sovjet*-statskontroll og -rekneskapsførsel, og få denne tanken ført ut i praksis, kampen for å bryta med ei roten fortid, som lærte folket å sjå det å få tak i brød og klede som «private» saker og kjøp og sal som ei forretning «som berre gjeld meg sjølv» — det er ein stor kamp som har verdshistorisk meining. Det er ein kamp mellom sosialistisk medvit og borgarleg-anarkistisk spontanitet.

Vi har innført arbeidarkontroll som lov. Men denne lova har fyrst nyleg teke til å verka, og fyrst nyleg har breie lag av proletariatet teke til å gripa henne. I agitasjonen vår har vi ikkje forklårt tilstrekkeleg at mangel på rekneskapsførsel og kontroll over produksjonen og fordelinga av varene tyder døden for spirene til sosialismen, tyder at statlege middel vert stukne til sides (for all eigedom høyrer staten til, og staten er sovjetstaten der makta ligg hos fleirtalet av det arbeidande folket). Vi

har ikkje forklårt tilstrekkeleg at skøytesløyse med rekneskapsførsel og kontroll tyder rett ut å hjelpa og oppmuntra dei tyske og russiske Kornilovane, som kan styrta makta til det arbeidande folket *berre* dersom vi ikkje lykkast i å få grep om oppgåva med rekneskapsførsel og kontroll, og som med hjelp frå heile borgarskapet på landsbygda, med hjelp frå dei konstitusjonelle demokratane, mensjevikanane og dei høgresosialrevolusjonære «vaktar» oss og ventar på eit høveleg tidspunkt for å gå til åtak på oss. Og dei framskridne arbeidarane og bøndene tenkjer og taler ikkje nok om dette. Før arbeidarkontroll har vorte ein røyndom, før dei framskridne arbeidarane har organisert og utført eit sigerrikt og nådelaut krosstog mot dei som bryt denne kontrollen, eller mot dei som er likesæle med kontrollen, vert det umogleg å gå over frå fyrste steget (frå arbeidarkontrollen) til det andre steget mot sosialismen, dvs. til å gå over til at arbeidarane regulerer produksjonen.

Den sosialistiske staten kan veksa fram berre som eit nettverk av produsent- og forbrukarkommunar som held samvitsfull rekning med produksjonen og forbruket sitt, sparar på arbeidskrafta og stendig aukar arbeidsproduktiviteten slik at det vert mogleg å setja arbeidsdagen ned til sju, seks og jamvel færre timar. Men vi kan ikkje oppnå noko utan at det vert sett i verk den strengaste vidfemnande rekneskapsførsel og kontroll med *korn* og *kornproduksjon* (og seinare med alle andre naudsynte varer) over heile landet. Kapitalismen let etter seg til oss ein arv av masseorganisasjonar som kan letta overgangen vår til rekneskapsførsel og kontroll frå massane over fordelinga av varene, nemleg dei kooperative forbrukarlag. I Russland er ikkje desse laga så godt utvikla som i dei framskridne landa, men dei har like fullt over ti millionar medlemmer. Dekretet om kooperative forbrukarlag⁵⁰ som nyleg vart sendt ut, er eit sær viktig fenomen, som på slående vis syner den særmerkte stillinga og dei særskilte oppgåvene til Den sosialistiske sovjetrepublikken nett no.

Dekretet er ei semje med dei borgarlege kooperative laga og dei kooperative laga til arbeidarane som framleis står på ein borgarleg synsstad. Det er ei semje eller eit kompromiss for det fyrste fordi representantane for dei nemnde institusjonane ikkje berre tok del i diskusjonane om dekretet, men i røynda fekk eit avgjerande ord i saka, for dei delane av dekretet som desse institusjonane gjekk hardt imot vart utelatne. For det andre er kjernen i kompromisset at sovjetregjeringa gjekk bort ifrå prinsippet om at nye medlemmer skal takast inn i dei kooperative laga utan å betala opningsgebyr (dette er det einaste heilskapleg proletariske prinsippet). Sovjetregjeringa gjekk og bort frå tanken om å slutta heile folkesetnaden på ein viss stad saman i *eitt* kooperativt lag. I motstrid til dette prinsippet som er det einaste sosialistiske prinsippet og som svarar til oppgåva med å verta kvitt klassane, fekk dei «kooperative laga til arbeidarklassen» (som ved dette høvet kallar seg «klasse»-lag berre av di dei underordnar seg klasseinteressene til borgarskapet) retten til å halda fram å eksistera. Til sist vart framlegget frå sovjetregjeringa om å utelukka borgarskapet fullt og heilt frå styra i dei kooperative laga ikkje så lite endra, og berre eigarar av private kapitalistiske handels- og industriføretak vart nekta å sitja i desse styra.

Dersom proletariatet som handlar gjennom sovjetregjeringa, makta å organisera rekneskapsførsel og kontroll over heile landet, eller i det minste å leggja grunnlaget for slik kontroll, ville desse kompromissa ikkje ha vore naudsynte. Då kunne vi ha organisert folkesetnaden i eitt kooperativt lag under proletarisk styring gjennom matvareavdelingane i sovjeta og gjennom forsyningsorganisasjonane under sovjeta. Det ville vi ha gjort utan hjelp frå dei borgarlege kooperative laga, utan å gje konsesjonar til dei reine borgarlege prinsippa som får dei kooperative laga til arbeidarane til å halda fram som arbeidarlag *side om side* med borgarlege lag, *i staden for* å leggja desse borgarlege kooperative laga

fullstendig under seg, slå dei to saman og ta heile styringa over laget og kontrollen med forbruket til dei rike i *sine egne* hender.

Når sovjetregjeringa sluttar ein slik avtale med dei borgarlege kooperative laga, har ho slege konkret fast dei taktiske måla og dei særmerkte framgangsmåtane sine på dette utviklingssteget: Med å styra dei borgarlege elementa, dra nytte av dei, koma med visse konsesjonar på delområde til dei, legg vi vilkåra for ein vidare framgang som vil gå seinare enn vi fyrst venta oss, men sikrare, med basen og sambandslinene betre tryggja, og med dei stillingane vi har vunne betre grunnfesta. Sovjeta kan (og må) no måla framgangen sin i den sosialistiske oppbygginga mellom anna med ein sær klår, enkel og praktisk målestokk, nemleg etter kor mange stader (kommunar eller landsbyar eller bykvartal osv.) det er skipa kooperative lag, og etter kor langt dei er utvikla i retning av å femna om heile folkesetnaden.

Å AUKA ARBEIDSPRODUKTIVITETEN

Etter at proletariatet har løyst problemet med å ta makta, og i den mon oppgåva å eksproprier ekspropriatørane og undertrykkja motstanden i hovudsak er utført, er det ei oppgåve som med naudsyn vil koma i framgrunnen i kvar einaste sosialistisk revolusjon. Det er den grunnleggjande oppgåva å skapa eit samfunnssystem som står høgare enn kapitalismen: Nemleg å auka arbeidsproduktiviteten, og i samband med dette (og med dette som føremål) å organisera arbeidet betre. Sovjetstaten vår står nett i den stillinga der han, takk vere sigrane over utbyttarane, frå Kerenski til Kornilov, er i stand til å gå rett laus på oppgåva, å møte henne på alvor. Og her vert det straks klårt at medan det er mogleg å ta over den sentrale regjeringa på nokre få dagar, medan det er mogleg å undertrykkja den militære motstanden (og sabotasjen) frå utbyttarane jamvel i ulike

delar av eit stort land på nokre få veker, så vil ei grundig løysing av problemet med å auka arbeidsproduktiviteten krevja fleire år under alle omstende (særleg etter ein sær sars forferdeleg og øydeleggjande krig). Objektive tilhøve fører her til at arbeidet må ta så lang tid.

Når arbeidsproduktiviteten skal aukast, krev det framfor alt at det materielle grunnlaget for storindustrien vert tryggja, nemleg at produksjonen av brenslé og jarn, verkstadindustrien og den kjemiske industrien vert utvikla. Den russiske sovjetrepublikken står i den heldige stillinga at han jamvel etter freden i Brest rår over overlag store reservar av malm (i Uralfjella), brenslé i Vestsibir (kol), i Kaukasus og i søraust (olje), i Sentralrussland (torv), veldige tømmerreservar, vasskraft, råmateriale for den kjemiske industrien (karabugass)*, osb. Utviklinga av desse naturressursane med hjelp av moderne teknologi vil leggja grunnlaget for ein framgang utan like i produktivkreftene.

Eit anna vilkår for å auka arbeidsproduktiviteten er for det fyrste å auka utdanningsnivået og det kulturelle nivået hos folkemassane. Dette skjer no sær sars snøgt, men det er ikkje dei som er blinda av borgarleg vane-gjengeri i stand til å sjå. Dei er ikkje i stand til å skjønna kva slags trong til opplysning og initiativ som no utviklar seg mellom dei «lågare lag» av folket takk vere sovjetorganisasjonen. For det andre er det et vilkår for økonomisk fornying at disiplinen, dugleiken, effektiviteten og intensiteten i arbeidet til det arbeidande folket vert auka og at organiseringa av arbeidet vert betra.

På dette området er stoda særskilt dårleg. Ho er jamvel vonlaus, dersom vi skal tru på dei som har late borgarskapet få audmykja seg, eller som tener borgarskapet ut ifrå eigne føremål. Desse folka skjønna ikkje at det aldri har vore, og heller ikkje kunne vera nokon revolusjon der dei som stør det gamle systemet ikkje skreik opp om kaos, anarki osb. Sjølvsaft finn vi ei

* *Karabugass* — gass etter eit sær sars saltholdig område i Kaspiahavet.
— *Red.*

djup og utbreidd oppøsing og gjæring mellom folket som fyrst nyleg har kasta av seg eit umåteleg hardt åk. Når folket skal arbeida ut nye prinsipp for arbeidsdisiplinen er det ein sær sars langvarig prosess, og denne prosessen kunne ikkje eingong ta til før det var vunne fullstendig siger over godseigarane og borgarskapet.

Men vi må under ingen omstende løyna eit openbert vonde. Samstundes må vi ikkje gje etter det minste for den fortvilninga (det er ofte ei falsk fortvilning) som borgarskapet og dei borgarlege intellektuelle spreier (dei er fortvila for at dei ikkje skal få halda på dei gamle privilegia sine). Tvert om skal vi dra dette vondet fram i dagen og forsterka sovjetmetodane for å kjempa imot det. For det er utenkjeleg at sosialismen kan sigra dersom ikkje den medvitne proletariske disiplinen sigrar over det spontane småborgarlege anarkiet, som er ein røynleg garanti for at det Kerenski og Kornilov står for skal koma til makta att.

Den meir klassemedvitne fortroppen til det russiske proletariatet har alt stilt seg som oppgåve å auka arbeidsdisiplinen. Til dømes har både sentralkomiteen i metallarbeidarforbundet og sentralrådet for fagforbunda teke til å arbeida ut dei naudsynte tiltaka og dekreta.⁵¹ Dette arbeidet må støttast opp under og skuvast fram snøggast råd. Vi må ta opp spørsmålet om akkordarbeid,⁵² ta det i bruk og prøva det ut i praksis. Vi må ta opp spørsmålet om å ta i bruk mykje av det som er vitskapleg og progressivt i Taylorsystemet.⁵³ Vi må få lønene i samsvar med den samla mengda produkt som vert laga, eller til den arbeidsmengda som jarnbane, sjøtransportsystemet osv. osv. utfører.

Russaren er ein dårleg arbeidar jamført med folk i dei framskridne landa. Det kunne ikkje vera annleis under tsarregimet, og når ein ser kor seigliva leivningane frå liveigenskapen var. Den oppgåva sovjetregjeringa må leggja fram for folket i heile si breidde er: Lær å arbeida. Taylorsystemet, som er siste nytt frå kapitalismen på dette området, er liksom alt kapitalistisk fram-

steg ein kombinasjon av den raffinerte brutaliteten i den borgarlege utbyttinga, og ei rekkje av dei fremste vitskaplege resultata når det gjeld å analysa mekaniske rørsler i arbeidet, få bort uturvande og klossute rørsler, arbeida ut rette arbeidsmetodar, innføra beste systemet for rekneskapsførsel og kontroll osv. Sovjetrepublikken må for kvar pris ta i bruk alt som er verdifullt av dei vitskaplege og tekniske resultata på dette området. Om det skal vera mogleg å byggja sosialismen, avheng nett av om vi lykkast i å kombinera sovjetmakta og sovjetorganisasjonen av administrasjonen med dei mest moderne resultata til kapitalismen. Vi må organisera studium og opplæring i Taylorsystemet i Russland, prøva det ut systematisk og tilpassa det til våre eigne føremål. Til same tid, samstundes som vi arbeider for å auka arbeidsproduktiviteten, må vi ta omsyn til særdraga ved overgangsperioden frå kapitalismen til sosialismen, som på eine sida krev at det vert lagt eit grunnlag for ei sosialistisk organisering av konkurransen, og på den andre sida krev at det vert nytta tvang, slik at slagordet om proletarietets diktatur ikkje skal vanhelgast av praksisen til ei stakkarsleg og redd proletarisk regjering.

ORGANISERINGA AV KONKURRANSEN

Mellom alt det meiningslause som borgarskapet er glad i å spreia om sosialismen, er og påstanden om at sosialistar nektar for at konkurranse er viktig. I røynda er det sosialismen som for fyrste gong opnar for konkurranse i verkeleg masseomfang med at han opphevar klassane, og fylgjeleg opphevar slavebindinga av folket. Og det er nett sovjetforma for organisering som for fyrste gongen let konkurransen få eit breitt grunnlag med at ho tryggar overgangen frå det formelle demokratiet i ein borgarleg republikk til reell deltaking frå massane av arbeidande menneske i *administreringa*. Det er langt lettare å organisera dette på det politiske området enn på det

økonomiske. Men skal sosialismen ha framgang, er det det økonomiske området som tel.

Ta eit middel for å organisera konkurransen, som til dømes det å gjera ting offentleg kjende. Den borgarlege republikken tryggjar det å gjera ting offentleg kjende berre formelt. I praksis let han pressa vera underordna kapitalen, underheld «mobben» med sensasjonsprega politisk søppel og løyner det som går føre seg i fabrikkane, når det vert gjort ein handel eller inngått ein kontrakt osb., bak eit slør med «forretningsløyndomar» som vernar om «den heilage eigedomsretten». Sovjetregjeringa har avskaffa forretningsløyndomar.⁵⁴ Ho har vald ein ny veg, men vi har knapt gjort noko for å nytta metoden med å gjera ting offentleg kjende for å oppmuntra den økonomiske konkurransen. Samstundes som vi utan nåde undertrykkjer den tvers igjennom lygnfulle og skamlaust baktalande borgarpressa, må vi ta til å arbeida systematisk for å skapa ei presse som ikkje vil underhalda og narra folket med politiske sensasjonar og banalitetar, men som legg spørsmåla i det økonomiske kvardagslivet fram slik at folket kan døma om dei og hjelpa til med eit alvorleg studium av desse spørsmåla. Kvar einaste fabrikk, kvar einaste landsby er ein kommune av produsentar og forbrukarar som har rett og plikt til å nytta dei allmenne sovjetlovene på sin eigen måte («på sin eigen måte» ikkje i tydinga å bryta dei, men i tydinga at dei kan nytta dei i ulike former), og å løysa problema med å føra rekneskap over produksjonen og fordelinga av varene på sin eigen måte. Under kapitalismen var dette ei «privatsak» for den einskilde kapitalisten, godseigaren eller kulakken.* Under sovjetsystemet er ikkje dette noka privatsak, men ei særskild viktig sak for staten.

Vi har enno berre så vidt teke til med den overlag store, vanskelege, men lønande oppgåva å organisera konkurransen mellom kommunane, innføra rekneskaps-

* *Kulakk* — russisk storbonde. — *Red.*

førsel og offentleg kunngjering av produksjonen av korn, klede og andre saker, og gjera om turre, døde, byråkratiske rapportar til levande føredøme, der nokre er avskrekkande og andre tiltrekkjande. Under den kapitalistiske produksjonsmåten var det svært avgrensa kva eit individuelt føredøme kunne få å seia, t.d. føredømet frå ein kooperativ verkstad, og berre dei som var gjennomsyra av småborgarlege illusjonar kunne drøyma om å «korrigera» kapitalismen gjennom eit føredøme med dygdefulle institusjonar. Etter at den politiske makta har gått over til proletariatet, etter at ekspropriatørane er eksproprierte, er stoda fullstendig forandra. Og nett slik framståande sosialistar har peika på ei rekke gonger, får krafta frå føredømet for fyrste gong høve til å verka inn på folket. Mønsterkommunar må og vil tena til å utdanna, læra opp og hjelpa fram dei tilbakeleggjande kommunane. Pressa må tena som ein reiskap for den sosialistiske oppbygginga. Ho må gje detaljerte kunngjeringer om framgangen mønsterkommunane har oppnådd, ho må studera årsakene til denne framgangen og kva slag metodar for leiing desse kommunane nyttar. På den andre sida må ho setja på «svarteliste» dei kommunane som held fast på «tradisjonane frå kapitalismen», dvs. anarki, latskap, uorden og profittjag. I det kapitalistiske samfunnet var statistikk berre ei sak for «departementsfolk» eller for snevre spesialistar. Vi må føra statistikken ut til folket og gjera han folkeleg slik at det arbeidande folket sjølve med kvart kan læra å skjøna og sjå kor lenge og korleis det er naudsynt å arbeida, og kor lang tid og korleis ein skal kvila. Slik kan *jamføringa av resultata av næringsverksemda* i dei ymse kommunane gjerast til ei sak som har allmenn interesse og kan studerast allment, og slik kan dei mest framståande kommunane få vederlag straks (med å gjera arbeidsdagen stuttare, auka lønene, stilla fleire kulturelle eller estetiske gode eller verdiar til deira rådvelde osv.).

Når ein ny klasse kjem fram på den historiske scenen

som leiar og førar for samfunnet, då er det uunngåeleg at det kjem ei tid med ofseleg «skaking», sjokk, kamp og storm på den eine sida, og på den andre sida ei tid med usikre steg, eksperiment, vingling og dryging når det gjeld å velja nye metodar som samsvarar med dei nye objektive tilhøva. Det var ikkje berre med samansverjingar og freistnader på oppreist og på å setja inn att det gamle styret at den dødsmerkte føydaladelen hemna seg på borgarskapet som sigra over han og tok plassen hans. Han hemna seg og med å dra fram og gjera til lått dugløysa, hjelpeløysa og mistaka til «oppkomlingane», «desse skamlause» som våga ta over det «heilage roret» til staten utan hundreår med trening slik fyrstane, baronane, adelen og storfolket hadde hatt. Nett på same måten hemnar slike som Kornilov og Kerenski, Gotz og Martov, heile hurven av heltar i borgarleg svindel og borgarleg skeptisisme, seg på den russiske arbeidar-klassen for at han har hatt «vågemot» til å ta makta.

Sjølvsagt er det ikkje veker, men lange månader og år som skal til for at ein ny samfunnsklasse, og særleg ein klasse som opp til no har vore undertrykt og halde nede av fattigdom og fåkunne, skal venja seg til den nye stillinga si, sjå seg ikring, organisera arbeidet sitt og setja sine *eigne* organisatorar i fremste rekkje. Det er forståeleg at partiet som leier det revolusjonære proletariatet ikkje har vore i stand til å skaffa seg røyntslene og vanane til store organisasjonsføretak som femner om millionar og titals millionar av innbyggjarar. Å gjera om dei gamle vanane, som så godt som berre er agitatorvanar, er ein tidkrevjande prosess. Men ikkje noko av dette er umogleg, og så snart som vi skjønar klårt at ei forandring er naudsynt, så snart som vi vert fast fullrådde på å setja forandringa ut i livet, og uthaldande i å streva etter eit stort og vanskeleg mål, så skal vi greia det. Det er veldige organisasjonsevner i «folket», dvs. mellom arbeidarane og bøndene som ikkje utbyttar arbeidet til andre. Kapitalen knuste desse evnerike menneska i tusental. Han drap evnene deira og kasta dei på skrap-

haugen. Vi er enno ikkje i stand til å finna dei, oppmuntra dei, få dei på føtene, få dei framover. Men det skal vi læra å få til dersom vi set i gang med det med ein altfemnande revolusjonær eldhug. For utan den kan ingen revolusjon sigra.

Ikkje nokon gong i historia har det stige fram noka djup og mektig folkerørsle utan at det har stige opp skite skum til toppen, utan eventyrarar og kjeltringar, storskrytarar og pratmakarar som knyter seg til dei urøynde nyskaparane, utan meiningslaust rot og oppstyr, utan at einskilde «leiarar» freistar driva med tjue saker på ein gong og ikkje fullfører ei einaste av dei. Lat kjælebikkjene til det borgarlege samfunnet, frå Belorussov til Martov, pistra og bjeffa for kvar einaste flis som vert slengd ut i veret når den gamle storskogen vert hoggen ned. Kva har vi elles kjælebikkjer for om dei ikkje skal bjeffa mot den proletariske elefanten? Lat dei bjeffa. Vi skal gå vår eigen veg, og freista så presist og tolmodig som mogleg å prøva ut og oppdaga verkelege organisatorar, folk med klåre og praktiske evner, folk som i tillegg til å vera lojale mot sosialismen har evner til utan oppstyr (og trass i rot og oppstyr) å få store mengder menneske til å samarbeida stødig og samla innan rama av sovjetorganiseringa. *Berre* slike folk skulle, etter at dei er sette på prøve eit tital gonger, etter at dei er førte over frå dei enklaste til dei vanskelegare oppgåvene, setjast inn i dei ansvarlege stillingane som leiarar for arbeidet til folket, leiarar for administrasjonen. Dette har vi enno ikkje lært, men vi skal læra det.

«HARMONISK ORGANISERING» OG DIKTATUR

Resolusjonen som vart vedteken på sovjetkongressen i Moskva nyleg går inn for at hovudoppgåva nett no er å

få i stand ei «harmonisk organisering» og å stramma til disiplinen.* Alle er no klåre til å «røysta for» og «skrive under på» resolusjonar av dette slaget. Men til vanleg tenkjer ikkje folk over den kjensgjerninga at når slike resolusjonar skal setjast ut i livet, må det tvang til — tvang nett i form av diktatur. Like fullt ville det vera yttarst tåpeleg og meiningslaust utopisk å gå ut ifrå at overgangen frå kapitalisme til sosialisme var mogleg utan tvang og utan diktatur. Teorien til Marx gjekk for lenge sidan svært avgjort imot denne småborgarleg-demokratiske og anarkistiske meiningsløysa. Og Russland i 1917—18 stadfestar så slåande, tvillaust og med slik tyngd kor rette teoriane til Marx er på dette området, at det berre er dei som er vonlaust sløve eller som hardnakka har sett seg føre å snu ryggen til sanninga, som kan ta feil i dette spørsmålet. Anten diktaturet til Kornilov (om vi ser han som ei russisk utgåve av ein borgarleg Cavaignac**) eller proletariatets diktatur — noko anna val er det *ikkje tale om* for eit land som utviklar seg særst snøgt med særst skarpe vendingar midt oppe i ei forferdeleg øydelegging som har fylgd ein av dei skrekkelegaste krigane i historia. Alle løysingar som tilbyr ein mellomveg er enten eit svik mot folket frå borgarskapet — for borgarskapet tør ikkje seia sanninga, dei tør ikkje seia at dei treng Kornilov — eller eit uttrykk for toskeskapen til dei småborgarlege demokrata, til slike som Tsjernov, Tsereteli og Martov, som preikar om einskapen i demokratiet, det demokratiske diktaturet, den allmenne demokratiske fronten og liknande sludder. Dei som ikkje eingong utviklinga i den russiske revolusjonen i 1917—18 har lært at ein mellomveg er umogleg, må vi berre gje opp som fortapte.

På den andre sida er det ikkje vanskeleg å sjå at i

* Sjå Lenin: «Resolusjon om ratifisering av Brest-traktaten» (1918) i *Samla verk*, eng. utg., band 27, s. 200. — *Red.*

** *Cavaignac* — fransk general som knuste junirevolusjonen 1848. — *Red.*

kvar overgang frå kapitalismen til sosialismen er det naudsynt med diktatur av to hovudgrunnar eller langs to hovudkanalar. For det fyrste kan ein ikkje slå og ryddja ut kapitalismen utan at motstanden frå utbytta-rane vert nådeløst undertrykt. For ein kan ikkje med eitt slag ta frå dei rikdomane deira og føremonene deira i organisasjon og kunnskap. Fylgjeleg vil dei i ei heller lang tid uunngåeleg freista styrta det hata herredømet til dei fattige. For det andre: Jamvel om det ikkje var nokon ytre krig, er kvar einaste stor revolusjon, og særleg ein sosialistisk revolusjon, utenkjeleg utan indre krig, dvs. borgarkrig, som er endå meir øydeleggjande enn ytre krig. Han fører med seg tusenvis og millionvis av tilfelle med vakling og desertering frå ei side til ei anna, og fører til ei yttarst uklår stode med manglande likevekt og kaos. Og i ein slik djuptgåande revolusjon vil sjølvstalt alle oppløysande element i det gamle samfunnet uunngåeleg «stikka seg fram». Det vil uunngåeleg vera svært mange av dei, og dei er i hovudsak knytte til småborgarskapet (for kvar einaste krig og krise ruinerer og øydelegg småborgarskapet fyrst). Og desse oppløysande elementa *kan ikkje* «stikka seg fram» på annan måte enn gjennom ein auke i brotsverk, røvarferd, korrupsjon, spekulasjon og all slags valdsverk. Å slå dette ned krev tid, og *det krev ei jarnhand*.

Det har ikkje vore ein einaste stor revolusjon i historia der ikkje folket instinktivt har skjønna dette, og har synt sunn fastleik med å skyta tjuvar på flekken. Ulykka til tidlegare revolusjonar var at den revolusjonære eldhugen til folket, som heldt dei oppe i ein tilstand av spenning og gav dei styrke til å undertrykkja dei oppløysande elementa utan nåde, ikkje vara lenge. Den sosiale årsaka, dvs. den klassemessige årsaka til at den revolusjonære eldhugen til folket var så ustø, var at proletariatet var så veikt, for *berre* proletariatet kan (dersom dei er tilstrekkeleg mange, klassemedvitne og disiplinerte) vinna *fleirtalet* av det arbeidande og utbytta folket over på si side (fleirtalet av dei fattige, for å tala

enklare og meir folkeleg), og halda tilstrekkjeleg lenge på makta til å undertrykkja fullstendig alle utbytтарane så vel som alle dei oppløysande elementa.

Det var denne historiske røynsla frå alle revolusjonar, det var denne verdshistoriske økonomiske og politiske lærdomen Marx summerte opp då han gav den korte, skarpe, fyndige og uttrykksfulle formelen: Proletariatets diktatur. Og at den russiske revolusjonen har gått laus på denne verdshistoriske oppgåva på rette måten, *er prova* gjennom den sigerrike framgangen som sovjetorganisasjonen har hatt mellom alle folk og tungemål i Russland. For sovjetmakta er ikkje anna enn ein måte for å organisera proletariatets diktatur, diktaturet til den framskridne klassen, som hevar titals millionar arbeidande og utbytta menneske opp til eit nytt demokrati og til sjølvstendig deltaking i å administrera staten, menneske som av eiga røynsle lærer å sjå på den disiplinerte og klassemedvitne fortroppen til proletariatet som den mest pålitande leiaren sin.

Men diktatur er eit stort ord, og store ord skal ein ikkje slengja uvyrde ikring seg med. Diktatur er eit jarnstyre, det er eit styre som på revolusjonært vis går djervt, kjapt og nådelaut fram og undertrykkjer både utbytтарar og småbandittar. Men styret vårt er yttarst mildt. Ofte liknar det meir på gelé enn på jarn. Vi må ikkje ein augeblink gløyma at dei borgarlege og småborgarlege elementa kjempar mot sovjetsystemet på to måtar: På eine sida arbeider dei utanfrå, med metodane til slike som Savinkov, Gotz, Gegetsjkori og Kornilov, med samansverjing og oppreist, og med den skitne «ideologiske» attspeglinga av dette: flaumen av lygner og baktaling i pressa til dei konstitusjonelle demokrata, dei høgresosialrevolusjonære og mensjevikane. På andre sida arbeider desse elementa innanfrå og gjer seg nytte av kvart einaste utslag av oppløysing, av kvar einaste veikskap, for å muta, for å auka disiplinmangelen, likesæla og kaoset. Di nærare vi kjem ei fullstendig militær undertrykking av borgarskapet, di far-

legare vert dei småborgerlege anarkistiske elementa. Og kampen mot desse elementa kan ikkje førast berre med hjelp av propaganda og agitasjon, berre med å organisera konkurransen og velja ut organisatorar. Kampen må og førast med tvangsmiddel.

Etter kvart som den grunnleggjande oppgåva for styresmaktene ikkje lenger vert militær undertrykking, men administrasjon, vil det vanlege uttrykket for undertrykkinga og tvangen ikkje vera å skyta folk på flekken, men å stilla dei for retten. På dette området valde og det revolusjonære folket rette vegen etter 25. oktober 1917, og demonstrerte livskrafta i revolusjonen med å skipa sine eigne arbeidar- og bondedomstolar jamvel før dekreta som oppløyste det borgarlege byråkratiske rettsstellet, var vedtekne. Men dei revolusjonære folke-domstolane våre er yttarst, utruleg svake. Ein får ei kjensle av at vi enno ikkje har vorte kvitt dei haldningane folket har til domstolane som noko offisielt og framandt, ei haldning som er arva etter åket til godseigarane og borgarskapet. Det er enno ikkje tilstrekkeleg forstått at domstolane er eit organ som dreg nett dei fattige — og kvar einaste ein av dei — inn i arbeidet med å administrera staten (for arbeidet til domstolane er ei av dei oppgåvene til statsadministrasjonen), at domstolane er *maktorgan* for proletariatet og dei fattige bøndene, at domstolane er ein reiskap *for å prenta inn disiplin*. Det skortar enno på innsikt i den enkle og sjølv-sagde kjenslgjeringa at når største ulykka til Russland desse tidene er svolt og arbeidsløyse, kan ikkje desse ulykkene overvinnast med skippartak, men berre med heilskapleg, altfemnande, landsfemnande organisering og disiplin med sikte på å auka produksjonen av brød til folket og brød til industrien (brenslé), å transportera dette i god tid til dei stadene der det trengst og fordela det på skikkeleg måte. Det skortar og på innsikt i at det fylgjeleg er *dei* som øydelegg arbeidsdisiplinen i kvar fabrikk, kvart føretak, kva sak som helst, som er *ansvarlege* for dei lidingane som svolten og arbeidsløysa

har ført med seg, og at vi må vita korleis vi skal finna dei skuldige, stilla dei for retten og straffa dei nådelaut. Det småborgarlege anarkiet som vi no må stri så uthaldande imot, kjem nett til uttrykk i at vi ikkje ser klårt det økonomiske og politiske sambandet mellom hungersnaud og arbeidsløyse på eine sida og allmenn likesæle når det gjeld organisasjon og disiplin på den andre — i at synsmåtane til *småeigaren* heng så hardnakka fast: «Eg vil kara til meg det eg kan for meg sjølv, så får det gå som det vil med resten.»

Innan jarnbanetransporten, som kanhende er det mest slåande uttrykket for dei økonomiske sambanda i ein organisme storkapitalismen har skapt, kjem kampen mellom dei småborgarlege likesæle elementa og proletarisk organisasjon klårest til syne. Dei «administrative» elementa skaffar fram ei mengd sabotørar og folk som tek imot mutingar. Dei beste delane av dei proletariske elementa kjempar for disiplin. Men mellom desse to elementa er det sjølv sagt mange som vinglar og er «svake» karakterar som ikkje er i stand til å stå imot «freistingane» til å spekulera, til å ta imot mutingar og søkja personlege vinningar med å øydeleggja heile apparatet. Men sigeren over hungersnaud og arbeidsløyse avheng av at dette apparatet verkar som det skal.

Den striden som har utvikla seg kring det dekretet som nyleg vart sendt ut om drifta av jarnbanane,⁵⁵ dekretet som gjev diktatorisk makt (eller «uavgrensa» makt) til einskilde tenestemenn, er karakteristisk. Medvitne (og i stor mon truleg umedvitne) representantar for småborgarleg likesæle vil helst sjå eit avvik frå det kollektive prinsippet, demokratiet og prinsippa for sovjetregjeringa i at det såleis vert gjeve «uavgrensa» (dvs. diktatorisk) makt til einskildindivid. Her og der mellom dei venstresosialrevolusjonære har det vakse fram ein rein bølgeagitasjon mot diktaturdekretet, dvs. ein agitasjon som talar til dei lågaste instinkta og til den trongen småeigaren har til å «kara til seg det han kan». Dette har vorte eit sær sars viktig spørsmål. For det fyrste

er det eit prinsippsspørsmål: Er det i det heile i samsvar med dei grunnleggjande prinsippa for sovjetstyret å nemna ut einskilde individ, diktatorar med uavgrensa makt? For det andre: Kva samanheng er det mellom denne saka — denne presedensen* om de vil — og dei særskilde oppgåvene styresmaktene står andsynes i den noverande konkrete stoda? Vi må ta for oss båe desse spørsmåla svært nøye.

Historiske røynsler som ikkje kan visast attende har synt at i historia om dei revolusjonære rørslene har einskildmenneskes diktatur svært ofte vore uttrykket, reiskapen, kanalen for diktaturet til dei revolusjonære klassane. Einskildmenneskes diktatur kunne utan tvil godt sameinast med borgarleg demokrati. Men på dette punktet har både borgarane som svertar sovjetsystemet og dei småborgarlege handlangarane deira alltid drive med lurespel. På den eine sida ropar dei ut at sovjetsystemet er meiningslaust, anarkistisk og vilt, og går omhyggjeleg stilt forbi alle dei historiske døma og teoretiske argumenta våre som provar at sovjeta er ei høgare form for demokrati, at dei jamvel er opptakten til ei *sosialistisk* form for demokrati. På den andre sida krev dei eit høgare demokrati enn det borgarlege demokratiet av oss, og seier: Personleg diktatur kan på ingen måte sameinast med dykkar bolsjevikiske (dvs. ikkje borgarlege, *men sosialistiske*) sovjetdemokrati.

Dette er overmåte svake argument. Om vi ikkje er anarkistar, må vi gå med på at staten, og *det vil seia tvang*, er naudsynt for overgangen frå kapitalismen til sosialismen. Kva form tvangen kjem i vert avgjort av kva utviklingsnivå den revolusjonære klassen det er snakk om har nådd, men og av særskilde omstende, slik som t.d. arven etter ein lang og reaksjonær krig og dei motstandsformene som borgarskapet og småborgarskapet legg opp til. Det er såleis absolutt *ingen* motset-

* *Presedens* — lat. eit døme som vert nytta når liknande saker skal avgjerast seinare. — *Red.*

nad i prinsippet mellom sovjet- (dvs. sosialistisk) demokrati og det at einskildindivid sit med diktatorisk makt. Skilnaden mellom proletarisk diktatur og borgarleg diktatur er at det fyrste rettar slaga mot mindretalet av utbyttarar i interessene til det utbytta fleirtalet, og at det vert sett i verk — *også gjennom individ* — ikkje berre av dei arbeidande og utbytta massane, men og av organisasjonar som er bygde opp på ein slik måte at dei vekker desse massane til verksemd som skaper historie. (Og sovjetorganisasjonane er av dette slaget.)

Når det gjeld det andre spørsmålet, om kva individuell diktatorisk makt tyder utifrå dei særskilte oppgåvene nett no, må det seiast at maskinindustri i stor målestokk — og den er nett den materielle kjelda, den produktive kjelda, grunnlaget for sosialismen — krev ein absolutt og streng *einskapleg vilje*, som kan dirigera det sams arbeidet til hundrevis, tusenvis, ja titusenvis av menneske. At dette er teknisk, økonomisk og historisk naudsynt er tydeleg, og alle som har gjort seg opp tankar om sosialismen har alltid sett på dette som eitt av vilkåra for sosialismen. Men korleis kan ein streng einskapleg vilje tryggjast? Med at dei tusen underordnar sin vilje under viljen til den eine.

Dersom dei som tek del i det sams arbeidet har ideelt klassemedvit og disiplin, vil underordninga verta noko bort imot den milde leiinga ein dirigent har over eit orkester. Dersom den ideelle disiplinen og klassemedvitet ikkje er til stades, kan det få dei kvasse formene til eit diktatur. Men same korleis det er, så er *vilkårslaus underordning* under ein einskild vilje absolutt naudsynt for at prosessar som er organiserte etter mønster av den store maskinindustrien skal lykkast. På jarnbanane er det dobbelt eller tre gonger så naudsynt. I denne overgangen frå ei politisk oppgåve til ei anna, som *på overflata* er fullstendig ulik den fyrste, ligg alt det som særmerker stoda nett no. Revolusjonen har fyrst nyleg knust dei eldste, sterkaste og tyngste av alle lekkjer som folket gav seg inn under etter tvang. Det var i går. Men i

dag krev den same revolusjonen — nett utifrå interesse-
ne av at han utviklar seg og grunnfestar seg, nett ut ifrå
interessene til sosialismen — at folket *utan vilkår lyder
berre ein vilje* — viljen til arbeidsleiarane. Sjølv sagt kan
ikkje ein slik overgang koma i eitt steg. Det er klårt at
ein berre kan nå han som fylgje av veldige skakingar,
sjokk, tilbakevending til det gamle, uhorvelege kraftut-
faldingar frå den proletariske fortroppen, som leier fol-
ket til det nye. Dei som slår fylgje med det hysteriske
hykleriet til *Novaja Zjizn* eller *Vperjod*⁵⁶, *Djelo Naro-
da* eller *Nasj Vek*⁵⁷, stansar ikkje opp for å tenkja over
dette.

Lat oss ta for oss psykologien til den gjennom-
snittlege, vanlege representanten for dei strevande og
utbytta massane, og sjå han saman med dei objektive
materielle vilkåra for livet hans i samfunnet. Før
Oktoberrevolusjonen kunne han *ikkje* oppleve eit eina-
ste tilfelle der dei utbytta eigarklassane gjorde noko
verkeleg offer for han eller gav slepp på noko til føre-
mon for han. Han kunne *ikkje* sjå at dei gav han den
jorda og fridomen som dei stendig hadde lova han, eller
gav han fred og ofra «stormaktsinteressene» og inter-
essene til dei løynlege avtalane mellom stormaktene, el-
ler ofra kapital og profitt. Dette fekk han fyrst sjå *etter*
25. oktober 1917, då han tok det sjølv med makt og
måtte forsvara med makt det han hadde teke, imot slike
som Kerenski, Gotz, Gegetsjkori, Dutov og Kornilov.
Sjølv sagt var heile merksemda, alle tankane, heile den
mentale styrken hans ei viss tid retta inn på å ta ei kvile,
å retta ryggen, strekkja på skuldrene og ta med seg dei
velsigningane i livet som var til for å takast, og som dei
utbytta som no var styrta alltid hadde nekta han.
Sjølv sagt vil det krevja ei viss tid før det vanlege arbei-
dande mennesket vert i stand til ikkje berre å sjå sjølv,
ikkje berre verta overtydd, men og til å få kjensle av at
det ikkje rett og slett kan «ta», nafsa og grafsa til seg
ymse saker, at dette fører til auka oppløysing, til under-
gang, til at Kornilovane kjem attende. Den forandringa

i levevilkåra (og fylgjeleg i psykologien) hos vanlege arbeidsfolk som svarar til dette, har berre så vidt teke til. Og heile oppgåva vår, oppgåva til kommunistpartiet (bolsjevikane) som er den klassemedvitne talsmannen for det strevet dei utbytta driv for å frigjera seg, er å merkja oss denne forandringa, skjøna at ho er naudsynt, gå i brodden for dei utslitne menneska som er trøytte og søker ein utveg, og leia dei langs den sanne vegen, langs vegen med arbeidsdisiplin, langs vegen med å samordna oppgåva å diskutera på masse møte *om* arbeidsvilkåra med oppgåva å lyda viljen til sovjetteleiarer, til diktatoren, vilkårslaust *medan* dei arbeider.

«Møtemanien» er ei skyteskive for lättleggjeringa, og endå oftare for den ilske fresinga til borgarskapet, men-sjevikane og *Novaja Zjizn*-folka, som berre ser kaoset, forvirringa og utbrota av småeigaregoismen. Men utan diskusjonane på offentlege møte kunne dei undertrykte massane aldri ha gått over frå den disiplinen som vart tvinga inn på dei av utbyttarane, til ein medviten, frivillig disiplin. Når spørsmål vert tekne opp på offentlege møte, er det det verkelege demokratiet til det arbeidande folket, det er deira måte å retta ryggen på, deira oppvakning til eit nytt liv, dei fyrste stega deira langs den vegen dei sjølve har rydda for giftormar (utbyttarane, imperialistane, godseigarane og kapitalistane) og som dei ynskjer å læra å byggja sjølve, på sin eigen måte, for seg sjølve, etter prinsippa for sitt eige *sovjet*styre og ikkje eit framandt, aristokratisk, borgarleg styre. Nett oktoBERSIGEREN til det arbeidande folket over utbyttarane, ein heil historisk periode då det arbeidande folket sjølv i fyrste rekkje kunne diskutera dei nye livsvilkåra og dei nye oppgåvene, måtte til for å gjera ein varig overgang til høgare former for arbeidsdisiplin mogleg, for å skjøna medvite at proletariatets diktatur er naudsynt og for å lyda ordrane frå individuelle representanter for sovjetmakta vilkårslaust medan arbeidet står på.

Denne overgangen har no teke til.

Vi har lykkast i å fullføra fyrste oppgåva i revolusjonen. Vi har sett korleis dei arbeidande folkemassane bygde opp dei grunnleggjande vilkåra for framgangen mellom seg sjølv: Dei gjekk saman i striden mot utbytтарane for å styrta dei. Utviklingssteg som oktober 1905, februar og oktober 1917 har verdshistorisk tyding.

Vi har lykkast i å fullføra andre oppgåva i revolusjonen: Å vekkja opp, å skuva fram nett dei «lågare laga» i samfunnet som utbytтарane hadde halde nede, og som fyrst etter 25. oktober 1917 fekk full fridom til å styrta utbytтарane og få eit oversyn over stoda og ordna livet på sin eigen måte. Når dei mest nedtrampa og undertrykte, dei lågast utdanna folkemassane kom fram med spørsmål på offentlege møte, når dei gjekk over på bolsjevikane si side og skipa sine eigne sovjetorganisasjonar overalt, då var dette det andre store utviklingssteget i revolusjonen.

Det tredje utviklingssteget er no i ferd med å ta til. Vi må grunnfesta det vi har vunne, det vi sjølv har gjeve dekret om, gjort til lov, diskutert og planlagt — vi må grunnfesta dette i stabile former for *dagleg arbeidsdisiplin*. Dette er den vanskelegaste oppgåva, men den som gjev mest att, for berre med å fullføra henne kan vi få eit sosialistisk system. Vi må læra korleis vi skal kombinera «offentleg møte»-demokratiet til det arbeidande folket — som stormar, bårar og fløymer inn over strendene som springflod — med *jarndisiplin* i arbeidet, ved *vilkårslaus lydnad* etter viljen til ein einskild person, sovjetleiaren, medan vi arbeider.

Dette har vi enno ikkje lært.

Vi skal læra det.

I går var vi truga med at den borgarlege utbyttinga skulle innførast att, gjennom folk som Kornilov, Gotz, Dutov, Gegetsjkori og Bogajevski. Vi vann over dei. Men denne tilbakevendinga, nett den same tilbakevendinga trugar oss i dag i ei anna form, i forma til elementet av småborgarleg likesæle og anarkisme, eller «det er

ikkje mi sak»-psykologien til småeigaren, i form av daglege små, men talrike utfall og åtak frå dette elementet mot den proletariske disiplinen. Vi må og vi vil sigra over dette elementet av småborgarleg anarki.

UTVIKLINGA AV SOVJETORGANISASJONEN

Den sosialistiske karakteren til sovjetdemokratiet, dvs. det *proletariske* demokratiet slik det vert konkret prøvd ut i dag, ligg for det fyrste i den kjensgjerninga at veljarane er det arbeidande og utbytta folket. Borgarskapet er halde utanfor. For det andre ligg det i at alle byråkratiske formalitetar og avgrensingar i vala er avskaffa. Folket avgjer sjølve valordninga og tidspunktet for vala, og dei står heilt fritt til å kalla tilbake kva som helst vald person. For det tredje ligg det i at det er skapt ei svært god masseorganisasjon av fortroppen til det arbeidande folket, dvs. proletariatet som arbeider i storindustrien. Det set dei i stand til å leia dei svære massane av dei utbytta, å dra dei inn i eit sjølvstendig politisk liv, å utdanna dei politisk gjennom deira eiga røynsle. Difor har *heile* folkesetnaden for fyrste gong teke til å læra kunsten å administrera, og dei har teke til å administrera.

Dette er dei viktigaste særdraga ved det demokratiet som no vert prøvd ut i Russland. Det er eit høgare *slag* demokrati, eit brot med den borgarlege forvrenginga av demokratiet, ein overgang til eit sosialistisk demokrati og til dei vilkåra som skal til for at staten kan ta til å visa bort.

Det seier seg sjølv at elementet av småborgarleg oppløysing (som *uunngåeleg* til ein viss mon vil koma fram i *kvar* proletarisk revolusjon, og som kjem særleg sterkt fram i revolusjonen vår, på grunn av den småborgarlege karakteren landet vårt har, fordi det er så tilbakelig-

gjande og på grunn av fylgjene av ein reaksjonær krig) også må setja stempelen sin på sovjeta.

Vi må arbeida jamt og trutt for å utvikla organisasjonen til sovjeta og sovjetregjeringa. Det er ein småborgarleg tendens til å gjera medlemene av sovjeta om til «parlamentarikarar» eller til byråkratar på anna vis. Vi må kjempa mot dette med å dra *alle* medlemene av sovjeta inn i det praktiske arbeidet med å administrera. Mange stader held avdelingane av sovjeta på å smelta gradvis saman med kommissariata. Målet vårt er å dra *alle dei fattige* med i det praktiske arbeidet med å administrera, og alle steg som vert tekne i den retninga — di meir mangfelte dei er, di betre — må registrerast nøyaktig, studerast, setjast i system, prøvast ut med vidare røynsler og lovfestast. Målet vårt er å sikra at *kvar einaste* slitar skal driva med statsoppgåver *utan betaling* når han har gjort seg ferdig med sine åtte timars «oppgåver» med produktivt arbeid. Overgangen til dette er særleg vanskeleg, men einast denne overgangen kan garantera at sosialismen vil grunnfesta seg endeleg. Sjølv sagt førte det at forandringa var så ny og så vanskeleg til at ei lang rekkje steg vart tekne temmeleg famlande, til ei lang rekkje mistak, vakling — utan slikt er det ikkje mogleg med nokon merkande framgang. Grunnen til at stoda nett no tykkjest så særskild for mange av dei som gjerne vil sjåast på som sosialistar, er at dei har vent seg til å jamføra kapitalismen med sosialismen på abstrakt vis, og at dei djuptenkt set ordet «sprang» mellom desse to (nokre av dei minnest brotstykke av det dei har lese i verka til Engels, og kjem endå meir djuptenkte med frasen: «Sprang frå det naudsyntes rike til fridomens rike»^{*}). Fleirtalet av desse såkalla sosialistane som har «lese i bøkene» om sosialismen, men aldri gjort seg ein alvorleg tanke om saka, er ute av stand til å skjønna at dei sosialistiske læremeistrane med «sprang» meinte vendepunkt i verdshistorisk målestokk, og at

^{*} Sitat frå «Anti-Dühring» (1877) av Engels. — *Red.*

sprang av dette slaget strekkjer seg over tiår og jamvel lengre tid. Sjølv sagt vil den berykta «intelligensiaen» i slike tider skaffa fram uendeleg mange som syrgjer over dei døde. Nokre syrgjer over Den grunnlovgjevande forsamlinga. Andre syrgjer over den borgarlege disiplinen. Andre igjen syrgjer over det kapitalistiske systemet. Atter andre syrgjer over den kulturelle godseigaren og andre igjen over den imperialistiske stormaktspolitikken, osb., osb.

Det som er verkeleg interessant i tidbolken med store sprang, er den kjensgjerninga at den store mengda av restar frå det gamle, som av og til hopar seg opp snøggare enn spirane til det nye (som ikkje alltid skil seg tydeleg ut med det same), krev at ein evnar skilja ut kva som er mest viktig i utviklingsgangen eller rekkja av hendingar. Det finst stunder i historia då det viktigaste for at revolusjonen skal ha framgang, er å samla i hop ei så stor mengd restar som mogleg, dvs. å sprengja så mange av dei gamle institusjonane som mogleg. Det kjem stunder då det har vorte sprengt nok, og det som står for tur er den «prosaiske» (for dei småborgarleg revolusjonære «keisame») oppgåva å rydja restane unna. Og det kjem stunder då det viktigaste er å syta omhugsamt for spirene til det nye systemet, som gror mellom ruinane i ei jord der skraprestane enno er heller dårleg rydda til sides.

Det er ikkje nok å vera revolusjonær og tilhengjar av sosialismen eller ein kommunist allment. Du må til kvart einaste tidspunkt vera i stand til å finna det særskilde leddet i kjeden som du må gripa tak i med all kraft for å halda heile kjeden, og bu deg grundig før du går over til den neste kjeden. Rekkjefylgja på ledda, forma deira, måten dei er kjeda i hop på, måten dei skil seg frå kvarandre på i den historiske kjeden av hendingar, er ikkje så einfelte og meiningslause som ledda i ein vanleg kjede som ein smed har smidd.

Kampen mot den byråkratiske forvrenginga av sovjetorganisasjonen er tryggja gjennom dei faste

banda mellom sovjeta og «folket» i tydinga dei arbeidande og utbytta menneska, og ved at desse banda er smidige og tøyelige. Jamvel i dei mest demokratiske kapitalistiske republikkane i verda, ser aldri dei fattige på det borgarlege parlamentet som «sin» institusjon. Men sovjeta er «deira» og ikkje framande institusjonar for arbeidar- og bondemassene. Dei moderne «sosialdemokratane» av sorten til Scheidemann, eller noko som mest er det same, til Martov, vert viste attende av sovjeta og dei vert dregne mot det respektable borgarlege parlamentet, eller mot Den grunnlovgjevande forsamlinga, på same måten som Turgenjev for seksti år sidan vart dregen imot ei moderat monarkistisk og aristokratisk grunnlov, og vart vist attende av bondedemokratiet til Dobroljubov og Tsjernisjevski⁵⁸.

Det er det nære tilhøvet mellom sovjeta og «folket», det arbeidande folket, som skaper dei særskilte formene for tilbakekalling og dei andre midla for kontroll nedanfrå som må utviklast særst iverdig no. Til dømes har vi råda for offentleg utdanning, som tilbakevendande konferansar der sovjetveljarar og delegatane deira er kalla saman for å diskutera og kontrollera det sovjetstyresmakene gjer på dette området. Dei fortener full sympati og stønad. Ikkje noko kunne vera meir tåpeleg enn å forma om sovjeta til noko stivna som er seg sjølv nok. Di meir fullrådd vi no må stå for eit nådeløst og hardt styre, for eit diktatur av einskildmenneske i *fastlagde arbeidsprosessar*, i fastlagde sider ved *reint utøvande oppgåver*, di meir varierte må formene og framgangsmåtane vera for kontroll nedanfrå. Dette er naudsynt for å motverka kvart einaste lite grann som kan koma til å forvrenga prinsippa for sovjetstyret, og for å luka ut byråkratiet gong på gong utan å verta trøyt.

KONKLUSJON

Ei overlag vanskeleg, samansett og farleg internasjonal stode; det er naudsynt for oss å manøvrera og dra

oss attende; ei tid då vi ventar på at revolusjonen som modnast ulideleg sakte i Vesten skal koma med nye utbrot; innanlands ei tid med sakte oppbygging og nådelaus «oppstramming», med langvarig og uthaldande strid ført med stram proletarisk disiplin mot det trugande elementet av småborgarleg likesæle og anarki — dette er i korte drag det som særmerkjer det særskilte utviklingssteget av den sosialistiske revolusjonen som vi no er inne i. Dette er det leddet i den historiske kjeden av hendingar som vi nett no må gripa med all vår kraft for å prova at vi er på høgde med oppgåvene framfor oss før vi går over til det neste steget, dit eit særskilt lys dreg oss, lyset frå sigrane til den internasjonale proletariske revolusjonen.

Prøv å jamføra det vanlege kvardagsomgrepet «revolusjonært» med dei parolane som fylgjer av dei særmerkte vilkåra på det noverande steget, nemleg manøvrering, tilbaketrekkjing, venting, sakte oppbygging, nådelaus oppstramming, streng disiplin, knusa likesæla ... Det er forunderleg at når visse «revolusjonære» høyrer dette, vert dei gripne av ein edel harme og tek til å «dundra laus» med skjellsord mot oss for at vi gløymer tradisjonane frå Oktoberrevolusjonen, for at vi gjer kompromiss med dei borgarlege ekspertane, for at vi er småborgarlege, reformistar, osv., osv.?

Ulykka for desse ynkelege «revolusjonære» er at jamvel dei som mellom dei vert leidde av dei beste motiva i verda og er fullstendig lojale mot den sosialistiske saka, ikkje er i stand til å forstå dei særskilde, og særskilt «utrivelege» tilhøva som eit tilbakeliggjande land uunngåeleg må gå igjennom når det er rive sund gjennom ein reaksjonær og øydeleggjande krig, og når det tok til med den sosialistiske revolusjonen lenge før dei meir framskridne landa. Dei manglar mergstyrke i dei vanskelege stundene i ein vanskeleg overgang. Sjølv sagt er det dei «venstresosialrevolusjonære» som står fram som ein «offisiell» opposisjon av *dette* slaget mot partiet vårt. Sjølv sagt er det, og vil det alltid vera indivi-

duelle unntak frå gruppe- og klassetypar. Men sosiale typar vert verande. I eit land der ein folkesetnad av småeigarar dominerer stort i høve til ein reint proletarisk folkesetnad, vil skilnaden mellom den proletariske revolusjonære og den småborgarlege revolusjonære uunngåeleg merkast, og frå tid til anna vil han merkast svært godt. Den småborgarlege revolusjonære vinglar og vaklar for kvar einaste vending hendingane tek. Han er ein brennande revolusjonær i mars 1917 og prisar «koalisjonen» i mai, hatar bolsjevikane (eller klagar over «eventyrpolitikken» deira) i juli og vender seg redd frå dei ved slutten av oktober, stør dei i desember, og til sist, i mars og april 1918 vil slike typar oftast setja nasen forakteleg i veret og seia: «Eg er ikkje mellom dei som syng lovsongar til «organisk» arbeid, til det å vera praktisk og gå stegvis fram».

Det sosiale opphavet til slike typar er småeigaren, som er driven ut i galenskap av redslene i krigen, brå ruin og uhøyrde plåger av hungersnaud og herjing. Denne småeigaren spring hysterisk omkring og leitar etter ein utveg, leitar etter frelse, set tillita si til proletariatet og stør det i eine augeblikken og gjev etter for rier med fortviling i den neste. Vi må forstå klårt og støtt hugsa den kjensgjerninga at sosialismen ikkje kan byggjast på eit slikt sosialt grunnlag. Den einaste klassen som kan leia det arbeidande og utbytta folket er den klassen som utan vingling fylgjer sin eigen veg utan å mista motet, og utan å gje etter for fortviling jamvel på dei vanskelegaste, hardaste og farlegaste etappane. Vi har ingen bruk for hysteriske anfall. Det vi treng er den stødige marsjen framover av jarnbataljonane til proletariatet.

Skreven i mars—april 1918
Prenta i *Pravda* 28. april 1918
og *Izvestia* frå *Sek.* nr.85
underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar
med brosjyren
*Dei næraste oppgåvene
for Sovjet-makta*
2. utgåve, Moskva 1918

NOTAR PERSONREGISTER

NOTAR

1. *Den andre allrussiske kongressen til sovjeta av arbeidar- og soldatrepresentantar* vart halden i Petrograd 25. og 26. oktober (7. og 8. november) 1917. Utsendingar frå ein del ujest- og guvernementssovjetar av bonderepresentantar var og til stades. Då kongressen opna, var 649 utsendingar samla. Av dei var 390 bolsjevikar, 160 sosialrevolusjonære, 72 mensjevikar og 14 mensjevikinternasjonalistar. Seinare kom fleire utsendingar til.

Kongressen vart opna i Smolnyinstituttet kl. 2240 den 25. oktober, medan stormen på Vinterpalasset, der den provisoriske regjeringa hadde søkt livd, framleis var i full gang. Lenin leidde oppreisten, og var ikkje med på fyrste møtet. Fjortan bolsjevikar, sju venstresosialrevolusjonære og ein ukrainsk sosialist vart valde inn i presidiet for kongressen. Mensjevikane og dei høgresosialrevolusjonære ville ikkje vera med i presidiet. Leiarane for mensjevikane og dei høgresosialrevolusjonære gjorde framlegg om at det skulle takast opp forhandlingar med den provisoriske regjeringa, for den sosialistiske revolusjonen som nett då var i gang, var ikkje anna enn eit kupp, sa dei. Då dei oppdaga at fleirtalet stødde bolsjevikane, marsjerte dei ut. Like etter kl. 3 natt til 26. oktober fekk kongressen melding om at Vinterpalasset var falle og den provisoriske regjeringa arrestert. Kongressen vedtok då appellen: «Til arbeidarane, soldatane og bøndene», som var skriven av Lenin. Med den vart det kunngjort at makta hadde gått over til sovjeta av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar. Møtet tok slutt kl. 5.

Kl. 21 kom kongressen saman att. Dei fekk då høyra rapportane til Lenin, og vedtok dei historiske dekreta om fred og om jord. Ei regjering som fekk nemninga Rådet av folkekommissærar vart skipa under leiinga til Lenin. Dei venstresosialrevolusjonære avsla å sitja i sovjetregjeringa, og det vart berre bolsjevikar med i henne. Det vart valt ein allrussisk sentral eksekutivkomite på 101 mann, mellom dei var 62 bolsjevikar og 29 venstresosialrevolusjonære.

Kongressen vedtok og at eksekutivkomiteen kunne utvidast med utsendingar frå bondesovjet og hæravdelingar, og frå grupper som hadde marsjert ut. Kl. 5 var kongressen over (sjå *SUKP(b)s historie*, forlaget Oktober 1974, s. 217—219). s.10

2. *Den sentrale eksekutivkomiteen* — Det vert her vist til den sentrale eksekutivkomiteen som vart vald på den fyrte allrussiske sovjetkongressen, som vart halden i Petrograd frå 3. til 24. juni (16. juni til 7. juli) 1917. Dei høgresosialrevolusjonære og mensjevikane, som gjekk inn for å stø den borgarlege provisoriske regjeringa, hadde fleirtal i den fyrste eksekutivkomiteen. s.10

3. Dette viser til dei krigførande landa i fyrste verdskrigen. På den eine sida ententen: Frankrike, Storbritannia, Russland, Italia og USA, som kom til seinare, og i tillegg til dei Belgia, Serbia, Montenegro, Romania, Japan og Kina. På andre sida kvadrupealliansen (eller sentralmaktene): Tyskland, Austerrike-Ungarn, Tyrkia og Bulgaria. s.12

4. *Chartistrørsla* — masserørsle i den britiske arbeidarklassen, aktiv mellom 1836 og 1848. Rørsla fekk namn etter programmet «The People's Charter», fridomsbrevet til folket, som i 1837 tok opp 6 krav for korleis det parlamentariske demokratiet skulle utviklast. Allmenn røysterett for menn var det viktigaste av desse krava, som samla 1½ million underskrifter. Etter at parlamentet avviste krava i 1839, braut det ut oppreistar m.a. i Birmingham og Sør-Wales. Dei vart slegne ned med militær- og politimakt.

I 1842 vart det sett opp eit nytt skriv. Krava denne gongen var hovudsakleg økonomiske, m.a. 10-timarsdag, oppheving av fattiglovene og fabrikkvernlov. 3 millionar underskrifter vart samla inn, men arbeidet vart ikkje fylgt opp. Etter krisa i 1847 fekk rørsla ein ny oppsving, og det vart m.a. planlagt ei chartistisk nasjonalforsamling som alternativ til parlamentet, dersom ikkje chartistkrava vart vedtekne. Våren 1848 mobiliserte regjeringa over 200 000 politi og soldatar mot chartistane, og dette trugsmålet, saman med indre veikskapar i rørsla, og at regjeringa greidde slippa henne med å oppfylle einskilde krav, knekte framstøytane også denne gongen. Seinare fekk rørsla eit meir marxistisk prega program, men massestønaden var borte.

Chartistrørsla må reknast som den fyrste sjølvstendige revolusjonære rørsla til industriarbeidarklassen i verdshistoria, men ho hadde ingen revolusjonær teori og ingen organisasjon som kunne leia arbeidarklassen fram til siger, trass i den veldige masseoppslutninga. Både krava som var sette opp og framgangsmåtane med å leggja dei fram var i hovuddraga reformistiske. Fram til fyrste verdskrigen var krava til chartistane for det meste oppfylte i Storbritannia. s.15

5. *Anti-sosialistlova i Tyskland* — innført av Bismarck i 1878. Ho sette forbod mot alle sosialdemokratiske organisasjonar, alle arbeidarorganisasjonar og arbeidarpressa. Den sosialistiske litteraturen vart inndregen, og sosialistane vart forfylgde og landsforviste. Partiet organiserte seg illegalt, men nytta samstundes ut legale kanalar for å

styrkja kontakten med massane. Då lova vart oppheva i 1890 som fylgje av presset frå masserørsla i arbeidarklassen, hadde partiet både større oppslutning og større innverknad enn før det vart forbode. s.15

6. *Fråseigna 14. mars* — Dette viser til eit manifest (frå Petrogradsovetet av arbeidar- og soldatrepresentantar til folket i verda) som vart trykt i *Izvestia* 15. mars 1917. s.16

7. Dette viser til den revolusjonære aksjonen som vart sett i gang av tyske matrosar i august 1917. Aksjonen vart leidd av ein revolusjonær matrosorganisasjon som talde 4 000 mann. Dei gjekk inn for ein demokratisk fred og førebudde eit opprør. Sentrum for oppstanden, som tok form som streikar og mytteri, var havna i Wilhelmshaven, der mannskapet på fleire krigsskip tok del. Oppstanden vart slegen brutalt ned, og leiarane vart skotne. s.17

8. *Mensjevikane* — dei som støtta det småborgarlege, opportunistiske straumdraget innanfor Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti (RSDAP) og var reiskapen for borgarleg innverknad mellom arbeidarane. Namnet, som tyder «medlemer av mindretalet», skriv seg frå Den andre kongressen til RSDAP i 1903, frå vala til dei sentrale organa i partiet som vart haldne på slutten av kongressen. Mensjevikane var i mindretal, medan dei revolusjonære sosialdemokratane leia av Lenin, var i fleirtal (ordet «bolsjevik» tyder «medlem av fleirtalet»). Under revolusjonen 1905—07 var mensjevikane imot at proletariatet skulle ta leiinga i revolusjonen, dei var imot forbundet mellom arbeidarklassen og bøndene, dei gjekk inn for ei semje med det liberale borgarskapet og var for at det skulle ha leiinga i revolusjonen. I reaksjonsåra (1907—10) som fylgde etter at revolusjonen var slege ned, forkynte mensjevikane likvidasjonisme, dvs. dei ville øydeleggja det revolusjonære partiet til proletariatet som arbeidde illegalt.

Under den fyrste imperialistiske verdskrigen fylgde mensjevikane den same lina som dei opportunistiske leiarane i Den andre internasjonalen, som sentristane Kautsky & co. Deira politikk var å ta fråstand frå revolusjonen og gjera slutt på klassekampen under krigen for ikkje å hindra «deira» regjering i å taka del i den imperialistiske krigen.

Den borgarleg-demokratiske februarrevolusjonen i 1917 førte til at det vart skipa ei dobbeltmakt i Russland — borgarskapet sitt diktatur gjennom den provisoriske regjeringa, og proletariatets og bøndenes diktatur gjennom sovjeta. Mensjevikane og dei sosialrevolusjonære gjekk inn i den provisoriske regjeringa, støtta den imperialistiske politikken ho fylgde og stridde mot den proletariske revolusjonen som heldt på å veksa seg sterk. Innafor sovjeta fylgde mensjevikane den same politikken med å støtta den provisoriske regjeringa og skilja massane frå den revolusjonære rørsla.

Etter Oktoberrevolusjonen vart mensjevikanane eit ope kontrarevolusjonært parti som organiserte og tok del i samansverjingar og oppreistar som hadde som mål å styrta sovjetmakta. s.20

9. *Sosialrevolusjonære* — medlemmer av eit småborgarleg parti som kom til i 1901—02, då einskilte narodnikgrupper og -sirklar slo seg saman (Den sosialrevolusjonære unionen, Partiet for dei sosialrevolusjonære og andre).

Dei sosialrevolusjonære skilde ikkje mellom proletariatet og småeigarane, dei sletta over klasseskilnadene mellom bøndene og gjekk imot at proletariatet spelar ei leiande rolle i revolusjonen. Deira synsmåtar var ei blanding av narodnik-idear og revisjonisme. For å nytta eit uttrykk frå Lenin, så freista dei «å bota riftene i narodnik-ideane med bitar frå moderne opportunistisk «kritikk» av marxismen» (Lenin, «Sosialismen og bøndene» (1905) i *Samla verk*, eng. utg. 1965, band 9, s. 310).

Bolsjevikpartiet reiv sløret av freistnadene frå dei sosialrevolusjonære på å gøyma seg bak ei sosialistisk maske, og det førte ein fast strid mot dei for å få innverknad mellom bøndene. Bolsjevikanane synta at den terroristiske taktikken til dei sosialrevolusjonære var til skade for arbeidarrørsla. Likevel gjekk bolsjevikanane, i visse høve, inn i mellombels semjer med dei i striden mot tsarismen. Under den fyrste russiske revolusjonen braut høgrefløya mellom dei sosialrevolusjonære ut og skipa det legale Folkesosialistpartiet som stod nær kadettane i politiske synsmåtar. Venstrefløya skipa det halv-anarkistiske maximilistforbundet. I perioden med Stolypin-reaksjonen forfall det sosialrevolusjonære partiet ideologisk og organisatorisk, og under den fyrste verdskrigen vart dei fleste av medlemene sosialsjåvinistar.

Etter februarrevolusjonen i 1917 var dei sosialrevolusjonære saman med mensjevikanane og kadettane hovudstommen i den kontrarevolusjonære borgar- og godseigarregjeringa, der leiarane var sosialrevolusjonære (Kerenski, Avksentjev, Tsjernov). Seint i november 1917 skipa venstrefløya i partiet Det sjølvstendige venstresosialrevolusjonære partiet. I ein freistnad på å halda på innverknaden sin mellom bøndene anerkjende dei sosialrevolusjonære sovjetmakta formelt og gjekk inn i ein avtale med bolsjevikanane, men snart gjekk dei over til å stri mot dei.

Under den utanlandske intervensjonen og borgarkrigen tok dei sosialrevolusjonære del i kontrarevolusjonær undergravingsverksemd, dei støtta aktivt intervensjonistane og kvitegardistgeneralane, dei tok del i kontrarevolusjonære samansverjingar og organiserte terroristiske aksjonar mot leiarane i sovjetregjeringa og det kommunistiske partiet. Etter borgarkrigen heldt dei sosialrevolusjonære fram med dei fiendslege handlingane mot sovjetstaten, både innanlands og mellom kvite-emigrantane. s. 20

10. *Izvestia Vserossiiskogog Sovjeta Krestianskik Deputatov* (Nyhende frå det allrussiske sovjetet av bonderepresentantar) kom ut som dagsavis i Petrograd mellom 9. (22.) mai og desember 1917. Ho stødde dei høgresosialrevolusjonære, gjekk imot Oktoberrevolusjonen, og vart stengd pga. kontrarevolusjonær propaganda. s.22

11. *Lova om arbeidarkontroll* vart etter eit utkast frå Lenin diskutert og i hovudsak godkjend på eit møte i det sentrale rådet for fabrikkkomiteen i Petrograd. Den 27. oktober (9. november) 1917 vart utkastet lagt fram for Rådet av folkekommissærar. Eit anna utkast som ikkje gjorde det klårt at arbeidarkontroll sto over og var bindande for fabrikkeigarane vart vist attende og utkastet til Lenin teke som grunnlag for lova om arbeidarkontroll. s.27

12. *Fabrikkomiteane* vart skipa i mars 1917 som klasseorganisasjonar for arbeidarane. Råd av dei eldste fabrikkarbeidarar og andre valde organ med opphav i provisoriske streikekomitear i periodar med revolusjonært oppsving vert sett på som forløparane til fabrikkomiteane.

Desse komiteane vart særskild aktive så snart dei vart skipa. Dei formulerte arbeidarane sine økonomiske krav og presenterte desse for fabrikkeigarane, dei innførte 8-timarsdagen etter eiga avgjerd, utøvde kontroll med tilsetjing og avskil av arbeidskraft, danna arbeidar-milits, kjempa mot sabotasje frå arbeidskjøparane, sikra råvarer og brensel for å hindra stogg i produksjonen osv. Dei tok aktivt del i Oktoberrevolusjonen. I 1918 gjekk dei saman med fagforeiningane og vart grunneiningar i desse. s.28

13. *Venstresosialrevolusjonære*. Utetter 1. verdskrigen vart kløyvinga i det sosialrevolusjonære partiet stendig sterkare, og etter juliendingane i 1917 voks venstrefløya sterkt etter som bondemassane gjekk til venstre. Leiarane for denne gruppa var Spiridonova, Kamkov og Natanson (Bobrov). På den andre allrussiske sovjetkongressen hadde venstrefløya fleirtalet i den sosialrevolusjonære gruppa. Spørsmålet om dei skulle ta del i kongressen splitta partiet endeleg. Dei høgresosialrevolusjonære marsjerte ut, medan dei venstresosialrevolusjonære vart att og røysta saman med bolsjevikane i alle viktige spørsmål. Bolsjevikane ynskte å få dei med i regjeringa, men dei avslø og sette i staden fram krav om at det skulle skipast «ei sosialistisk samlingsregjering» der også mensjevikane, dei høgresosialrevolusjonære og andre skulle få vera med. For å halda på den store stønaden dei hadde mellom bøndene ynskte dei likevel samarbeid, og sist på året 1917 kom det til ei semje om at dei skulle gå inn i regjeringa. Då var dei venstresosialrevolusjonære formelt skipa som eige parti på ein kongress 19.—28. november (2.—11. desember) 1917.

Trass i regjeringssamarbeidet var dei venstresosialrevolusjonære

sterkt usamde med bolsjevikane på ei rekkje punkt. Det galdt t.d. spørsmålet om proletariatets diktatur, og fleire sider ved den sosialistiske oppbygginga. Dei gjekk sterkt imot freden i Brest, og trekte seg frå regjeringa i mars 1918 av den grunn. I juli 1918 organiserte sentralkomiteen deira mordet på den tyske ambassadøren i Moskva og ein væpna oppstand mot sovjetmakta for å sabotera fredsavtalen og provosera fram ein ny krig mellom Sovjet-Russland og Tyskland. Den femte allrussiske sovjetkongressen, som vart halden etter at julioppreisten var slegen ned, vedtok å stengja ute frå sovjeta alle venstresosialrevolusjonære som delte synet til leiarane. Etter at dei no hadde mista all stønad i massane, sette partiet i gang væpna kamp mot sovjetmakta. Mange venstresosialrevolusjonære ynskte å halda fram samarbeidet med bolsjevikane, og ein god del av dei gjekk seinare inn i kommunistpartiet. s.30

14. *Novaja Zjizn* (Nytt liv) — mensjevikisk dagsavis, organ for ei gruppe sosialdemokratlar som var kjend som internasjonalar. Mellom dei var mensjevikar, tilhengjarar av Martov og intellektuelle som halla mot mensjevikane. Avisen kom ut i Petrograd frå april 1917 til juli 1918. s.31

15. *Den ukrainske sentral-radaen*. Ein kontrarevolusjonær borgarleg-nasjonalistisk organisasjon skipa i Kiev i april 1917 av ein blokk av ukrainske borgarlege og småborgarlege nasjonalistar. Det sosiale grunnlaget for radaen var borgarskapet i by og bygd, og småborgarlege nasjonalsinna intellektuelle. Dei heldt fana med nasjonalt sjølvstende for Ukraina høgt for å avleia massane frå den revolusjonære kampen og tryggja herredømmet til det ukrainske borgarskapet og godseigarane. Etter Oktoberrevolusjonen proklamerte radaen seg som øvste organet for Den ukrainske folkerepublikken, og gjekk ut i open kamp mot sovjetmakta.

I desember 1917 kunngjorde den fyrste allukrainske sovjetkongressen Ukraina som sovjetrepublikk, og at radaen var styrta. Rådet av folkekommissærar i RSFSR (Den russiske føderasjonen av sosialistiske sovjetrepublikkar) godkjende den ukrainske sovjetregjeringa som den einaste lovlege i Ukraina, og vedtok å gje hjelp straks til å kjempa mot radaen. Over heile landet kom det væpna oppstandar til stønad for sovjetmakta, og 26. januar (8. februar) hadde sovjettroppane teke Kiev.

Som siste utveg gjekk radaen i allianse med dei tyske imperialistane, og i mars 1918 sette dei tyske okkupantane inn att radaen som marionetteregjering i Kiev. Ein månad seinare vart dei fjerna, då det synta seg at dei verken greidde kua den revolusjonære rørsle i Ukraina eller skaffa tyskarane dei råvarene dei hadde lova bort som takk for hjelpa. s.40

16. *Kadettane* — medlemmer av Det konstitusjonelt-demokratiske partiet. Det var det viktigaste borgarlege partiet i Russland og var tale-
røyr for det liberale monarkistiske borgarskapet. Det vart skipa i ok-
tober 1905. Dei sa seg å vera demokratar og kalla seg «partiet for fri-
dom for folket». Slik freista dei å vinna oppslutning frå bøndene.
Målet deira var å halda tsarismen oppe i form av et konstitusjonelt
demokrati. Seinare vart kadettane partiet for det imperialistiske bor-
garskapet. Under den fyrste verdskrigen gjekk dei aktivt ut til støtte
for tsar-regjeringas aggressive utanrikspolitikk. Då den borgarleg-
demokratiske revolusjonen kom i februar 1917 freista dei redda mo-
narkiet. Kadettane hadde ei leiande stilling i den borgarlege provisori-
ske regjeringa, og fylgde ein anti-folkeleg kontrarevolusjonær poli-
tikk som hjelpste dei britiske, franske og amerikanske imperialistane.
Etter at den sosialistiske Oktoberrevolusjonen hadde seira, organiserte
dei kontrarevolusjonære samansverjingar og oppreistar mot Sov-
jetrepublikken. s. 40

17. Dekretet vart lagt fram for Det øvste økonomiske rådet midt i de-
sember 1917, og vart offentliggjort i organet til Rådet: *Narodnoie*
Khosiaistvo (nasjonaløkonomien) i november 1918. s. 44

18. Lenin tok opp desse spørsmåla på ein konferanse med utsending-
ar til Hærkongressen om demobilisering av hæren den 17. (30.) de-
sember. Noko originalmanuskript til spørsmåla er ikkje kjent, heller
ikkje noka oppsummering av svara. Teksten her er henta frå eit brev
ein deltakar på konferansen sendte til Lenininstituttet i 1924.

Det ser ut for at dei svara Lenin fekk, hjelpste han å koma fram til ei
fast overtyding om at det ville vera umogleg å halda fram med krigen
mot tyskarane, og at det vart teke omsyn til svara då taktikken til par-
tiet i fredstingingane vart forma ut.

Hærkongressen hadde til hovudføremål å freista få den spontane
demobiliseringa av hæren inn i kontrollerte former, og å diskutera
korleis det kunne skipast ein ny hær for den sosialistiske staten. 28.
desember (10. januar) vedtok så kongressen, etter framlegg frå bolsje-
vikane, at det skulle skipast ein arbeidar- og bondehær. s.48

19. *Fråsegn om rettane til det arbeidande og utbytta folket*. Denne
kunngjeringa vart vedteken i den allrussiske sentrale eksekutivkomi-
teen og offentleggjort i *Izvestia* 4. (17.) januar 1918. Dagen etter las
Sverdlov opp teksten i kunngjeringa på fyrste møtet i Den grunnlov-
gjevande forsamlinga. Der nekta det kontrarevolusjonære fleirtalet i
forsamlinga å ta ho opp til diskusjon. 12. (25.) januar vart ho vedte-
ken av Den tredje allrussiske sovjetkongressen, og vart seinare lagt til
grunn for sovjetforfatninga. s.62

20. 6. (19.) desember 1917 vedtok den finske riksdagen ei kunngjøring om at landet var sjølvstendig. 18. (31.) desember sende Rådet av folkekommissærer ut eit dekret om sjølvstende for Finland. Dette var i samsvar med nasjonalitetspolitikken til sovjetstaten.

19. desember 1917 (1. januar 1918) gjorde sovjetregjeringa framlegg til den persiske regjeringa om å arbeida ut ein felles plan for tilbaketrekking av dei russiske troppane i Persia. Dette var i samsvar med ein traktat mellom Russland og sentralmaktene (Tyskland, Austerrike—Ungarn, Tyrkia og Bulgaria) frå 2. desember.

Eit dekret som regjeringa vedtok om tyrkisk Armenia 29. desember 1917 (11. januar 1918), vart trykt i *Pravda* 31. desember 1917 (13. januar 1918). s.63

21. 6. (19.) januar 1918 diskuterte sovjetregjeringa om Den grunnlovgjevande forsamlinga skulle oppløysast. Om kvelden same dagen vedtok den sentrale eksekutivkomiteen mot to røyster at forsamlinga skulle oppløysast. Det endelege dekretet bygde på utkastet til Lenin. s.65

22. Sentralkomiteen i RSDAP diskuterte spørsmålet om krig og fred den 11. (24.) januar 1918. Då hadde fredstingingane med Tyskland alt gått føre seg i ein månad. Trotski og medspelaren hans, Bukharin, stod saman med Radek og Pjatakov i leiinga for ei partifiendsleg gruppe som kalla seg «venstrekommunistane». Desse folka kravde at ein revolusjonær krig skulle halda fram utan å gje etter for den tyske imperialismen. Men dei lei nederlag i sentralkomiteen for det provokatoriske synet sitt. (Sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober 1974, s. 224—225.) s.68

23. Dekretet vart vedteke i Rådet av folkekommissærer 21. februar 1918, og vart offentleggjort i *Pravda* og *Izvestia* dagen etter. Det vart og trykt som særskilt flygeblad. s.78

24. Den 23. februar 1918 vedtok sentralkomiteen å godta dei tyske fredsvilkåra og å skriva under på fredstraktaten. Vilkåra var no hardare enn nokon gong frå tysk side, hardare enn då Trotski den 10. februar hadde brote direktiva frå sentralkomiteen og nekta å underteikna fredstraktaten som lå føre.

Freden av 23. februar vart difor særskilt dyr. Tyskland fekk Latvia og Estland og dessutan Polen. Ukraina vart vidare skilt frå Russland og gjort om til eit tysk lydrike. Russarane måtte og betala tyskarane store skadebøter. s.80

25. «Venstrekommunistane» hadde på denne tida rana til seg makta i distriktskomiteen til kommunistpartiet i Moskva. Bukharin var i leiinga for denne fraksjonen. Seinare kom det fram at Bukharin og Trotski alt ved dette leitet hadde blitt samde om å konspirera mot sov-

jetmakta. «Venstrekomunistane» freista alt dei kunne på å splitta partiet, men den 7. partikongressen stansa dei kontrarevolusjonære planane deira. s.80

26. På eit møte i sentralkomiteen i partiet 21. januar (3. februar) 1918 vart det røysta over spørsmålet om fred med Tyskland. To av «venstrekomunistane» røysta imot at det i det heile var mogleg med fred mellom sosialistiske og imperialistiske land. Fleirtalet av «venstrekomunistane» vedgjekk riktignok at ein slik fred i prinsippet var mogleg, men dei røysta likevel imot å slutta fred med Tyskland straks. s.84

27. *Kommunist* — dagsavis gjeve ut av «venstrekomunistane» frå 5.—19. mars 1918 som «organ for St. Petersburgkomiteen og distriktskomiteen i St. Petersburg av RSDAP». Det kom berre elleve nummer. 20. mars 1918 vart avisa stansa etter vedtak i partikonferansen for Petrograd. Konferansen slo fast at politikken til Petrogradkomiteen slik han kom fram i *Kommunist* var heilt feil, og ikkje i det heile ga uttrykk for haldninga til Petrogradorganisasjonen av kommunistpartiet. Konferansen erklærte at *Petrogradskaia Pravda* og ikkje *Kommunist* i framtida skulle vera organet for partiorganisasjonen i Petrograd. s.93

28. 24. februar vedtok Petrogradsovjetet å stø vedtaket i den sentrale eksekutivkomiteen om at fred var «einaste utvegen i den alvorlege stoda no». Samstundes vedtok dei å gjera det dei kunne for å organisera troppepetog til fronten. s.97

29. På eit møte i Moskvasovjetet 3. mars gjekk fleirtalet inn for fred. På to møte i dei ansvarlege partiorgana i byen dagen etter vart det og fleirtal for å stø politikken til sentralkomiteen i fredsspørsmålet. s.97

30. *Freden i Tilsit*. I juli 1807 slutta Napoleon fred med Russland og Prøyssen. Vilkåra for fred var særskilde harde og audmykjande for Prøyssen. I tillegg til at det mista alle områda vest for Elben, vart Prøyssen faktisk eit okkupert land då dei franske troppane ikkje skulle trekkja seg ut av landet før Prøyssen betalte skadebøter på 100 millionar franc. s.99

31. *Den ekstraordinære sjuande kongressen til RKP(b)* — den fyrste etter sigeren til Oktoberrevolusjonen, vart halden 6.—8. mars 1918 for å slutta fred med Tyskland.

På kongressen deltok 46 delegatar med røysterett og 58 utan. Desse representerte 145 000 partimedlemer. Det verkelege talet på medlemene var om lag det dobbelte, men mange partiorganisasjonar hadde

ikkje fått tid til å velja delegatar eller heldt til på stader som var okkuperte av tyskarane. *s. 100*

32. Her vert det vist til dei store demonstrasjonane i Petrograd 20. og 21. april 1917, etter at utanriksminister Miljukov i den provisoriske regjeringa hadde gjort kjent at Russland ville halda fram med krigen. 21. april demonstrerte 100 000 med bolsjevikane i brodden. Borgarskapet svara på demonstrasjonane med å skipa ei koalisjonsregjering der mensjevikane og dei sosialrevolusjonære vart med. *s. 100*

33. Her vert det vist til demonstrasjonane i Petrograd 3.—4. (16.—17.) juli 1917. Dei tok til som spontane demonstrasjonar mot den provisoriske regjeringa 3. juli, men truga på kort tid med å utvikla seg til ein væpna oppreist. Bolsjevikane var på denne tida mot væpna oppreist av di dei meinte tida ikkje var moden for at provinsane og hæren ville fylgja hovudstaden i oppreisten. Men då oppreisten alt var i ferd med å ta til og massane var svært oppøste, vedtok sentralkomiteen om kvelden 3. juli at dei skulle ta del i demonstrasjonane for å freista gje dei ei meir organisert form.

4. juli demonstrerte ein halv million under parolen «all makt til sovjeta». Demonstrantane vart møtte med soldatar som opna eld mot dei, og etter at oppstanden var knust, vart det sett i gang harde forfylgingar, massearrestasjonar og ransakingar mot dei revolusjonære. Mensjevikane og dei sosialrevolusjonære stødde dei kontrarevolusjonære.

Etter julidagane tok den provisoriske regjeringa full kontroll over landet, og sovjeta vart reduserte til eit hjelpelaust etterslep. Dobbeltmaktas dagar var over, like eins det fredelege stadiet i revolusjonen. For bolsjevikane stod det no att å bu seg på væpna oppreist. *s. 101*

34. *Kornilov-opprøret.* I august 1917 organiserte det russiske borgarskapet og godseigarane ei samansverjing med tsartilhengjaren general Kornilov som leiar. 25. august tok Kornilov til å dra troppar attende frå fronten for å marsjera mot Petrograd. Bolsjevikane oppmoda til motstand, og folket reiste seg mot Kornilov. Arbeidarane i Petrograd skipa væpna raudegarde-avdelingar, og freistnaden på å gjera kontra-revolusjon fall snøgt saman. Kornilov sjølv vart arrestert. *s. 101*

35. Her vert det vist til den defaitistiske haldninga til Kamenev, Sinovjev, Rykov og andre medlemer av sentralkomiteen og sovjetregjeringa, som etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen stødde kravet frå dei sosialrevolusjonære om ei «homogen sosialistisk regjering». (jfr. note 63) *s. 101*

36. *Aprilkonferansen.* Den sjuande allrussiske konferansen til RSDAP(b) vart halden i Petrograd 24.—29. april 1917, og var den

første legale konferansen i historia til partiet. Der møtte i alt 151 ut-sendingar, som representerte 80 000 partimedlemmer. Det vart vedteke å leggja apriltesane til grunn for det vidare arbeidet, og partiet skulle ha som mål å kjempa for at den borgarleg-demokratiske revolusjonen vart utvikla til ein sosialistisk. (Sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Okto-ber 1974, s. 196—200. — *Red.*) s.101

37. Dette argumentet mot å skriva under på fredsvilkåra Tyskland dikterte vart sett fram av «venstrekomunistane» på eit møte medlemer av sentralkomiteen hadde med partiaktivistar den 8. (21.) januar 1918. Osinski hevda at den «tyske soldaten ikkje ville gå med på ein ny offensiv», og Preobrasjenski freista prova at den tyske hæren «ik-ke var teknisk i stand til å rykkja vidare framover, det var vinter, det fanst ingen vegar ...» Lenin avsløra kor galne og skadelege desse argu-menta var i artikkelen sin om at freden måtte sikrast som vart gjort kjend i Pravda den 21. februar 1918. (Sjå Lenin *Samla verk*: «Den re- volusjonære frasen» (1918), band 27, eng. utg., s. 19—29.) s.109

38. Etter at Den andre allrussiske sovjetkongressen hadde vedteke dekretet om freden, gjorde sovjetregjeringa framlegg om våpenstill-stand på alle frontar og fredstingingar straks. Imperialismaktene i ententen nekta å stø dette initiativet, og den aktive opposisjonen deira mot å inngå fred tvinga sovjetregjeringa til å ta til med separate freds-tingingar med Tyskland og dei andre sentralkraftene. Etter føre-handsdrøftingar som førte til våpenkvile, kunne tingingane ta til i Brest-Litovsk 9. (22.) desember 1917. Sovjetregjeringa gjorde fram-legg om ein demokratisk fred utan anneksonar og skadebøter, men 5. (18.) januar sette tyskarane fram krav om at dei skulle få kontroll over Polen, Litauen og delar av Latvia, Estland, Ukraina og Kvite-russland. 8. (21.) januar var det eit møte mellom medlemmer av sentral-komiteen og partiarbeidarar, og der la Lenin fram sitt syn på kvifor Russland laut gå med på ein slik audmykjande fred (sjå «Tesar ...» s. s.38 i dette bandet. Spørsmålet om krig og fred vart diskutert på ei rekkje møte i sentralkomiteen ut gjennom januar og februar. For å unngå at tingingane braut saman, og for å hindra at eventyrpolitikken til «venstrekomunistane» og Trotski vart sett ut i livet, slo sentral-komiteen fast at tingingane skulle dragast ut så lenge som mogleg, og fredsavtalen underteiknast berre dersom tyskarane la fram eit ultima-tum. 27. januar (9. februar) kom ultimatumet om at russarane skulle skriva under på framlegget frå 5. januar. Trotski, som leidde den sov-jetiske delegasjonen, braut likevel dette direktivet frå sentralkomiteen og nekta skriva under på fredsavtalen. I staden la han fram for tyska-rane ei kunngjering om at Russland ville stansa krigshandlingane og demobilisera hæren.

Dette nytta tyskarane som grunnlag for å bryta våpenkvilen. 18. fe-

bruar gjekk dei til offensiv langs heile fronten og truga med å gjera Russland om til ein tysk koloni. Same dagen vedtok sentralkomiteen, etter innstendig oppmoding frå Lenin, at fredsavtalen laut underskrivast. 22. februar la tyskarane fram nye krav, som i tillegg til dei tidlegare gjekk ut på at Russland skulle gje frå seg delar av Latvia og Estland som ikkje var på tyske hender, slutta fred med den ukrainske sentralradaen, dra sovjettroppane ut frå Ukraina og Finland, betala ei stor skadebot, og demobilisera hæren. 23. februar vedtok sentralkomiteen framlegget til Lenin om å slutta fred straks på dei vilkåra tyskarane hadde sett. Den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen og Rådet av folkekommissærar godtok fredsvilkåra 24. februar. 1. mars tok tingingane til att, og 3. mars vart fredsavtalen underskriven.

Revolusjonen i Tyskland i november 1918 styrta keisarstyret, og 11. november vart det våpenkvile også på vestfronten. Sovjetregjeringa kunne då annullera Brest-avtalen. *s.110*

39. Frå november 1917 og utetter til februar 1918 let sovjetregjeringa offentleggjera dei løynlege avtalane og diplomatiske dokumenta mellom tsarregjeringa (og seinare den borgarlege provisoriske regjeringa) og dei imperialistiske maktene. Dei kom fyrst i avisene, seinare i «Samlingar av løynlege dokument frå arkiva til det tidlegare utanriksministeriet» i 7 band. *s.112*

40. Alle medlemer av Den tredje statsdumaen laut skriva under på ein lojalitetseid til tsaren. Dersom dei sosialdemokratiske dumamedlemene nekta å skriva under på eiden, ville dei mista den talarstolen dei hadde i думаen for å mobilisera proletariatet til revolusjonær kamp. Dei skreiv difor under. *s.115*

41. Uttrykket «revolusjon på slagmarka i verdsmålestokk» vart nytta av «venstrekomunisten» Obolenski i «Tesar til spørsmålet om krig og fred», som han la fram for sentralkomiteen 21. januar (3. februar) 1918. Der forklara han at ein revolusjonær krig får ein annan karakter enn tradisjonell krigføring; «Militære aksjonar får karakter av geriljakrig (på line med barrikadekampar) og er blanda med klasseagitasjon.» *s.117*

42. Lenin viser her venteleg til tida mellom 18. februar, då den tyske offensiven tok til, og 28. februar, då Sovjet-sendelaget kom fram til Brest-Litovsk. Den tyske offensiven heldt fram til fredsavtalen var underskriven 3. mars. *s.120*

43. *Revolusjonen i Finland* tok til 27. januar 1918. 29. januar vart den revolusjonære regjeringa skipa. Ho vedtok å gje jordlause bønder (torparane) retten til den jorda dei dyrka, skattefritak for alle dei fattigaste laga av folkesetnaden, å eksproprierar alle føretak der eiga-

rane hadde flydd landet, og å innføra statleg kontroll over private bankar.

Den revolusjonære regjeringa kontrollerte Sør-Finland, men i nord rådde den borgarlege regjeringa til Svinhufvud framleis. Den siste månaden fekk dei kontrarevolusjonære styrkane hjelp frå 12 000 tyske soldatar. Etter ein hard kamp i tre månader vart arbeidarrevolusjonen knust. Tusentals revolusjonære arbeidarar og bønder vart myrda i den kvite terroren som fylgde etter nederlaget. s.121

44. Dette viser til den resolusjonen distriktskomiteen til RSDAP i Moskva vedtok 24. februar 1918. Jfr. artikkelen «Underleg og uhyrleg» i dette bandet, s.80 s.122

45. Artikkelen *Hovudoppgåva i våre dagar* vart gjeven ut i eit eige hefte i mai 1918 saman med «'Venstre'-kommunismen — ein barne-sjukdom». s.126

46. Denne artikkelen vart opphavleg lagd fram som «Tesar om oppgåvene til sovjetmakta slik stoda er no» på møtet i sentralkomiteen 26. april 1918. Sentralkomiteen godtok desse tesane samrøystes, og vedtok at dei skulle offentleggjerast i *Pravda* og *Izvestia* og som eigen brosjyre. Brosjyren kom ut i ti opplag i fleire byar i Russland i 1918 og vart same året omsett til engelsk, fransk og tysk. s.132

47. 18. november (1. desember) 1917 vedtok Rådet av folkekommissærar å setja månadsløna til folkekommissærane til 500 rublar, med eit tillegg på 100 rublar for kvar familiemedlem som ikkje kunne arbeida. Dette samsvara i store drag med gjennomsnittsløna for ein arbeidar. 2. (15.) januar 1918 vedtok Rådet av folkekommissærar at det ikkje skulle setjast grense for betalinga til ekspertar. s.143

48. Alt fyrste tida til sovjetmakta vart det innført statskontroll med utanrikshandelen. Kontrollen viste seg utilstrekkelig for å verna sovjetøkonomien frå utanlandsk kapital, og Lenin gjorde i desember 1917 framlegg om statsmonopol på utanrikshandelen. Det vart vedteke 22. april 1918. s.147

49. I dei fyrste månadene til sovjetmakta var skadebøter og særskattar ei av dei viktigaste inntektskjeldene til staten, særleg i provinsane. Etter kvart som sovjetmakta fekk betre fotfeste, vart det drøfta korleis eit fast skattesystem skulle byggjast opp. Grunnprinsippet skulle vera ein sterkt progressiv inntektsskatt og ein formuesskatt, slik at skattebørerne i hovudsak vart lagde på dei velståande laga av folkesetnaden. 17. juni 1918 vart dette vedteke. s.148

50. *Dekretet om kooperative forbrukarlag* vart offentleggjort i *Pravda* 13. april 1918, like etter at det var vedteke av regjeringa og godkjent av den sentrale eksekutivkomiteen. Fyrste utkastet til dekretet var skrive av Lenin og offentleggjort i *Izvestia* 1. februar. Det møtte sterk motstand frå borgarlege kooperatørar, som ville at dei kooperative laga skulle vera uavhengige av sovjetorgana. Rådet av folkekommissærar ynskte å bruka det eksisterande kooperative apparatet til rekneskapsførsel og kontroll med fordelinga av matvarer, og gav ei rekkje konsesjonar til dei borgarlege kooperatørane under tingingane i mars og april 1918, før det endelege dekretet vart vedteke. s. 150

51. Dei fyrste føresegnene om arbeidsdisiplinen vart arbeidde ut av sovjet-fagforeiningane i samarbeid med organ for leiinga i verksemdene, og seinare drøfta inngåande i Det øvste økonomiske rådet. 3. april 1918 vedtok Det allrussiske sentralrådet for fagforeiningane føresegnene om arbeidsdisiplinen der det heiter at streng regulering av den indre styringa skal innførast i alle statseigde verksemdar, at det skal innførast produksjonskvotar og rekneskap for arbeidsproduktiviteten, at det skal innførast akkordarbeid og eit bonussystem for å overstiga produksjonskvotane, og at det skal takast strenge åtferder mot den som bryt arbeidsdisiplinen. Mellom dei fyrste som sette føresegnene ut i livet, var metallarbeidarforbundet. s. 154

52. Etter Oktoberrevolusjonen vart akkordsystemet nesten overalt sett til side til fordel for eit system med betaling etter arbeidstid. Dette hadde uheldige verknader for arbeidsproduktivitet og arbeidsdisiplin.

Innføring av akkord, som kom nærast opp til det sosialistiske prinsippet «til kvar etter arbeid», tok til i dei verksemdene som var fyrst nasjonaliserte. I tida med pusteromet vart akkord innført i store delar av industrien. T.d. gjekk ein fjerdedel av arbeidarane i Petrograd over til akkord fram til juli 1918. Akkordprinsippet vart endeleg knesett då arbeidslova vart kunngjort i desember 1918. s. 154

53. *Taylorssystemet*. Den amerikanske ingeniøren Taylor sette rundt hundreårsskiftet i gang vitskaplege studiar av arbeidsprosessen i industriverksemdar for å auka produktiviteten og dermed utbyttinga. Taylorssystemet er rasjonaliseringstiltaket han ga namnet til. s. 154

54. Det borgarlege lovverket gav høve til å halda alle opplysningar om produksjon, handel og finanstransaksjonar i dei privatkapitalistiske verksemdene løynde. Etter Oktoberrevolusjonen vart handelsløyndomane avskaffa ved føresegnene om arbeidarkontroll 14. (27.) november 1917.

Lenin om handelsløyndomar, sjå band 7, s. 138—133. s. 156

55. Dette viser til dekretet «Om sentralisering av styringa, vern av vegane og forbetring av transportkapasiteten deira», som vart vedteke i Rådet av folkekommissærar 23. mars 1918. Den allrussiske eksekutivkomiteen av jarnbanearbeidarar som stod under sterk innverknad frå mensjevikar og sosialrevolusjonære, sette seg imot dekretet av di dei meinte det ville undergrava makta til eksekutivkomiteen og «byta han ut med den individuelle autoriteten til ein kommissær». Denne motstanden fekk Lenin til å skjerpa innhaldet i dekretet, som hadde til føremål å få bort all sabotasje og mangel på effektivitet på jarnbanane. s.164

56. *Vperjod* (Framover) — mensjevikisk dagsavis som kom ut i Moskva frå mars 1917. Frå 2. april 1918 hovudorgan for mensjevikane. Vart stogga på grunn av kontrarevolusjonær verksemd i februar 1919. s.167

57 *Nasj Vek* (Vår tid) — hovudorgan for det kontrarevolusjonære kadettpartiet (dei konstitusjonelle demokratane), *Retsj* (Talen) som vart forbode 26. oktober (8. november) 1917. Avisa kom deretter ut under ulike namn fram til august 1918: *Nasja Retsj*, *Svobodnaja Retsj*, *Vek*, *Novaja Retsj*, *Nasj Vek*. s.167

58. Tsjernisjevski skildrar haldninga Turgenjev hadde til han og Dobroljubov i 1860-åra i artikkelen «Eit uttrykk for takksemd», *samla verk* bd. 10 s. 122 f. Moskva 1951. s.173

PERSONREGISTER

ABRAMOVITSJ, (Rein) Rafail (1880—1963): Ein av leiarane for Bund, ein jødisk småborgarleg nasjonalistisk organisasjon. Etter Oktoberrevolusjonen gjekk han imot bolsjevikane og gjorde seg til talsmann for ei koalisjonsregjering der mensjevikar og sosialrevolusjonære skulle ta del. Han var og imot freden i Brest. I 1920 emigrerte han til Tyskland. s.33

AVKSENTJEV, Nikolai Dmitriitsj (1878—1943): Ein av dei høgresosialrevolusjonære leiarane. Etter februarrevolusjonen i 1917 var han medlem i eksekutivkomiteen i Petrogradsovjetet av utsendingar for arbeidarane og soldatane, og formann i eksekutivkomiteen for det allrussiske rådet for bondeutsendingar. I juli-august 1917 var han innanriksminister i Kerenski-regjeringa. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen vart han ein av dei som organiserte kontrarevolusjonære og anti-sovjetiske handlingar. Etter det vart han «kvit» emigrant. s.21,66,101

BELINSKI, Vissarion Grigorievitsj (1811—1848): Framstående russisk revolusjonær demokrat, kritikar, skribent og materialistisk filosof. Verksemda hans fekk mykje å seia for utviklinga av samfunns-ideane og fridomsrørsla i Russland. s.53

BELORUSSOV, Aleksei Stanislavovitsj (Belevsky) (1859—1919): Borgarleg forfattar og politikar. I 1918 skreiv han ei rekkje med lygn-artiklar mot Sovjetregjeringa. s.159

BOGAJEVSKI, Mitrofan Petrovitsj (1881—1918): Kontrarevolusjonær leiar som organiserte borgarkrigen mot sovjetmakta i Dondistrikket. Han vart slegen og overgav seg våren 1918. s.135,141,169

BUKHARIN, Nikolai Ivanovitsj (1888—1938): Medlem av Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti (RSDAP) frå 1906. Under fyrste verdskrigen gjekk han imot Lenin i spørsmålet om imperialismen, staten og den nasjonale sjølvråderetten. I 1917 hevda han at det var umogleg for den sosialistiske revolusjonen å kunna sigra i Russland.

Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen gjekk han fleire gonger mot generallinja til partiet. I 1918 var han leiar for anti-partigruppa av «venstrekommunistar». I 1920—21 stødde han Trotski i diskusjonen om fagforeiningane og frå 1928 var han ein av leiarane for høgrevviket i partiet. I 1937 vart han ekskludert frå partiet for anti-parti-verksemda si. s.94ff.

CAVAIGNAC, Louis Eugene (1802—1857): Fransk general og borgarleg politiskar. Forsvarsminister frå mai 1848. Som forsvarsminister fekk han diktatorisk makt til å slå ned junioppbreisten som Parisarbeidarane starta i 1848, og han gjorde det med blodig villskap. s.160

DAN, Fjodor Ivanovitsj (1871—1947): Ein av leiarane for mensjevikanane, sosialsjavinist under fyrste verdskrigen. Etter februarrevolusjonen i 1917 var han medlem av eksekutivkomiteen i Petrogradsovjettet der han stødde den borgarlege provisoriske regjeringa. Då Oktoberrevolusjonen sigra vart han aktiv i kampen mot sovjetmakta. I 1922 vart han vist ut av landet for den kontrarevolusjonære verksemda si. s.21

DOBROJUBOV, Nikolai Aleksandrovitsj (1836—1861): Russisk revolusjonær demokrat, framståande litteraturkritikar, materialistisk filosof. s.173

DUTOV, Aleksander Iljitsj (1864—1921): Oberst i generalstaben til tsarist-hæren, ataman (d.e. leiar) for kosakkhæren i Orenburg. Frå 1917—20 organiserte han ei rekkje kontrarevolusjonære aksjonar mot sovjetmakta i Ural. s.141,167,169

FEOFILAKTOV, A. Y.: Venstresosialrevolusjonær. Etter Oktoberrevolusjonen var han delegat på den ekstraordinære kongressen av sovjet av bonderepresentantar og medlem av kollegiet i folkekommissariatet for jordbruk. s.37

GEGETSJKORI, Jevgeni Petrovitsj f. 1879: Mensjevik, formann for den kontrarevolusjonære regjeringa i Transkaukasus frå november 1917, seinare utanriksminister og viseformann i den mensjevikiske grusiske regjeringa. Etter at sovjetmakta vart oppretta i Grusia i 1921 vart han kvite-emigrant. s.141f.,162,167,169

GOGOL, Nikolai Vasilevitsj (1809—52): Russisk forfattar. Debuterte med ei rekkje merkelege og fargerike fantasihistorier frå Ukraina. Skreiv komediar og humoristiske satirar over korrupsjonen i det russiske byråkratiet. Gogol var grunnleggjar av realismen i den russiske litteraturen. I hovudverket sitt «Døde sjeler» skildrar han tilhøva for dei fattige bøndene undertrykt av liveigenskapen. På slutten av livet vart han religiøs grublar og ga opp skrivinga. s.53

GOTZ, Abram Rafailovitsj (1882—1940): Ein av leiarane for dei sosialrevolusjonære, fekk i stand terrorhandlingar og væpna kamp mot sovjetmakta etter Oktoberrevolusjonen. s.141,158,162,167,169

HINDENBURG, Paul von (1847—1934): Tysk general og president. Øvstkommanderande på austfronten 1914—16, generalstabssjef og leiar for alle tyske stridskreftene 1916—18. Vart i 1925 vald til president i Tyskland. Attvald 1932 med Hitler som motkandidat. Året etter utnemnde han Hitler til rikskanslar. Var sjøl av junkerslekt (gods-eigar), og fremja interessene til junkerane som president.

HOFFMANN, Max (1869—1927): Tysk general, generalstabssjef på austfronten frå 1916, og militær rådgjevar under tingingane med den revolusjonære russiske regjeringa i Brest-Litovsk 1917—18. Fekk avskil i 1919, då han nekta å godta Versaillesfreden. s.118,122ff.

KALEDIN, Aleksei Maksimovitsj (1861-1918): Tsaristisk general, kosakkleiar. Sist på 1917 og fyrst på 1918 vart han ein av leiarane for den monarkistiske kontrarevolusjonen, og han organiserte borgarkrigen mot sovjetstyret i landet kring Don. Tok livet sitt etter at han vart slegen. s.11,33,41,43,104f.

KAMENEV, Leo Borisovitsj (Rosenfeld) (1883—1936): Tok del i den russiske sosialdemokratiske rørsle frå 1901 og slutta seg til bolsjevikane etter RSDAPs 2. kongress i 1903. I reaksjonsåra (1907—10) stod han på ei forsoningsline overfor likvidatorane, otsovistane og trotskistane. Etter februarrevolusjonen i 1917 gjekk han imot apriltesane til Lenin og vegen mot den sosialistiske revolusjonen. I oktober 1917 sveik han saman med Sinovjev vedtaket til sentralkomiteen om å setja i gang den væpna oppstanden. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen sette han seg gong på gong imot den leninistiske politikken til partiet. I 1925 organiserte han og Sinovjev den «nye opposisjonen» mot oppbygginga av sosialismen og 1926 var han aktiv i den trotskistisk-sinovjevske kapitulantlyokkka. Han vart ekskludert frå partiet i 1934 for anti-parti-verksemda si. s.30,32

KAMKOV, B.D. (Katz) (1885—1938): Ein av leiarane for det venstre-sosialrevolusjonære partiet, tok del i organiseringa av snikmordet på den tyske ambassadøren i Moskva og i den venstre-sosialrevolusjonære oppreisten i Moskva i juli 1918. Seinare emigrerte han. s.30

KARELIN, V.A. (1891—1938): Ein av grunnleggjarane av det venstresosialrevolusjonære partiet, leiar for det oppreisten til dei venstresosialrevolusjonære i juli 1918. s.30

KAUTSKY, Karl (1854—1938): Ein av leiarane og teoretikarane i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. Han var fyrst marxist og arbeidde med å gje ut dei etterletne verka til Marx og Engels. Kritiserte Bernsteins revisjonisme i 1890-åra. Seinare renegat og teoretikar for ein avart av opportunismen, nemleg sentrismen (kautskyanismen). Han vende seg mot dei revolusjonære under den fyrste verdskrigen og stødde borgarskapet i krigen. Han kjempa mot bolsjevikane under Oktoberrevolusjonen og vart ein leiande fiende av den sosialistiske Sovjetstaten. Sjå Lenin, *Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky* (1918), Forlaget Oktober 1975 og «Imperialismen», (1916), *Utvalgte verker*, b. 6, Forlaget Oktober 1976. s.36

KERENSKI, Aleksander Fjodorovitsj (1881—1970): Sosialrevolusjonær. Med i den borgarlege provisoriske regjeringa i Russland frå februar 1917, og leiar for ho frå juli 1917. Førte ein anti-folkeleg politikk ved å halda fram med den imperialistiske krigen. Han let storborgarskapet og godseigarane halda på makta og undertrykte revolusjonen. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen levde han i utlandet. s.11,33,38,66,101,105,110,115,135ff.,141,152,154,158,167

KISJIKIN, Nikolai Mikhailovitsj (1864—1930): Leiar for kadettane, nett før Oktoberrevolusjon tok til vart han oppnemnd til diktator i Petrograd for å slå ned bolsjevikane. Etter revolusjonen kjempa han aktivt mot sovjetmakta. s.135

KORNILOV, Lavr Georgivitsj (1870—1918): Tsaristisk general, monarkist, kommandant for Petrograd militærdistrikt frå mars 1917, leiar for ein kontrarevolusjonær oppstand (Kornilov-oppstanden). Etter Oktoberrevolusjonen kommanderte han kvitegarden «Den frivillige hæren». s.11,32ff.,101f,110,115,150ff.,169

KRASNOV, Pjotr Nikolajevitsj (1869—1947): Tsaristisk general, ein av leiarane for Kornilov-oppstanden i august 1917. I november 1917 kommanderte han over troppane som Kerenski sende mot Petrograd. I 1918—19 var han leiar for den kvite kosakhæren ved Don. I 1919 rømte han til Tyskland der han heldt fram med den kontrarevolusjonære anti-sovjetiske verksemda si. s.102,141

KRYLENKO, Nikolai Vasiljetvitsj (1885—1940): Bolsjevik frå 1904, tok aktivt del i den revolusjonære rørsle og Oktoberrevolusjonen, fleire gonger arrestert og send i eksil. Den 8. november 1917 kom han med i leiinga av Rådet av folkekommissærar som medlem av militærkomiteen, vart seinare øvstkommanderande. s.71

LIEBKNECHT, Karl (1879—1919): Framstående leiar for tysk og internasjonal arbeidarrørsle. Han var mellom dei få som gjekk klårt imot den sosialsjåvinistiske politikken til det tyske sosialdemokratiet

då fyrste verdskrigen braut ut i 1914. Han røysta imot løyvingar til krigen i Riksdagen og vart ekskludert frå den sosialdemokratiske riksdagsgruppa. Som internasjonalist og leiari i Spartakusforbundet kravde han at dei kontrarevolusjonære troppane skulle avvæpnast og proletariatet væpnast. I januar 1919 braut Spartakusforbundet med sosialdemokratane og oppretta Tysklands kommunistiske parti. 15. januar 1919 vart Liebknecht myrda av kontrarevolusjonære. *s.110,118*

LOMOV (Oppokov, G.I.) (1888—1938): Medlem av RSDAP frå 1903, bolsjevik. Etter februarrevolusjonen 1917 var han med i Moskvakomiteen av RSDAP(b), vart folkekommissær for rettsapparatet etter Oktoberrevolusjonen. Under fredstingingane i Brest var han «venstre kommunist». Viseformann i Det øvste økonomiske rådet (1918—21), etter det viseformann for statsplanleggingskommisjonen i USSR. *s.95f.*

MARTOV, L. (Tsederbaum, Juli Osipovitsj) (1873—1923): Mensjevikleiar. Leiari for det opportunistiske mindretalet på den andre kongressen til RSDAP (1903) under fyrste verdskrigen var han sentrist. Etter Oktoberrevolusjon fiendsleg mot sovjetregjeringa. I 1920 emigrerte han til Tyskland. *s.33,158ff.,173*

MILSUTIN, Vladimir Pavlovitsj (1884—1938) russisk sosialdemokrat, skribent og økonom, mensjevik etter RSDAP's andre kongress i 1903. Medlem av bolsjevikpartiet frå 1910. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen vart han folkekommissær for jordbruket, men trekte seg frå Rådet av folkekommissærar saman med Nogin og andre 17. november 1917. *s.30*

NAPOLEON I (1769—1821) (Napoleon Bonaparte): Frå Corsica. *N.* var offisersutdanna og gjorde karriere i den franske revolusjonshæren. Førte så ei rekkje hærtog utanfor Frankrike (Austerrike, Egypt, Italia). Gjorde statskupp og utnemnde seg sjølv til «fyrstekonsul» i november 1799, og i 1804 let han seg utropa til keisar. Under leiing av Napoleon låg Frankrike i krig med Austerrike, England og Russland mest samanhangande frå 1799 til 1814, då Napoleon vart tvinga til å gå av. Ein freistnad på å ta makta att i 1815 leid endeleg nederlag i slaget ved Waterloo.

N. moderniserte hæren og bygde det franske statsapparatet kraftig ut. Han grunnfesta diktaturet til borgarskapet i Frankrike. *s.87,98f.,122,129*

NIKOLAI II (Romanoff) (1868—1918): Den siste russiske tsaren (1894—1917). *s.113*

NOGIN, Viktor Pavlovitsj (1878—1924): Medlem av RSDAP fra 1898. Etter februarrevolusjonen 1917 var han formann i Moskvasov-

jetet av arbeidarrepresentantar. På Den andre allrussiske sovjetkongressen vart han vald til folkekommissær for handel og industri. Han trekte seg ut av sentralkomiteen i partiet og av Rådet av folkekommissærar av di han ville ha ei koalisjonsregjering der både mensjevikar og sosialrevolusjonære skulle ta del. Seinare korrigerste han desse feilaktige synspunkta sine og frå 1922 var han leiar for tekstilindustrien. s.30

OBOLENSKI (Osinski, Valerian Valerianovitsj) (1887—1938): Økonom og skribent, formann for Det øvste økonomiske rådet etter Oktoberrevolusjonen og fram til 1918. «Venstrekomunist» då det vart slutta fred i Brest, aktivt medlem i den opportunistiske gruppa av «demokratiske sentralister» (1920—1921). s.95

POKROVSKI, Mikhail Nikolajevitsj (1868—1932): Historikar og politiskar, medlem av RSDAP frå 1905, visefolkekommissær for utdanning (1918—1932). «Venstrekomunist» då det vart slutta fred i Brest. s.96f.

PURISJKEVITSJ, Vladimir Mitrofanovitsj (1870—1920): Russisk storgodseigar, monarkist og reaksjonær. Han danna dei såkalla svartte hundre i åra 1905—1907 for å slå ned den revolusjonære rørsla. Under den framande militære intervensjonen mot Sovjetrepublikken organiserte han den innanlandske kontrarevolusjonen. s.33

RADEK, Karl Bergardovitsj (1885—1939): Frå byrjinga av nittenhundretalet var han med i den sosialdemokratiske rørsla i Galicia, Polen og Tyskland. Internasjonalist under den fyrste verdskrigen, med somme tilvik til sentrisme. Han hadde eit rangt syn på den nasjonale sjølvråderetten. Gjekk inn i bolsjevikpartiet i 1917, «venstrekomunist» då Brest-Litovsk-traktaten vart underteikna mellom Sovjet-Russland og Tyskland. Frå 1923 aktivt med i Trotskiopposisjonen, og vart ekskludert frå partiet for det på den 15. kongressen til SUKP(b) i 1927. Vart teken inn att i 1930, men vart ekskludert att i 1936 og dømd for handlingar retta mot partiet. s.94f.

RASPUTIN, Grigori Jefimovitsj (1872—1916): Favoritten til Nikolai II og keisarinna, Aleksandra Fjodorovna. Han var fødd bondeson og fann seg ein plass i hoffet av di han skulle vera «synsk». Han fekk stor innverknad på statsstyret. Rasputin-epoken synar klårt den moralske korrupsjonen mellom herskarklikkane i tsar-Russland. s.113

RYKOV, Aleksei Ivanovitsj (1881—1938): Medlem av RSDAP frå 1899, stod på ei forsoningsline overfor likvidatorane, trotskistane og otsovistane. Etter februarrevolusjonen i 1917 gjekk han imot vegen partiet sette opp for den sosialistiske revolusjonen. Han hadde fleire viktige stillingar etter Oktoberrevolusjonen, men gjekk gong på gong imot den leninistiske politikken til partiet. I november 1917 ville han

ha ei koalisjonsregjering med mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære. I 1928 var han saman med Bukharin leiar for høgreavviket i partiet. I 1937 vart han ekskludert for handlingane sine retta mot partiet. s.30

SAVINKOV, Boris Viktorovitsj (1897—1925): Ein av dei sosialrevolusjonære leiarane, han førte ein aktiv kamp mot sovjetmakta og organiserte fleire kontrarevolusjonære oppreistar og samansverjingar. s.34, 141f., 162

SCHEIDEMANN, Phillip (1865—1927). Ein av leiarane for den ekstreme høgrefløya i det tyske sosialdemokratiet. Leiar for den tyske borgarlege regjeringa frå februar til juni 1919. Undertrykte arbeidar-rørsla brutalt. s.173

SINOVJEV, Grigori Jevsejevitsj (Radomislski) (1883—1936) med i den sosialdemokratiske rørsla frå 1901, bolsjevik i 1903 etter RSDAPs 2. kongress. Stod på ei forsoningsline overfor likvidatorane, otsovistane og trotskistane under reaksjonsåra 1907—1910. Internasjonalist under fyrste verdskrigen. Saman med Kamenev sveik han vedtaket i sentralkomiteen om å setja i gang ein væpna oppstand. I 1925 organiserte han den «nye opposisjonen» og var ein av leiarane for den trotskistisk-sinovjevske blokka. Han vart ekskludert frå partiet i 1934 for anti-parti-verksemda si. s.30ff.

SPIRO: Ein av leiarane for det venstresosialrevolusjonære partiet. Han arbeidde i Ukraina og var ekstraordinær kommissær på den rumenske fronten i 1918. s.30

STOLYPIN, Pjotr Arkadjevitsj (1862—1911): Tsaristisk statsmann og storgodseigar. Regjeringssjef og innanriksminister 1906—1911. Namnet Stolypin er knytt til dei brutale reaksjonsåra 1907—10. Han gjennomførte ein jordreform som favoriserte dei rike kulakkane og ruinerte dei fattige på landsbygda. s.115

STUKOV, Innokenti Nikolajevitsj (f. 1887): Med i RSDAP frå 1905, bolsjevik. Under fredstingingane i Brest etter fyrste verdskrigen var han «venstrekomunist». I 1920-åra arbeidde han med å byggja opp dei statlege planleggingsorgana og var redaktør av fleire tidsskrift og blad. s.95

TSERETELI, Irakly Georgivitsj (1882—1959): Mensjevikleiar, sentrist under fyrste verdskrigen. Etter februarrevolusjonen vart han post- og telegrafminister i den borgarlege provisoriske regjeringa, og innanriksminister etter hendingane i juli. Leiar for anti-sovjetblokka i Den grunnlovgevande forsamlinga som kom saman etter Oktoberre-

volusjonen. Han var ein av leiarane i den kontrarevolusjonære men-sjevikiske regjeringa i Grusia. «Kvit» emigrant etter at sovjetmakta vart oppretta i Grusia. s.135,160

TSJERNISJEVSKI, Nikolai Garilovitsj (1828—1889): Framstående russisk revolusjonær demokrat, utopisk sosialist. Forfattar og litteraturkritikar, materialistisk filosof. Leiar for den revolusjonære demokratiske rørsla i Russland på 1860-talet, arrestert i 1862 og dømd til straffarbeid i 7 år og send til Sibir på livstid. Han vende fyrst tilbake til Russland i 1883. s.173

TSJERNOV, Viktor Mikhailovitsj (1876—1952): Ein av leiarane og teoretikarane i det sosialrevolusjonære partiet. Etter februarrevolusjonen i 1917 vart han jordbruksminister i den borgarlege provisoriske regjeringa. Han organiserte harde straffetokt mot bønder som tok godseigarjord. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen var han ein av hovudmennene i anti-sovjetiske opprør. I 1920 drog han til utlandet og heldt fram med dei anti-sovjetiske handlingane sine derfrå. s.66,75,135,160

TURGENJEV, Ivan Sergejevitsj (1818—1883): Russisk forfattar med liberale politiske synsmåtar. - s.173

URITSKY, Moisei Solomonovitsj (1873—1918): Aktiv deltakar i Oktoberrevolusjonen, «venstrekomunist» under fredstingingane i Brest. På den 7. kongressen til RSDAP(b) vart han vald som kandidatmedlem til sentralkomiteen. I 1918 vart han formann i Den ekstraordinære kommisjonen i Petrograd og kjempa nådeløst mot dei kontrarevolusjonære. 30. august 1918 vart han myrda av dei sosialrevolusjonære. s.96


WILHELM II (Hohenzollern) (1859—1941): Tysk keisar og konge av Prøyssen (1883—1918). s.17,20,98

LENIN

UTVALGTE VERKER I 12 BIND

Om Marx
Hva er folkevennen?

Stalin om Lenin og leninismen



LENIN

UTVALGTE VERKER I 12 BIND

Hva må gjøres?
Brennende spørsmål
for bevegelsen vår

Oktober

2



LENIN

UTVALGTE VERKER I 12 BIND

Oktober

A black and white portrait of Vladimir Lenin, showing him from the chest up, looking slightly to the right with his hand near his face.

Stolypin-
reaksjonen
Mensjeviker
og bolsjeviker
Oppsvinget i
arbeiderbevegelsen

**Om nasjonenes rett
til sjølbestemmelse**


5

Februar 1908 - Juni 1914

LENIN

UTVALGTE VERKER I 12 BIND

**Imperialismen,
det høyeste stadiet
i kapitalismen
og andre
artikler**



Vil du vita kva oppgåver som venta proletariatets diktatur då det var oppretta i eit land for fyrste gong i historia? I boka om «*Gjennomføringa av den sosialistiske Oktoberrevolusjonen*» kan du fylgja med i hendingane heilt frå sjølvte revolusjonsdagen 25. oktober 1917 i Petrograd og fram til revolusjonen hadde sigra over heile Russland i april 1918.

Landet var utpint etter tre års krig. Den tyske imperialistiske hæren hadde okkupert store russiske område og sette i gang nye offensivar for å vinna meir land. Skulle det først ein «revolusjonær krig» frå sovjetmakta mot dei tyske inntrengjarane, eller skulle ein gå inn for fred, jamvel på audmykjande vilkår? Lenin syner kvifor lina til trotskistane om «revolusjonær krig» utan kompromiss ville vera det reine sjølvmordet i denne situasjonen. Han forklårer kvifor det var heilt naudsynt med fred for å få til eit pusterom. Berre då kunne den sosialistiske oppbygginga ta til.

I den viktige artikkelen «*Dei næraste oppgåvene for sovjetmakta*» kan du lesa korleis Lenin tenkte seg organiseringa av det sosialistiske samfunnet som arbeidarane og bøndene no skulle læra seg å administrera i hard strid med indre og ytre klassefiendar.

LENIN UTVALGTE VERKER

Gjennomføringa av den sosialistiske Oktoberrevolusjonen er band 9 i Lenin-serien *Utvalgte verker i 12 bind* frå Forlaget Oktober. Lenins skrifter er ein del av sjølvte grunnlaget for den revolusjonære teorien til arbeidar-klassen, difor høyrer desse 12 banda heime i bokhylla hos alle klassemedvitne arbeidarar og andre revolusjonære.



ISBN 82-7094-977-9

Pris kr. 32,-